



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Kommunestyret
Møtestad: 1. etg., Volda samfunnshus
Dato: 21.06.2018
Tid: 14:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentlig ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.

Jørgen Amdam
ordfører



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 80/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 81/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 82/18	Tilstandsrapport Voldaskulen 2017-2018
PS 83/18	Austefjord barnehage
PS 84/18	Volda kommune - Tertialrapport 1 2018
PS 85/18	Finansrapportering 2018 - 1. tertial
PS 86/18	Nytt investeringsprosjekt for prosjektering og seinare bygging av infrastruktur kring Volda Campus Arena
PS 87/18	Symjebasseng i sentrum i Volda kommune – Analyserapport
PS 88/18	Gbr 19/822 Tilbod om kjøp av eigedom Storgata 16
PS 89/18	Grendautvala i Volda kommune 2018
PS 90/18	Orienteringssaker
OS 32/18	Orientering om kommunereforma
OS 33/18	Volda-tunnel bomløyningar
OS 34/18	Status for gjennomføring av tilrådingar i forvaltningsrevisjonsprosjekt - Tidleg innsats
PS 91/18	Delegerte saker frå avdelingane
DS 95/18	Løyve til endring Gbr 11/7
DS 96/18	Løyve til endring Gbr 17/241
DS 97/18	Løyve til endring Gbr 17/242
DS 98/18	Løyve til tiltak, garasje og tilbygg Gbr 19/933
DS 99/18	Løyve til tiltak, garasje Gbr 19/520 og 19/815
DS 100/18	Løyve til endring gbr 19/1006
DS 101/18	Løyve til tiltak, reiskapsbod Gbr 21/47
DS 102/18	Løyve til tiltak, garasje Gbr 21/165



VOLDA KOMMUNE

DS 103/18	Ferdigattest, bustad Gbr 21/158
DS 104/18	Rammeløyve, tilbygg Gbr 22/4/2
DS 105/18	Ferdigattest, sandlager Gbr 30/185
DS 106/18	Løyve til tiltak, fritidsbustad i Brundalen Gbr 86/18
DS 107/18	Ferdigattest, hytte på Dansen Gbr 135/1
DS 108/18	Løyve til tiltak, klokketårn ved fyrmuseum Gbr 146/41

Gruppemøte

Måndag 18.06.18

AP	kl. 18:00-20:00	Møterom Dalsfjorden
V	kl. 20:00-22:00	Møterom Dalsfjorden
KRF	kl. 19:30-21:30	Møterom Voldsfjorden
SP	kl. 19:30-21:30	Møterom Austefjorden
MDG	kl. 20:00-22:00	Biblioteket

Tysdag 19.06.18

H	kl. 17:30-19:30	Møterom Austefjorden
FRP	kl. 17:00-22.00	Møterom Voldsfjorden

Onsdag 20.06.18

SV	kl. 18.00-20.00	Møterom Voldsfjorden
----	-----------------	----------------------

PS 80/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 81/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Håvard Strand

Arkivsak nr.: 2018/1107

Arkivkode:

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
26/18	Tenesteutval for oppvekst og kultur	13.06.2018
82/18	Kommunestyret	21.06.2018

TILSTANDSRAPPORT VOLDASKULEN 2017-2018

Handsaming:

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik orienterte og svarta på spørsmål.

Røysting:

Samrøystes tilråding i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 13.06.2018 til kommunestyret

Tilstandsrapporten Voldaskulen 2017-2018 vert teken til vitende.

Administrasjonen si tilråding:

Tilstandsrapporten Voldaskulen 2017-2018 vert teken til vitende.

Vedleggsliste:

Tilstandsrapporten Voldaskulen 2017-2018

Uprenta saksvedlegg:

Opplæringslova

Kvalitetsplanen, sektor for opplæring og oppvekst 2017-2020

Samandrag av saka:

Tilstandsrapporten stettar krava opplæringslova set for rapporten, og han er i tillegg meint å vere noko meir opplysende om aktiviteten i grunnskulen enn berre å fokusere på resultat. Rapporten omhandlar dei samla resultatata for Voldaskulen, medan resultatata for den einsskilde

skule er til handsaming i samarbeidsutvala på skulane. Slik får politikarane som er medlemer i samarbeidsutvala god innsikt i drifta og resultat på dei einskilde skulane.

Saksopplysningar/fakta:

Det er fastsett i opplæringslova og privatskolelova at skuleeigar pliktar å årleg utarbeide ein rapport om tilstanden i opplæringa. Det er vidare fastsett i Volda kommune sitt forsvarlege system, pkt 4.4, at rådmannen har ansvar for å førebu eit politisk saksframlegg der tilstandsrapporten er grunnlaget for saksframlegget.

I Stortingsmelding nr 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit medvite og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte. Dei heiter også i stortingsmeldinga at det ikkje er alle sider ved kvaliteten i skulen som let seg måle. Ei rekke mål for den norske skulen, som t.d verdiar og haldningar, vert ikkje målt i undersøkinga.

Desse har ansvar for å utarbeide ein årleg tilstandsrapport:

- Kommunar
- Fylkeskommunar
- Private grunnskular som er godkjende etter oppl.1 §2-12
- Private skular med rett til statstilskot

Rapporten om tilstanden i opplæringa

Rapporten om tilstanden i opplæringa (tilstandsrapporten) skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø.

Den årlege rapporten skal drøftast med skuleeigaren, dvs kommunestyret, fylkestinget eller den øvste leiinga ved dei private grunnskulane (jf oppl.lova §13-10, andre ledd).

Det følgjer av forarbeida til føresegnene – Ot.prp. nr 55 (2008-2009) s 24, at det skal vere mogleg å tilpasse arbeidet med å utarbeide ein årleg tilstandsrapport til det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hjå skuleeigaren.

Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem

Tilstandsrapporten er eit sentralt element i det nasjonale kvalitetsvurderingssytemet. Regjeringa har fastsett mål knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø som grunnlag for å vurdere kvaliteten i grunnopplæringa, jf St.meld nr 31 (2007-2008)

Krav til innhald i tilstandsrapporten

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men kan byggast ut med annan omtale som skuleeigaren meiner er føremålstenleg ut frå lokale behov. Det er data frå Skoleporten som hovudsakleg skal brukast som grunnlag for skuleeigaren si vurdering av tilstanden.

Det følgjer av Ot.prp. nr 55 (2008-2009) s 24, at tilstandsrapporten skal innehalde vurderingar knytt til opplæringa av barn, unge og vaksne. Dei data som er tilgjengelege i Skoleporten, inneheld ikkje særskilde data om vaksne, dvs deltakarar som får opplæring etter kap 4A i opplæringslova. I vurderinga av om rettane til vaksne blir tekne vare på når det gjeld områda læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, må skuleeigaren difor bruke andre kjelder for datainnhenting.

I St.meld nr 16 (2006-2007) går det fram at tidleg innsats er vesentleg for å betre ferdigheiter og fagleg utvikling hos elevane. Kartlegging av ferdigheitsnivået til elevane må følgast opp

med tiltak for dei som har behov frå første stund. Her er det sentralt korleis vi best mogleg greier å utnytte den samla ressursen skulane rår over, slik at den ordinære, tilpassa undervisninga blir best mogleg. På same tid skal dei elevane som har rett til spesialundervisning få dette med så god kvalitet som mogleg. Dei data som er tilgjengelege i Skoleporten inneheld ikkje data om spesialundervisning, og skuleeigaren må difor også på dette området bruke andre kjelder for datainnhenting.

Skuleeigaren står elles fritt til å utvide innhaldet i tilstandsrapporten.

Det generelle systemkravet

Den plikta skuleeigaren har til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i opplæringa, er ein del av oppfølgingskravet knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf oppl.lov §13-10, andre ledd, og privatskolelova §5-2, tredje ledd. Ver merksam på at kravet til internkontroll omfattar alle pliktene som ligg til skuleeigaren etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er difor vidare enn det tilstandsrapporten dekkjer.

Volda kommune har utarbeidd eit forsvarleg system etter oppl.lov §13-10.

Personvern

Tal som blir lasta direkte inn frå Skoleporten, kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan vere teiepliktige opplysningar etter forvaltningslova §13 og/eller personopplysningar etter personopplysningslova §2, nr 1. Tilsvarande kan og gjelde lokale indikatorar. Difor er det viktig å gi denne påminninga om at desse opplysningane skal handsamast i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova. Skular der færre enn 10 elevar har delteke i prøvene/undersøkingane er unnateke offentleggjering, noko som gjeld fleire av skulane i Volda kommune. Skoleporten opererer og med «prikkreglar», som gjer at nokre tal utifrå svara som vert gitt vert unnateke offentlegheit. Dette kan skje sjølv om det er over 10 elevar som deltek i undersøkingane/prøvene.

Vurdering og konklusjon:

Tilrådinga bør vedtakast.

Helse og miljøkonsekvensar:

Resultata frå Elevundersøkinga viser at dei fleste elevane i Volda opplever eit godt læringsmiljø, men alle må arbeide for å vidareutvikle dette. Nokre av skulane våre er av eldre standard, og dei fysiske tilhøva er ikkje optimale ved alle skulane.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen.

Rune Sjugard
Rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef



Volda kommune

Opplæring og oppvekst

Tilstandsrapport

Voldaskulen

2017-2018



Innhald

1. Innleiing.....	3
2. Voldaskulen 2017-2018 i tal.....	4
2.1 Elevtal i kommunen sine grunnskular.....	4
2.2 Prognose for elevtal i 1. klasse.....	5
2.3 Talet på elevar, skular, lærarar og lærarårsverk.....	5
2.4 Utgifter til grunnskuledrift.....	6
2.5 Overgang til vidaregåande opplæring.....	6
3. Læringsresultat.....	6
3.1 kartleggingar og karakter –og læringsstøttande prøver.....	6
3.2 Nasjonale prøver.....	7
3.2.1 Volda kommune si målsetting for nasjonale prøver 2017.....	7
3.2.2 Nasjonale prøver i lesing.....	8
3.2.3 Nasjonale prøver i engelsk.....	11
3.2.4 Nasjonale prøver i rekning.....	14
3.3 Grunnskulepoeng 2017.....	18
3.4 Eksamen 2017.....	18
3.5 Elevundersøkinga 2017.....	18
3.5.1 Resultat Elevundersøkinga 2017, 7. årssteg.....	21
3.5.2 Resultat Elevundersøkinga 2017, 10. årssteg.....	23
3.5.3 Mobbetal i Voldaskulen 2017.....	24
3.5.4 Oppsummering Elevundersøkinga.....	25
3.6 Foreldreundersøkinga 2017, 1.-4. årssteg.....	26
3.7 Tiltak for å betre læringsresultata i Voldaskulen.....	32
4. Utviklingsarbeid og satsingar i Voldaskulen.....	32
4.1 Pedagogisk bruk av IKT-verktøy.....	33
4.2 Vurdering for læring.....	36
4.2.1 Døme på endra praksis og tiltak i Voldaskulen gjennom deltaking i VFL.....	36
4.3 Lærings –og klasseleiing.....	38
4.4 Heilskapleg arbeid med læringsmiljøet.....	39
4.4.1 Arbeid for å betre læringsmiljøet og trivsel i skulen.....	39
4.5 Kompetanse for mangfald.....	41
4.6 Tiltak på tvers av utviklingsarbeid og satsingsområde.....	42

1 Innleiing

Målet med Tilstandsrapporten 2017-2018 er å gi kommunestyret som skuleeigar, og andre, betre forståing for, innsikt i og oversikt over sentrale område som går føre seg i Voldaskulen.

Iflg opplæringslova §13-10 skal skuleeigar årleg utarbeide ein rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa.

I st.meld nr 31 2007-2008 *Kvalitet i skolen* punkt 4.5.3 *Krav til årlig tilstandsrapport* heiter det i innleiinga:

«Det er viktig at de øverste styringsorganene i kommuner og fylkeskommuner har et bevisst og kunnskapsbasert forhold til den delen av grunnopplæringen som de er ansvarlig for, slik at de har mulighet til å følge opp utviklingen i denne sektoren på en god måte».

UDIR nemner i artikkel av 08.09.15 kva som kjenneteiknar ein god tilstandsrapport:

- er forankra hos politikaane, utdanningsadministrasjonen og skuleleiinga i kommunen og fylkeskommunen
- er resultat av ein felles prosess
- analyserer resultatane frå skolane i lys av lokale føresetnader. I innleiinga til rapporten kan særterkka ved kommunen kommenterast for å setje resultatane inn i ein kontekst.
- gir gode og utfyllande vurderingar av resultatane ved skolane
- legg fram data og informasjon på ein lettfatteleg og forståeleg måte
- formulerer mål og tiltak som er funderte i lokale føresetnader, eller viser til andre planar i kommunen/fylkeskommunen der det er utforma mål og tiltak som er relevante for rapporten
- argumenterer for kva som er relevante tiltak ut frå resultatane som ligg føre, og ut frå forskning og faglitteratur på områda
- konkretiserer og prioriterer tiltak, slik at det blir lettare å handsame rapporten politisk og følgje han opp etter at vedtak er gjort i kommunestyret/fylkestinget

Det er det ovanneemde vi søker å kome i møte med denne tilstandsrapporten. Rapporten byggjer på opplysningar frå skoleporten.no, dei ulike skuleleiarane sine vurderingar og rapporteringar, samt skulefagleg administrasjon ved sektor for opplæring og oppvekst sine vurderingar og oppsummeringar.

Før du les vidare, let vi ei av dei mange foreldrerøystene kome til orde. Her beskriv ho sin draumeskule:






Eg har ein draumeskule. Den skulle hatt passeleg store klassar med mange nok vaksne til å bli godt kjende med alle elevane. Det skulle vore nok tid til å snakke med kvar enkelt elev om korleis dei har det, både heime, på skulen og generelt i livet. Lærarane skulle få støtte i leiinga og vore frie til å skape ein skulekvardag som ikkje berre dreia seg om å undervise teoretisk kunnskap som kan testast, men også å formidle gode verdiar som kan vere med å skape eit godt samfunn.




Som mor drøyer eg om ein skule der vekas sosiale læringsmål ikkje handlar om å sitte i ro på plassen sin, rekke opp handa eller vere stille. Nei, eg skulle ønskje at vekas sosiale læringsmål handla om å trøyste ein som treng det, å inkludere ein som ikkje er med i leiken, å hjelpe nokon, å dele med nokon. Eg ønskjer meg ein skule som lærer ungane våre at det er vakkert med mangfald, at alle er ulike og at alle er unike.

Eg drøyer om ein skule der sitjing skjer berre i korte periodar, der kreativiteten får spelerom. Eg drøyer om at kunst og handverk skal dreie seg om noko anna enn å sitte i ro og fargelegge. Ein skule som omfamnar det beste i barndomen: at barn lærer best gjennom leik og gjennom rørsle. At ungane får le, synge, danse og klatre i tre. At dei får lov å vere spontane slik som ungar skal vere, og at dei får lære at alle kjensler er naturlege.

2 Voldaskulen 2017-2018 i tal

2.1 Elevtal i kommunen sine grunnskular

Austefjord skule 	Tal elevar pr 27.04.18: 26 1.kl: 2 2.kl: 3 3.kl: 2 (1 frå Ørsta kommune) 4.kl: 2 5.kl: 4 6.kl: 4 (2 frå Ørsta kommune) 7.kl: 1 8.kl: 4 9.kl: 2 10.kl: 2
Bratteberg skule 	Tal elevar pr 27.04.18: 209 1.kl: 20 2.kl: 25 3.kl: 22 4.kl: 23 5.kl: 41 6.kl: 40 7.kl: 38
Dalsfjord skule 	Tal elevar pr 27.04.18: 58 1.kl: 2 2.kl: 5 3.kl: 4 4.kl: 4 5.kl: 4 6.kl: 8 7.kl: 10 8.kl: 7 9.kl: 8 10. kl: 6
Folkestad skule 	Tal elevar pr 27.04.18: 72 1.kl: 3 2.kl: 6 3.kl: 5 4.kl: 13 5.kl: 6 6.kl: 5 7.kl: 6 8.kl: 13 9.kl: 6 10.kl: 9
Mork skule 	Tal elevar pr 27.04.18: 82 1.kl: 12 2.kl: 11 3.kl: 14 4.kl: 12 5.kl: 15 6.kl: 11 7.kl: 7

Vikebygda skule 	Tal elevar pr 27.04.18: 57 1.kl: 6 2.kl: 16 3.kl: 17 4.kl: 18
Volda ungdomsskule 	Tal elevar pr 27.04.18: 281 8.kl: 99 9.kl: 98 10.kl: 84
Øyra skule 	Tal elevar pr 27.04.18: 353 1.kl: 51 2.kl: 43 3.kl: 58 4.kl: 55 5.kl: 50 6.kl: 49 7.kl: 47

Ulvestad barneskule har inneverande år 15 elevar heimehøyrande i Volda kommune.

2.2 Prognose for elevtal i 1. klasse

Skule	18-19	19-20	20-21	21-22	22-23	23-24
Mork	8	15	13	10	21	11
Øyra	41	73	66	65	70	68
Bratteberg	10					
Vikebygda	14					
Austefjord	4	4	1	4	0	4
Folkestad	3	5	4	7	2	5
Dalsfjord	2	4	4	4	9	5

Kjelde: Folkeregisteret.

Prognosane for Dalsfjord er usikre, då ein ikkje har oversikt over kor mange som vil velje privatskule. For Austefjord skule er ikkje elevar frå Bjørke medrekna, då Ørsta kommune har inngått avtale med Hornindal kommune frå hausten 2018.

2.3 Talet på elevar, skular, lærarar, lærarårsverk

	13-14	14-15	15-16	16-17	17-18
Tal elevar	1093	1113	1128	1145	1138
Tal skular	8	8	8	8	8
Tal kontaktlærarar	81	82	70	78	73
Tal lærarar	128	133	133	141	134
Tal lærarårsverk	113,8	116,2	114,3	113,9	115,6

Kjelde: GSI

2.4 Utgifter til grunnskuledrift

	2016			2017		
	Volda	Kostrar- gruppe 11	Nasjonalt	Volda	Kostrar- gruppe 11	Nasjonalt
Driftsutg pr elev (funksjon 202)	97957	98062	90969	100509	101092	93970
Innbu/utstyr pr elev	970	1115	1071	794	1129	1066
Undervisningsmateriell pr elev	1682	1773	1476	1500	1667	1486

Kjelde: Kostra

2.5 Overgang til vidaregåande opplæring

Prosentvis del av elevane med direkte overgang frå grunnskule til vidaregåande opplæring	2014	2015	2016	2017
Volda	99,1	99,0	100	99,2
Kostragruppe 11	98,2	98,2	98,6	97,8
Nasjonalt	98,1	99,0	98,2	97,8

Kjelde: Kostra

3 Læringsresultat

3.1 Kartleggingar og læringsstøttande prøver

Voldaskulen gjennomfører årleg følgande kartleggingsprøver som er laga for å kunne identifisere elevar med særskilde utfordringar. Ein jobbar etter dokumentet «kartlegging i Voldaskulen», som m.a inneber kartleggingsprøver i lesing, rekning mm. Desse kartleggingsprøvene vert så samanfatta med den daglege observasjonen og oppfølginga, slik at skulen kan setje inn eigna tiltak.

I tillegg vert Utdanningsdirektoratet sine læringsstøttande prøver nytta i nokon grad. Desse prøvene gir læraren grunnlag for læringsfremjande tilbakemeldingar til eleven på alle prestasjonsnivå. Følgande læringsstøttande prøver kan brukast:

- * Lesing for 5.-7. årssteg
- * Rekning for 5.-7. årssteg og 8.-10. årssteg
- * Digitale ferdigheiter på 8. årssteg

Prøvene kan nyttast til å gi tilbakemeldingar undervegs, og som grunnlag for tilpassa opplæring på individ- og gruppenivå. Prøvene er og godt eigna til bruk i diskusjonar i kollegiet, slik at ein kan evaluere og justere undervisninga undervegs.

3.2 Nasjonale prøver

Dei nasjonale prøvene skal vurdere og vise i kva grad skulen har klart å utvikle ferdigheitene til elevane i lesing, rekning og engelsk. Dei nasjonale prøvene vert halde tidleg på hausten i 5. og 8. årssteg (lesing, rekning, engelsk), samt lesing og rekning i 9. årssteg. Det er difor kompetansemåla etter 4. årssteg og 7. årssteg som ligg til grunn for prøvene. Prøven i 9. årssteg er den same som for 8. årssteg, og kan nyttast til å sjå utvikling i elevane sine ferdigheiter frå det eine til det andre året.

Føremålet med dei nasjonale prøvene er fleire. UDIR peikar særleg på tre område:

- Lærarane skal bruke resultata for å følgje opp elevane sine og i arbeidet med undervestvurdering og tilpassa opplæring.
- Kommunar og skular skal bruke resultata som grunnlag for kvalitetsutvikling i opplæringa.
- Forskarar kan søkje om å få utlevert resultat frå nasjonale prøver til bruk i forskning.

Det er og utarbeidd rettleiingsmateriell til lærarar. Dette materiellet seier noko om korleis ein kan følgje opp resultata og bruke dei i sitt arbeid. Ved å analysere resultata frå prøvene, får lærarane god informasjon om kva klassen og den enkelte eleven bør arbeide med for å betre dei grunnleggande ferdigheitene. Dette igjen gir læraren innspel til planlegging og gjennomføring av undervisninga.

Resultata frå dei nasjonale prøvene er i tillegg eit utgangspunkt den enkelte lærar vil kunne nytte i foreldresamarbeidet. Samtale kring meistring og utfordringar er sentralt i dei strukturerte utviklingsamtalane (to gongar kvart år) og anna, løpande foreldresamarbeid.

Resultata frå dei nasjonale prøvene er tilgjengeleg på nettstaden skoleporten.no. Unnataket er resultata frå små elevgrupper. I Volda kommune er berre resultata frå Bratteberg skule, Øyra skule og Volda ungdomsskule offentlege.

Resultata på 5. årssteg er delt inn i tre meistringsnivå, der nivå 1 er definert som det svakaste nivået og nivå 3 det høgaste. Prøvene på ungdomssteget har fem meistringsnivå, der nivå 5 er høgast.

3.2.1 Volda kommune si målsetting for nasjonale prøver 2017

Voldaskulen sine vedtekne mål for dei nasjonale prøvene i 2017 var følgjande:

«Talet på elevar som på dei nasjonale prøvene presterer på meistringsnivå 1 i 5. klasse og meistringsnivå 1 og 2 i 8. og 9. klasse skal reduserast med 15% samanlikna med skuleåret 15/16.»

Som kommentar til målet seier ein og: *«For både enkeltindivid og samfunnsøkonomisk er det størst gevinst å hente ved å rette innsatsen mot denne elevgruppa.»*

Det definerte referanseåret for Volda kommune er altså skuleåret 15/16.


3.2.2 Nasjonale prøver i lesing

Nasjonale prøver i lesing kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Det er difor viktig å få fram at nasjonale prøver i lesing ikkje er ei prøve berre i norskfaget.

Dei nasjonale prøvene i lesing har tre område, der elevane viser i kva grad dei meistrar:

- Å finne informasjon
- Å forstå og tolke det ein les
- Å reflektere over, og vurdere form og innhald i teksten.

Resultat lesing 5. årssteg 2017



Volda kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, Trinn 5, Begge kjønn

Endring i meistringsnivå 1 (i høve 15/16): + 0,89%

Volda kommune snitt meistringsnivå 1: 34%

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 1: 25,4%

Nasjonalt snitt meistringsnivå 1: 23,8%

Volda kommune snitt meistringsnivå 3: 15,5%

Fylkessnitt meistringsnivå 3: 20,2%

Nasjonalt snitt meistringsnivå 3: 23,2%

I høve referanseåret vårt 15/16 har vi som kommune ikkje nådd målet vårt om reduksjon i meistringsnivå 1 på 15%. Vi er i staden på omtrent same nivå som skuleåret 15/16, og kjem og svakare ut enn skuleåret 16/17. Vi ser og at vi kjem svakt ut når vi samanliknar oss med fylkesnivået og det nasjonale nivået – dette gjeld og når vi ser kor mange elevar vi har på meistringsnivå 3.


Dette er eit resultat som vi ikkje er nøgde med. Dei siste åra har vi i Voldaskulen arbeidd med programmet SOL (Systematisk Observasjon av Lesing), der målet har vore å arbeide på ein slik måte at elevane sine leseferdigheiter vert utvikla. Ein kan aldri trekke bastante konklusjonar på resultatata frå eit enkeltår, men resultatata på lesing i år er svakare enn forventa og krev analyse og

evaluering av det arbeidet ein gjer. Skulane reflekterer kring resultatane i sine rapportar inn til OO, og det vert forventa at ein kritisk evaluerer arbeidet sitt og ser på moglege forbetringar.

I denne evalueringa vil ein m.a sjå på SOL-verktøyet – vert det nytta på ein god måte? Er det noko ved SOL-verktøyet som ikkje fungerer? Elles er det naturleg å sjå framover korleis ein kan nytte dei nye digitale hjelpemidla. Her veit vi allereie utifrå tilbakemeldingane at skule og heim har fått heilt nye moglegheiter m.a i arbeidet med lesing, der lærar kan gi vurdering og tilbakemelding mykje tettare enn før. Til sist vil OO gjennom sine nettverk øve trykk på kva tiltak vi kan setje i verk når vi oppdagar elevar som har vanskar med lesing.

Nettverket for spesialundervisning (SPU-nettverket) har den seinare tida teke føre seg kartleggingsverktøya i Voldaskulen. Framover vil nettverket no spisse arbeidet sitt inn mot det som omhandlar grunnleggande lese- og skriveopplæring. Her vil ein sjå på tidlege tiltak og kva konkret handling ein kan gjere i møte med elevar som av ulike årsaker kan streve med lesing. Ein skal ikkje «vente og sjå», men i staden setje inn rette tiltak til rett tid.

Resultat lesing 8. årssteg 2017



Volda kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Lesing, Alle eierformer, Trinn 8, Begge kjønn

Endring på meistringsnivå 1+2: +0,68%

Endring på meistringsnivå 1: - 5,1%

Volda kommune snitt meistringsnivå 1+2: 29,6%

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 1+2: 27,8%

Nasjonalt snitt 2017 meistringsnivå 1+2: 26,6%


Volda kommune snitt meistringsnivå 4+5: 29,6%

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 4+5: 27,1%

Nasjonalt snitt meistringsnivå 4+5: 31,4%

Vi ser av resultatene at vi ikke har nådd målet om reduksjon på 15% for de som hamner i meistringsnivå 1+2, selv om det er gledeleg at gruppa meistringsnivå 1 har minka noko. Elles er det lett å måle seg opp mot eit gjennomsnitt, og i år ser vi at vi kjem dårlegare ut på score i meistringsnivå 1+2 – både når vi samanliknar oss med fylket og nasjonalt nivå. På meistringsnivå 4+5 ligg vi over fylkessnitt, men under nasjonalt snitt. I høve referanseåret 15/16 kan vi ikke seie oss nøgde med dette resultatet.

Resultat lesing 9. årssteg 2017



Volda kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, Trinn 9, Begge kjønn

Endring meistringsnivå 1+2: -37,2%

Endring på meistringsnivå 1: -76,9%

Volda kommune snitt meistringsnivå 1+2: 18,2%

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 1+2: 17,9%

Nasjonalt snitt 2017 meistringsnivå 1+2: 16,7%

Volda kommune snitt meistringsnivå 4+5: 50%

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 4+5: 42,5%

Nasjonalt snitt 2017 meistringsnivå 4+5: 47,1%

Resultata på 9. årssteg er gode i høve referanseåret 15/16. Reduksjonen på dei som kjem i meistringsnivå 1+2 er monaleg, og det er auke i talet på dei som hamnar i dei høgaste meistringsnivåa – her er vi og over snittet nasjonalt og på fylkesbasis. For dette årssteget kan

ein og samanlikne med fjoråret, og det er gledeleg å sjå ein markert forbetring i resultatata for dei. På 8. årssteg var det 26,1% som hamna i meistringsnivå 4+5, i år er talet altså 50%.



3.2.3 Nasjonale prøver i engelsk


Engelsk er ikkje definert som grunnleggjande ferdigheit i LK06. Prøvene i engelsk tek difor utgangspunkt i kompetansemåla i eitt fag – engelsk. Oppgåvene på 5. årssteg er knytt til desse ferdigheitene:

- Finne informasjon
- Forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar
- Forstå vanlege ord og uttrykk knytt til daglegliv og fritid
- Forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- Bruke vanlege grammatiske strukturar, småord og enkle setningsmønster

Oppgåvene for ungdomssteget er knytt til desse ferdigheitene:

- Finne informasjon
- Forstå og reflektere over innhaldet i tekstar av ulik lengd og ulike sjangrar
- Rå over eit ordforråd som dekkjer daglegdagse situasjonar
- Forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- Forstå bruken av grunnleggande reglar og mønster for grammatikk og setningstypar

Resultat engelsk 5. årssteg 2017



Volda kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, Trinn 5, Begge kjønn

Endring meistringsnivå 1: -19,8%

Volda kommune snitt meistringsnivå 1: 29,1%

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 1: 22,4%

Nasjonalt snitt 2017 meistringsnivå 1: 23,2%


Volda kommune snitt meistringsnivå 3: 19,4%

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 3: 25,9%

Nasjonalt snitt 2017 meistringsnivå 3: 25,5%

I høve målsetting om reduksjon samanlikna med referanseåret 15/16, er målet nådd. Når vi samanliknar oss med fylkessnitt og det nasjonale snittet, ser vi derimot at vi scorar dårlegare både når vi ser på talet elevar som hamnar i meistringsnivå 1 og 3. Det er ei naturleg målsetjing å vere minst på fylkessnitt/nasjonalt snitt.

Resultat engelsk 8. årssteg 2017



Volda kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, Trinn 8, Begge kjønn

Endring meistringsnivå 1+2: +11,3%

Endring meistringsnivå 1: -20,8%

Volda kommune snitt meistringsnivå 1+2: 29,6%

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 1+2: 27,3%

Nasjonalt 2017 meistringsnivå 1+2: 27,2%

Volda kommune snitt meistringsnivå 4+5: 22,9%

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 4+5: 29,6%

Nasjonalt snitt 2017 meistringsnivå 4+5: 31,7%

Resultata på nasjonale prøver i engelsk på 8. årssteg er noko som uroar. Vi er langt unna målet om 15% reduksjon i meistringsgruppe 1+2, og færre enn ønska hamnar i meistringsgruppe 4+5. Vi ser og at vi er eit stykke unna det nasjonale snittet samt fylkessnittet. Dette var og biletet ved siste korsveg, då tilstandsrapporten for skuleåret 2016-2017 vart lagt fram. I denne vart det beskrive kva tiltak ein har sett i verk for å møte denne uroa:

- *Jobbe planmessig med nasjonale prøver i kollegiet og sikre at elevane kjenner prøveforma godt og er trygge på oppgåvetypane.*
- *Lese meir engelske bøker allereie på 3. årssteg*
- *Ekstra lærarressurs brukt til lesetrening og arbeid med tekstar i engelsk*
- *Sikre at lærar har god kompetanse i faget*

I skulane sine rapportar til OO, understrekar ein at ein tek resultata på alvor. Vidare vert resultata analysert, drøfta og reflektert over på kvar skule og i kvart einskild team. Ut frå dette vil det kome tiltak som er spissa inn mot kvar eining og gruppe. Rektor ved Volda ungdomsskule formulerer seg slik:

«Den viktigaste refleksjonen skjer likevel på klasseteam der lærarane arbeider med oppgåverapporten i PAS og ser på oppgåver som klassene fann vanskelegast, om det t.d. er spesielle fagtekster som skil seg ut og korleis arbeide vidare med dette i klassa. Vidare ser dei på klasseoversynet i analyserapporten, om det t.d. er noko som overraskar og om her er elevar som bør kartleggast vidare sett i lys av anna informasjon dei har om eleven. Dei ser også på type oppgåver elevane har svart feil på, om det t.d. er overvekt av tolke-, finne- eller refleksjonsfeil. Det viktigaste for lærarane er å samtale/reflektere over korleis hjelpe elevane vidare i læringsarbeidet.»

I Volda er vi opptekne av at elevane skal kjenne prøve –og oppgåveforma, men undervisninga skal ikkje innrettast mot ein enkelt prøve (teach to the test). Vi er derimot opptekne av at elevane våre skal ha høgast mogleg grad av kompetanse i høve læringsmåla i læreplanen, noko dei nasjonale prøvene skal måle.

3.2.4 Nasjonale prøver i rekning


Nasjonale prøver i rekning skal vise i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål for læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei matematikkprøve i tradisjonell forstand. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre område:

- Tal
- Måling
- Statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber m.a at prøvene ser på i kva grad elevane:

- Forstår og reflekterer over korleis dei best kan løyse ei gitt utfordring
- Kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- Kan vurdere om svara dei får er rimelege
- Kan vise effektive strategiar for enkel talrekning

Resultat rekning 5. årssteg 2017



Volda kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, Trinn 5, Begge kjønn

Endring i meistringsnivå 1: -25,8%

Volda kommune meistringsnivå 1: 20,4%

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 1: 21,3%

Nasjonalt snitt 2017 meistringsnivå 1: 23,0%


Volda kommune snitt meistringsnivå 3: 20,4%

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 3: 24,8%

Nasjonalt snitt 2017 meistringsnivå 3: 25,6%

Målet om minst 15% reduksjon i meistringsgruppe 1 (i høve referanseåret 15/16) er nådd med god margin. I høve same året er og auken i meistringsgruppe 3 monaleg. Dette er gledeleg, samtidig som vi registrerer at vi kjem betre ut i høve fylkessnitt/nasjonalt snitt når det gjeld meistringsgruppe 1, medan vi er noko under når det gjeld tala i meistringsgruppe 3. Som sagt ser vi ingen grunnar til at Volda kommune skal ligge under fylkessnitt når det gjeld resultatata på nasjonale prøver, difor er det naturleg å ha som vidare målsetting å tette dei «gapa» som er og vere på den «rette» sida av gjennomsnitta.

Resultat rekning 8. årssteg 2017



Volda kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, Trinn 8, Begge kjønn

Endring på meistringsnivå 1+2: -12,7%

Volda kommune snitt meistringsnivå 1+2: 31,7%

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 1+2: 30,2%

Nasjonalt snitt meistringsnivå 1+2: 29,9%


Volda kommune snitt meistringsnivå 4+5: 19,2%

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 4+5: 29,7%

Nasjonalt snitt 2017 meistringsnivå 4+5: 32,4%

I høve referanseåret 15/16 er vi nær målet om reduksjon på meistringsnivå 1. Likevel ligg vi litt over fylkessnitt/nasjonalt snitt. På snittet for dei som kjem på meistringsnivå 4+5 er vi ikkje nøgd med årets tal. Vi går markert ned i høve fjoråret, og vi er godt unna snittet på fylket og landet for øvrig.

Resultat, rekning 9. årssteg 2017



Volda kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, Trinn 9, Begge kjønn

Endring meistringsnivå 1+2: -17,4%

Volda kommune snitt meistringsnivå 1+2: 17,1%

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 1+2: 20%

Nasjonalt snitt meistringsnivå 1+2: 19,4%

Volda kommune snitt meistringsnivå 4+5: 47,7%

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 4+5: 43,7%

Nasjonalt snitt 2017 meistringsnivå 4+5: 47%

Resultata for 9. årssteg i rekning er gode. Vi har nådd målet om minst 15% reduksjon i talet på elevar på meistringsnivå 1+2, og vi bidreg positivt på snitta både nasjonalt og på fylket. Vi ser og at dette årssteget syner positiv utvikling frå fjorårets nasjonale prøver i rekning. Som døme var 26,1% av desse på meistringsnivå 1+2 i fjor, medan ein no altså er på 17,1%. Det har og vore eit monaleg «løft» i meistringsgruppe 4+5 – frå 27% til heile 47,7%. Det er sikkert fleire forklaringar på dette, men det er grunn til å tru at skulane gjennom systematisk analyse og refleksjon har funne tiltak som har bidrege positivt til resultata ein har oppnådd.

Oppsummert om nasjonale prøver

Resultata på dei nasjonale prøvene blir grundig gått gjennom, analysert og vurdert. Ut frå dette må den einskilde skule spisse tiltaka inn mot kvar elevgruppe. Skulen skal alltid kritisk evaluere si verksemd og undervisning.

3.3 Grunnskulepoeng 2017

Grunnskulepoeng er gjennomsnittet av alle avsluttande karakterar, multiplisert med ti. Poenga her er elevane sitt konkurransegrunnlag ved opptak i vidaregåande skule. Grunnskulepoenga fortel i kva grad elevane har nådd kompetansemåla etter fullført grunnskule.

Indikator og nøkkeltal. Grunnskulepoeng, gjennomsnitt	2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017
Volda kommune	41,7	41,6	41,3	41,5
Møre og Romsdal	40,4	40,7	41,0	41,3
Nasjonalt	40,4	40,8	41,2	41,4

Volda kommune har over tid levert gode resultat når det gjeld grunnskulepoeng. Ein noko fallande trend vart snudd i år, og vi er framleis over fylkessnitt og nasjonalt snitt.

3.4 Eksamen 2017

Indikator og nøkkeltal	Volda kommune	Møre og Romsdal	Nasjonalt
Engelsk skriftleg eksamen	3,5	3,7	3,8
Engelsk munnleg eksamen	4,6	4,5	4,5
Matematikk skriftleg eksamen	3,5	3,4	3,4
Matematikk munnleg eksamen	4,3	4,1	4,1
Norsk hovudmål skriftleg eksamen	4,0	3,4	3,4
Norsk munnleg eksamen	4,6	4,5	4,4
Norsk sidemål skriftleg eksamen	4,4	3,3	3,3
KRLE munnleg eksamen	5,0	4,3	4,4
Samfunnsfag munnleg eksamen	4,6	4,4	4,4

Om vi ser vekk frå engelsk skriftleg, er resultatane frå eksamen høgare enn snittet nasjonalt og i fylket i alle fag og eksamenar. Trenden med jamt over høgare snitt er ei historisk trend som vi skal glede oss over, og er eit kvalitetsteikn for Voldaskulen.

3.5 Elevundersøkinga 2017

Elevane våre har ulike føresetnader, bakgrunn og erfaringar. Desse verkar inn på skulekvardagen og om korleis dei fungerer fagleg og sosialt på skulen, og vi veit at god læring og god trivsel er nært knytt til kvarandre. Over tid har ein vore medviten om at dei ulike skulefaglege læreføresetnadene krev tilpassa opplæring, men i «nyare» tid har ein og vorte medviten om at dei ulike føresetnadene kjenslemessig, åtferdsmessig og sosialt også krev tilpassa opplæring i høve det.

Ingen menneske er like. Ein har ulikt humør, nokre er ekstroverte medan andre er introverte. Nokre ser ut til å vere glade heile tida, medan andre blir lett meir triste og engstelege.

Temperamentet kan vere ulikt, saman med evna til å regulere si eiga åtferd eller konsentrere seg over tid. Det er i dette «landskapet» den einkilde lærar og andre tilsette ved skulane våre opererer og må ta omsyn til når dei skal leie og utforme læringsmiljøet. Ein som arbeider i skulen ser kor viktig dette er, og ved alle våre tilsetjingar søkjer vi etter den som er ein trygg, tydeleg og varm vaksenperson som samtidig er dyktig i faget sitt.

August 2017 fekk skulane revidert §9A i opplæringslova å arbeide etter. Denne paragrafen er rekna for å vere elevane si arbeidsmiljølov, og skal sikre at alle har eit trygt og godt skulemiljø. Paragrafen seier vidare at det er nulltoleranse mot mobbing, og skulane har aktivitetsplikt når ein får vite om eller mistanke om at dette skjer.

Sektor for Opplæring og Oppvekst (OO) ønskjer at *Kvalitetsplanen* skal vere eit levande dokument som fortel kva vår sektor skal gjennomsyra av. Visjonen vår er overskrifta over all verksemda vår:

«Volda kommune har trygge barn og unge som deltek, meistrar og lærer»



Eit læringsmiljø som har fokus på meistring, motivasjon samt støttande lærarar/andre tilsette som har tydelege forventningar til elevane, vi skape tryggleik, føreseielege rammer og struktur som gjer elevane i stand til å møte utfordringar i skulen.

I *Kvalitetsplanen* sitt forord (s. 3) vert det understreka at dei tilsette skal «...bidra til at barn, unge og vaksne har tru på framtida og moglegheitene som ligg der: at dei meistrar tilværet, sjølve livet». Perspektivet om livsmeistring er grunnleggande i alt arbeid som vert utført i OO.

Elevundersøkinga skal gi elevane moglegheit til å seie si meining om tilhøve som er viktige for at dei skal lære og trivast på skulen, og gir viktig informasjon om læringsmiljøet.

For skuleeigar er det obligatorisk å gjennomføre Elevundersøkinga for elevar på 7. og 10. årssteg. Ein del av spørsmåla blir så sett saman til indeksar som ein ser igjen i Skoleporten. Resultata for alle spørsmåla i Elevundersøkinga blir viste i ein eigen rapportportal. I tilstandsrapporten er desse læringsmiljøindeksane obligatoriske:

- **Støtte frå lærarane:** Indeksen viser korleis elevane opplever emosjonell og fagleg støtte frå lærarane.


- **Vurdering for læring:** Indeksen kartlegg elevane si oppleving av dei fire prinsippa i vurdering for læring.
- **Læringskultur:** Indeksen viser om elevane opplever at skolearbeidet er viktig for klassen, og om det er rom for å gjere feil i læringsarbeidet.
- **Meistring:** Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skolen.
- **Elevdemokrati og medverknad:** Indeksen viser elevane si oppleving av om det er mogleg å medverke i arbeidet med faga, og om dei får vere med og avgjere klassereglar og delta i elevrådsarbeid.
- **Mobbing på skulen:** Gjennomsnittsverdien for indikatoren Mobbing på skolen er berekna ut frå kor mange som opplever at dei blir mobba, og kor ofte dei blir mobba. Verdien viser ikkje talet på elevar som i snitt blir mobba. Ein og same verdi kan anten indikere at mange kryssar av at dei blir mobba sjeldan, eller at færre kryssar av at dei blir mobba hyppig. I Skoleporten tyder eit gjennomsnitt ned mot verdien 1 på lite mobbing i skolen.
- **Andel elevar som har opplevd mobbing:** 2-3 gonger i månaden eller oftare (prosent). Sjå eige diagram for desse tala.

Skalaen går frå 1 til 5 der høg verdi vil seie positivt resultat. Unnataka er mobbing på skulen der låg verdi er positivt.


Nedanfor viser vi tabellar på alle læringsmiljøindeksane, ein for kommunalt snitt på 7. årssteg og ein for 10. årssteg.



3.5.1 Resultat - Elevundersøkinga 2017 – 7. årssteg



Volda kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, Trinn 7, Begge kjønn



Volda kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, Trinn 7, Begge kjønn

Om vi samanliknar oss med det nasjonale, er resultatene like på mange område. Nedanfor er områda der det er avvik frå det nasjonale snittet lista opp.

- Fagleg utfordring: -0,3
- Støtte frå lærarane: +0,1
- Motivasjon: -0,1
- Støtte heimanfrå: -0,1

Vi er relativt stabile når vi samanliknar tilbake til 13-14. Jamt over opplever elevane støtte frå lærarane sine og heimafrå. Det vert fortalt om jamt over god trivsel og positiv læringskultur. Vurdering for læring (VFL) har vore eit satsingsområde dei siste åra, slik sett kan ein forvente at dette gir positive utslag i ei slik undersøking. Undersøkinga ved denne korsvegen viser derimot at vi står på same sted som 13/14, men at vi har hatt ein liten framgang i høve dei to siste åra.

Elles er det grunn til uro at 6,7% av elevane våre melder om mobbing. Jf ny og revidert paragraf 9A i opplæringslova, så er det nulltoleranse mot mobbing i skulen. I høve dette spørsmålet ser vi at skulane opplever stadig aukande utfordringar knytt til mobbing utanfor skuletid, t.d på digitale plattformer. Ein skule formulerer seg slik:


Dei vanskelegaste sakene har ofte utspring i digital mobbing. Den digitale mobbinga skjer på fritida. Vi har hatt fleire slike saker dette året, og politiet har vore innblanda. Dette er store saker som får konsekvensar for både elevar, tilsette og føresette. Vi må ta det på alvor i skulen, og vi må vere i førekant tidleg nok.

I slike saker er det viktig med tett og godt samarbeid mellom skule, føresette og andre instansar som f.eks politi. I Voldaskulen er det no etablert eit kommunalt innsatsteam mot mobbing som skal kunne bistå i særlege vanskelege mobbesaker i skulen (jf pkt 4.4.1 seinare i rapporten). Langsmed er det og eit arbeid for å auke kompetansen mellom våre tilsette, slik at ein skal vere i betre stand til å avdekke mobbing, stoppe mobbing og rehabiliterer ei klasse som har problem med dette. Dette er eit område som har den største merksemda hos oss, og ei mobbesak er ei for mykje.

Sjølv om eit slikt kommunalt innsatsteam mot mobbing er etablert, er det på skulane den viktigaste jobben blir gjort. Det er gjennom det systematiske og daglege arbeidet ein etablerer eit godt læringsmiljø. *Kvalitetsplanen* for sektoren seier det slik:

«Sektoren skal arbeide førebyggjande for å fremje eit godt psykososialt miljø, ha ein helsefremjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale skilnader. Alle barn, unge og vaksne skal oppleve tryggleik og sosialt tilhør» (s.9 i Kvalitetsplanen).

3.5.2 Resultat – elevundersøkinga 2017 – 10. årssteg



Volda kommune skoleier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn

I høve nasjonalt snitt ligg Volda kommune på snittet på fleire indeksar. Det er nokre avvik, utan at det er svært dramatiske avvik den eine eller andre vegen. Nedanfor er områda der det er avvik frå det nasjonale snittet lista opp.

- Elevdemokrati og medvirkning: +0,1
- Felles reglar: +0,1
- Meistring: +0,1
- Utdanning og yrkesveiledning: -0,1
- Motivasjon: -0,2
- Vurdering for læring: +0,2
- Støtte heimefara: -0,2

Det er gledeleg at vi ligg over det nasjonale når det gjeld Vurdering for læring. Dette har vore ei viktig satsing sidan skuleåret 16/17. Det er ulike spørsmål som dannar grunnlaget for indeksen, og for Volda sin del scorar vi betre enn nasjonalt på alle åtte spørsmåla, sett vekk frå eitt av dei på området Vurdering for læring.

På området «støtte heimefara» ligg Volda på faktor 3,9, noko som er 0,2 bak det nasjonale resultatet. Her er det å seie at Volda har vore relativt stabilt kring denne indikatoren sidan 2013 medan ein på nasjonalt nivå har gått framover og «passert» Volda.

Det som vi elles merkar oss med noko uro, er at vi scorar dårlegare på motivasjon. Her har tala svinga noko både lokalt og nasjonalt dei siste åra, men vi har ein nedgåande trend som vi må søkje å snu.

3.5.3 Mobbetal i Voldaskulen 2017

Tabellen nedanfor inneheld Voldaskulen sine resultat frå spørsmåla om mobbing i Elevundersøkinga.

Ein bereknar andelen som har opplevd mobbing 2-3 gonger i månaden (ulike former for mobbing) ved å summere delane i svaralternativa «2 eller 3 gonger i månaden», «omtrent 1 gong i veka» og «fleire gonger i veka.» Prosentdelen «mobba på skulen» seier med andre ord ikkje noko om kor ofte elevane opplever å bli mobba.

UDIR opererer med ulike reglar for «prikking», slik at ikkje alle tala er offentlege, heller ikkje på kommunenivå. Det er difor nokre stader det er * i tabellen. Reglane om prikking skal hindre at identifisering skjer.

Spørsmål	Del av elevane i landet, 7. årssteg	Del av elevane i Volda kommune, 7. årssteg	Del av elevane i landet, 10. årssteg	Del av elevane på 10. årssteg i Volda
Er du blitt mobba av andre elevar på skulen dei siste månadene?	5,9%	5,0%	5,6%	*
Er du blitt mobba digitalt (mobil, iPad, PC) dei siste månadene?	2,0%	0,0%	3,1%	2,3%
Er du blitt mobba av vaksne på skulen dei siste månadene?	1,6%	*	3,8%	2,3%
Del elevar som oppgir at dei i ein eller annan kombinasjon er mobba av medelevar, digitalt mobbet av nokon på skulen eller mobba av vaksne på skulen 2-3 gonger i månaden eller oftare	7,2%	6,0%	8,3%	*
Har du sjølv vore med å mobbe ein eller fleire elevar på skulen dei siste månadene?	0,6%	*	1,6%	*
Har du mobba andre digitalt (mobil, iPad, PC) dei siste månadene?	0,3%	0,0%	1,2%	0,0%

Eit trygt og godt læringsmiljø har høgaste prioritet. Difor vil vi aldri slå oss til ro så lengje undersøkingar fortel oss at nokre av elevane våre opplever mobbing. Det er og urovekkande at nokre elevar melder om mobbing frå vaksne. Dette er noko som §9A i opplæringslova gir særleg merksemd, og gir klare instruksar for korleis ein skal handtere det. Sjå også pkt 4.4.1.

Dei fleste skulane melder om saker der dei har måtta handtert dei etter revidert §9a i opplæringslova, med ein aktivitetsplan som syner korleis ein har undersøkt saka og kva for tiltak ein har sett i verk. Føresette har no og høve til å melde saka si direkte til Fylkesmannen, om ein meiner skulen ikkje har gjort tilstrekkeleg i ei sak. I desse sakene har Volda kommune opplevd både at fylkesmannen har sagt at kommunen har oppfylt aktivitetsplikta si, og at kommunen ikkje har oppfylt aktivitetsplikta. Kommunen tek lærdom av alle slike saker, og ser på fylkesmannen som ein viktig ressurs i dette arbeidet.

3.5.4 Oppsummering Elevundersøkinga

Det er eit naturleg og riktig mål at alle elevane våre skal ha mest mogleg likt tilbod uansett kvar i kommunen ein bur og går på skule. Utifrå elevundersøkinga er likevel konklusjonen at opplevinga er ulik frå skule til skule.

For å sikre mest mogleg lik praksis, er mange satsingar i Voldaskulen felles. Det har i dei siste åre vore fokus på Vurdering for Læring (VFL), medan det for inneverande år har vore stor satsing på IKT. I tillegg er *Kvalitetsplanen* eit dokument som skal vere leiande for heile vår sektor, og vere det som alle – også skulane – skal spegle verksemda i.

I tillegg organiserer vi ulike nettverk med lærande møte der ein møtest på tvers av skulane for erfaringsdeling og felles læring. Av dei ulike nettverka kan vi nemne nettverk for spesialundervisning, IKT-nettverk og MSP-nettverk (nettverk for elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn).

Skulane går detaljert til verks på spørsmålsnivå, slik at dei kan ta tak i utfordringane og sjå på tiltak for å møte det som vert meldt frå elevane.

Seinare i rapporten fortel skulane korleis dei har jobba førebyggjande for eit godt læringsmiljø.

3.6 Foreldreundersøkinga, foreldre/føresette til elevar på 1.-4. årssteg

Siste hausten valde vi for første gong å gjennomføre foreldreundersøking blant foreldre/føresette til elevar på 1.-4. årssteg. Svarresponsen varierte frå skule til skule, men samla for kommune svarte 55,9% av dei føresette. Vi skulle gjerne ønskt oss høgare svarprosent, men finn likevel deltakinga god nok til å gi oss nyttig og god informasjon. Skulane hadde nokre spørsmål som var «låste», medan dei kunne og velje mellom nokre spørsmål. Difor var det noko variasjon frå skule til skule, kva spørsmål dei valde seg ut. Snittverdien seier noko om kor ein er på skala frå 1-5, der 5 er best. Høg snittverdi er altså eit positivt resultat.

Trivsel

	Helt enig	Litt enig	Verken enig eller uenig	Litt uenig	Helt uenig	Vet ikke	Snitt
Barnet mitt trives på skolen	71,7%	22,5%	-	2,5%	-	0%	4,6
Barnet mitt har medelever å være sammen med i friminuttene	77,9%	17,6%	-	2%	-	1,2%	4,7

Motivasjon

	Helt enig	Litt enig	Verken enig eller uenig	Litt uenig	Helt uenig	Vet ikke	Snitt
Barnet mitt er interessert i å lære på skolen	72,7%	27,3%	0%	0%	0%	0%	4,7
Barnet mitt liker skolearbeidet	-	54,5%	0%	-	0%	0%	3,9
Barnet mitt gleder seg til å gå på skolen	63,6%	36,4%	0%	0%	0%	0%	4,6

Barnet mitt fortsetter å jobbe selv om det som skal læres, er vanskelig	36,4%	45,5%	0%	-	-	0%	3,9
---	-------	-------	----	---	---	----	-----

Hjem - Skole

	Helt enig	Litt enig	Verken enig eller uenig	Litt uenig	Helt uenig	Snitt	
Jeg viser interesse for det barnet mitt gjør på skolen	94,9%	5,1%	0%	0%	0%	4,9	
	Helt enig	Litt enig	Verken enig eller uenig	Litt uenig	Helt uenig	Ikke aktuelt	Snitt
Barnet mitt får hjelp til leksene hjemme	93,9%	5,1%	0%	-	0%	-	4,9
	Helt enig	Litt enig	Verken enig eller uenig	Litt uenig	Helt uenig	Snitt	
Jeg oppmuntrer barnet mitt i skolearbeidet	96,4%	3,6%	0%	0%	0%	5	
Jeg forventer at barnet mitt gjør sitt beste på skolen	90,3%	-	-	0%	0%	4,9	
Jeg synes det er viktig at barnet mitt gjør det godt på skolen	64,2%	31,1%	4,7%	0%	0%	4,6	
Jeg får veiledning av skolen om hvordan jeg kan hjelpe barnet mitt med skolearbeidet	39,6%	34,8%	16,6%	5,3%	3,7%	4	
	Helt enig	Litt enig	Verken enig eller uenig	Litt uenig	Helt uenig	Ikke aktuelt	Snitt
Jeg får veiledning av skolen om hvordan jeg bør følge opp lekser i de ulike fagene	30,6%	38,3%	12,8%	9,4%	5%	3,9%	3,8

Interesse for, og forventning om, elevane si læring er viktige moment for auka læringsutbytte. Difor er dette gledelege tal. Det vi scorar mindre på i denne bolken, er i kva grad føresette får tips og rettleiing om korleis skulearbeidet kan følgast opp.

Støtte fra lærerne

	Helt enig	Litt enig	Verken enig eller uenig	Litt uenig	Helt uenig	Vet ikke	Snitt
Jeg har inntrykk av at lærerne bryr seg om barnet mitt	78,6%	16,1%	3,6%	-	-	-	4,7
Jeg har inntrykk av at lærerne har positive forventninger til mitt barns læring og utvikling	79,6%	14,8%	2,8%	1,6%	-	-	4,7
Jeg har inntrykk av at lærerne behandler barnet mitt med respekt	82,8%	11,6%	2%	2,4%	0%	1,2%	4,8
Jeg har inntrykk av at barnet mitt spør læreren om hjelp hvis det er noe han/hun ikke får til	53,6%	32,4%	7,2%	4,4%	0%	2,4%	4,4
Jeg har inntrykk av at lærerne hjelper barnet mitt slik at han/hun forstår det som skal læres	66,4%	24,8%	4%	3,2%	0%	1,6%	4,6

Dette må seiast å vere ei god tilbakemelding til lærarane i Voldaskulen.

Arbeidsforhold og læring

	Helt enig	Litt enig	Verken enig eller uenig	Litt uenig	Helt uenig	Vet ikke	Snitt
Jeg har inntrykk av at det er god arbeidsro i timene	31,3%	31,8%	9,4%	14,6%	3,1%	9,9%	3,8
Jeg har inntrykk av at i klassen til barnet mitt synes de det er viktig å jobbe godt med skolearbeidet	44,8%	27,1%	16,1%	-	-	8,3%	4,2
Jeg har inntrykk av at i klassen til barnet mitt vet elevene at det er greit å gjøre feil, fordi de kan lære av det	44%	25,1%	16,2%	-	-	13,1%	4,3
Jeg har inntrykk av at barnet mitt får nok faglige utfordringer på skolen	53,6%	29,2%	4,2%	8,3%	3,1%	1,6%	4,2
Jeg har inntrykk av at barnet mitt får oppgaver på skolen som han/hun klarer å løse på egen hånd	57,3%	31,3%	4,7%	3,1%	2,1%	1,6%	4,4

Jamt over gode tilbakemeldingar på arbeidstilhøva i klassene, men det er viktig å ta opplevinga om at det ikkje alltid vert opplevd som god arbeidsro på alvor.

Vurdering for læring

	I alle eller de fleste fag	I mange fag	I noen fag	I svært få fag	Ikke i noen fag	Vet ikke	Snitt
Jeg har inntrykk av at barnet mitt forstår hva som er målene i de ulike fagene	31,3%	17,4%	26,1%	5,2%	2,6%	17,4%	3,8
Jeg har inntrykk av at barnet mitt vet hva det legges vekt på, når skolearbeidet hans/hennes vurderes	28,7%	20,9%	23,5%	-	-	18,3%	3,8
Jeg har inntrykk av at barnet mitt får tilbakemeldinger om hva som er bra med arbeidet han/hun gjør	42,1%	31,6%	15,8%	5,3%	0%	5,3%	4,2
Jeg har inntrykk av at barnet mitt får tilbakemeldinger om hva han/hun bør gjøre for å bli bedre i fagene	33%	25,2%	23,5%	3,5%	0%	14,8%	4
Jeg har inntrykk av at barnet mitt får være med på å foreslå hva det skal legges vekt på, når skolearbeidet skal vurderes	16,5%	3,5%	11,3%	9,6%	9,6%	49,6%	3,2
Jeg har inntrykk av at barnet mitt får være med på å vurdere sitt eget skolearbeid	16,5%	13%	15,7%	12,2%	4,3%	38,3%	3,4
Jeg har inntrykk av at barnet mitt får hjelp av lærerne til å tenke gjennom hvordan han/hun utvikler seg i faget	25,2%	18,3%	17,4%	6,1%	2,6%	30,4%	3,8

Mobbing på skolen

	Helt enig	Litt enig	Verken enig eller uenig	Litt uenig	Helt uenig	Vet ikke	Snitt
Skolen håndterer mobbing av elever på en god måte	24,9%	24,9%	12,2%	6,5%	2,4%	29%	3,9

Det store bildet er at dei føresette ser ut til å vere nøgde i korleis skulen handterer mobbing. Når det likevel er nokre som er heilt eller litt ueinig, er det eit viktig signal til oss som jobbar i skulen at vi må ha god dialog med heimane i denne type saker, og det er viktig at heimane veit korleis vi tek hand om slike saker og opplever tryggleik på dette.

Dialog og medvirkning

	Helt enig	Litt enig	Verken enig eller uenig	Litt uenig	Helt uenig	Vet ikke	Snitt
Kommunikasjonen mellom hjem og skole er god.	60,4%	26%	5,2%	5,2%	3,2%	0%	4,4
Lærerne viser interesse for mine synspunkter om mitt barns læring og utvikling	65,5%	15,7%	6,8%	-	-	7,2%	4,5
Lærerne følger opp mine synspunkter om mitt barns læring og utvikling	53,9%	24,9%	6,9%	2,9%	1,2%	10,2%	4,4
Jeg blir tatt imot på en god måte når jeg kontakter skolen	79,2%	12%	3,6%	3,2%	-	-	4,7
Jeg kan raskt få til et møte med kontaktlæreren hvis jeg har behov for det	65,9%	10%	5,2%	-	-	16,1%	4,6
Jeg kan raskt få til et møte med skolens ledelse hvis jeg har behov for det	36,8%	12,1%	6,5%	3,6%	2,8%	38,1%	4,2

Eit snitt på alle parameter over 4 må seiast å vere eit godt resultat når det gjeld dialog og medverknad.

Utviklingssamtalene

	Helt enig	Litt enig	Verken enig eller uenig	Litt uenig	Helt uenig	Vet ikke	Snitt
Jeg er informert om hva som kan tas opp på utviklingssamtalene om barnet mitt	57%	22,8%	7,6%	-	-	7,6%	4,4
Utviklingssamtalene har preg av samtale mellom kontaktlæreren og meg som forelder	63,3%	17,7%	5,1%	-	-	11,4%	4,6
Jeg og barnet mitt blir enige med kontaktlæreren om hvordan barnet mitt skal følges opp, når det gjelder læring og utvikling	51,9%	30,4%	5,1%	-	-	10,1%	4,5
Lærerne følger opp avtaler og beslutninger fra utviklingssamtalene	52,6%	21,8%	-	0%	-	15,4%	4,5

Jeg følger opp avtaler og beslutninger fra utviklingssamtalene	64,9%	23,4%	5,2%	0%	0%	6,5%	4,6
--	-------	-------	------	----	----	------	-----

Desse tala fortel oss at føresette opplever kommunikasjonen kring utviklingssamtalane (foreldresamtalane) som gode.

Læring og utvikling

	Helt enig	Litt enig	Verken enig eller uenig	Litt uenig	Helt uenig	Vet ikke	Snitt
Barnet mitt får opplæring i tråd med egne evner og forutsetninger i alle fag	45,5%	-	27,3%	-	0%	0%	4
Barnet mitt viser en positiv faglig utvikling på skolen	72,7%	-	-	-	0%	0%	4,5
Hvis skolen oppdager at barnet mitt har svak faglig utvikling, får barnet mitt raskt ekstra støtte for å komme videre	-	-	-	-	0%	45,5%	3,8

Skolefritidsordningen (SFO) 1

	Helt enig	Delvis enig	Verken enig eller uenig	Delvis uenig	Helt uenig	Vet ikke	Snitt
Barnet mitt trives på SFO	75,8%	18,2%	-	-	0%	0%	4,7
Jeg opplever at personalet på SFO bidrar til et godt sosialt miljø for barna	75,8%	15,2%	-	-	0%	0%	4,6
Jeg opplever at personalet på SFO bidrar til et fysisk trygt miljø for barna	78,8%	15,2%	-	-	0%	0%	4,7
Det samlede aktivitetstilbudet på SFO er variert	84,8%	9,1%	6,1%	0%	0%	0%	4,8
Det samlede aktivitetstilbudet på SFO er godt tilpasset	78,8%	12,1%	6,1%	3%	0%	0%	4,7
Aktivitetene i skolens ferier er gode	42,4%	30,3%	9,1%	3%	0%	15,2%	4,3
Aktivitetene i skolens ferier er varierte	36,4%	30,3%	9,1%	3%	0%	21,2%	4,3

I slike undersøkingar er det UDIR sine prikkreglar som gjeld, noko som gjer at det fleire stader i tabellane er tal som er unnateke offentlegheit (der det er – i rutene). Elles må det seiast at dette er ei god tilbakemelding til SFO-tilbodet i Volda kommune

3.7 Tiltak for å betre læringsresultata i Voldaskulen

- Fokus på god undervegsvurdering. Gjennom elevmedverknad skal elevane ha eit eigarforhold til læring; forstå kva dei skal lære, og korleis dei skal lære det.
- Samarbeid heim-skule: Endra form og innhald på utviklingssamtalane (foreldresamtalane); meir fokus på elevane sine styrkar og ferdigheiter.
- Nye verktøy i IKT har gitt nye moglegheiter for nye undervisningsmåtar, har auka motivasjon og meistring for mange.
- Medviten bruk av SOL (Systematisk Observasjon av Lesing), vektlegging av omgrepsforklaringar.
- Variert bruk av læringsstrategiar. Elevane lærer ulikt, dette krev av oss som skule at vi og tilpassar læringa til den einskilde elev.
- Bruk av delingstimar til å dele ei klasse, særleg i basisfaga norsk, matte, engelsk. Sikrar betre oppfølging av den einskilde elev.
- Fokus på vurderingspraksisen vår; elevane skal forstå læringsmåla, elevane skal kjenne kriterier for måloppnåing, korleis eigenvurdere/kameratvurdere slik at det fremjar læring, mindre bruk av «vanlege prøver» - meir bruk av praktiske og munnlege prøver.
- Lagt til rette for erfaringsdeling, som igjen fungerer som «internopplæring».
- Tidleg identifisering av elevar som har behov for særskilt merksemd i opplæringa, som t.d. tidleg støtte i leseopplæringa.
- Følgje opp resultata på nasjonale prøver, gjere nytte av oppfølgingsverktøyet frå UDIR.
- Spesifikk trening knytt til grunnleggande ferdigheiter..
- Det vert arbeidd aktivt med å betre kvaliteten i den ordinære og tilpassa undervisninga. Det tyder mellom anna at alle lærarane har ansvar for elevane sine grunnleggande ferdigheiter. Lesing er ikkje berre norsklærer sitt ansvar, rekning er ikkje berre matematikklærer sitt ansvar – vi har felles ansvar.

4 Utviklingsarbeid og satsingar i Voldaskulen

Volda kommune har formulert verdiord som skal gjennomsyre og kjenneteikne oss som organisasjon. To av desse verdiorda er at vi skal vere kompetente og lærande. Det er kanskje sjølvstøtt for oss som skule, og vi ønskjer å stadig forbetre praksisen vår, slik at elevane våre får best mogleg læringsutbytte. Gjennom utviklingsarbeida og satsingane våre ønskjer vi og å auke den einskilde lærar sin kompetanse, slik at han/ho er best mogleg rusta i dei daglege møta med elevane sine og kan bidra til målet om auka læringsutbytte.

Dersom ein ser på trendane våre når det gjeld resultata på nasjonale prøver og eksamensresultata, ser vi interessante bilete for kommunen som heilskap. På nasjonale prøver i 5. klasse er resultata frå år til år relativt varierende (når vi samanliknar oss med fylkesnivå og nasjonalt). Dette kan forklarast på mange måtar: elevgrupper er ulike, lærarstabilitet kan spele inn og det kan av og til vere utfordrande læringsmiljø. På same tid ser vi ein relativt tydeleg trend over tid at vi er over snittet på dei aller fleste resultata når vi ser på grunnskulepoenga og

eksamensresultata. I tillegg ser vi jamt over tid at framgangen mellom 8. og 9. årssteg på dei nasjonale prøvene er tydelege. Noko av forklaringa på dette siste er moglegvis at prøvene er dei same for begge årsstega, og at ein bør forvente meir av ein 9. klassing i høve det vedkomande presterte på 8. årssteg. Likevel er det ein gledeleg trend som vi må sjå på som ein indikasjon på at ein gjer gode grep utover i skuleløpet.

Ein har tidlegare i tilstandsrapportar peika på akkurat dette, og spurt seg om eit løft i resultata på nasjonale prøver for 5. årssteg vil gi tilsvarande løft i 8. og 9. årssteg? Og vil grunnskulepoenga og eksamensresultata også bli høgare/betre? Slike spørsmål vil ein ikkje kunne gi klare svar på, men det er spørsmål som vi tek med oss vidare.

Dei nasjonale styresmaktene vedtek læreplan som er skulens mandat å gjennomføre. I tillegg kjem det jamleg stortingsmeldingar som fortel kva skulen skal leggje til grunn for si verksemd. Desse utdanningspolitiske måla forpliktar oss som skuleeigar. I St.meld 21, 2016-17 «Lærelyst – tidleg innsats og kvalitet i skulen», legg ein m.a følgende til grunn:

- Tidleg innsats
- Lokalt arbeid med kvalitetsutvikling
- Eit godt læringsmiljø med godt læringsutbytte
- Ein skule for alle, der ein gjennomfører vidaregåande opplæring

Desse føringane set rammer for arbeidet vårt som skuleeigar. Kvalitetsplanen vår er det dokumentet som representerer kommunen si forståing og presisering av dei nasjonale føringane. Mellom anna har *Kvalitetsplanen* vår eit kapittel om meistring og læring, der vi innleier slik:

«Alle barn, unge og vaksne sektoren yter tenester til skal ha like moglegheiter til å utvikle evnene sine. For å lukkast med det, må ein arbeide aktivt for at alle skal tileigne seg eit rikt og variert erfaringsrepertoar knytt til eiga meistring. Tilsette må legge til rette for at alle får gode erfaringar i å lykkast i kvardagen. Dei som har erfaring i å meistre vil kunne stole på eigen kapasitet, vere motivert for å ta fatt på oppgåva og utvikle tru på eigen kompetanse. Det er desse som får flest positive erfaringar knytt til eiga læring og meistring. Gjennom støtte og oppmuntring, samt utfordringar som er tilrettelagd den einskilde, skal dei tilsette bidra til at alle barn, unge og vaksne opplever motivasjon for og glede over eiga meistring i det daglege».

4.1 IKT – pedagogisk bruk av digitale verktøy

Volda kommune har i seinare tid satsa tungt på å gjere seg god nytte av digitale verktøy, for vår del iPad (1.-7. klasse) og Chromebook (8.-10. klasse). Vi har investerte betydelege beløp på å sikre kvar elev sitt eget nettbrett eller chromebook, samstundes som SSIKT har sørnga for ei naudsynt oppgradering på infrastrukturen på skulane. I tillegg til dette har det og vore lagt ned betydelege ressursar i kurs og kompetanseheving for å sikre god, pedagogisk bruk av verktøya. Til dette har det vore nytta ekstern kompetanse gjennom firmaet Kreasjon AS, samt at alle våre lærarar og leiarar er inne i modulbasert vidareutdanning gjennom samarbeid med Høgskulen i

Volda. Vi opplever at denne satsinga er på eit godt spor. Resultatet er at ein har fått fleire og nye moglegheiter for å drive god, tilpassa undervisning.

Denne satsinga har vore stor, og resulterte i m.a at sektor for opplæring og oppvekst fekk Volda kommune sin innovasjonspris 2017 (ein pris vi delte med Styrk arbeid). All nysatsing og nytt arbeid er utfordrande, og vi kan i ein slik fase oppleve «voksesmerter». For vår del er det slik at mellom tilsette er det svært ulik kompetanse ein har på dette feltet i utgangspunktet. Det har då vore understreka at alle startar «der ein er». I tillegg har ein møtt på tekniske utfordringar, etiske utfordringar og pedagogiske utfordringar.

Vegen må bli til medan ein går, slik også rektor ved Folkestad skule seier det:

«.....det er ingen veg tilbake. Vi må berre køyre på vidare. Ein må knuse nokre egg for å lage ein omelett. Den digitale verden har kome for å bli, og Volda kommune har gjort eit IKT-kvantesprang i skulen. Undervisninga for borna våre vil aldri bli den same etter innføringa av nettverk, iPad og google-suite. Lærarane på Folkestad applauderer i stor grad det som har skjedd og det skjer store og positive endringar digitalt i klasseroma gjennom læringsplattformen i Google og flotte lærings-appar på iPad».

Ei slik satsing kan nok utløyse både energi og frustrasjon. Ei gledeleg følgje er at det i eit kollegium ofte står fram tilsette som med sin kompetanse kan verte ressurspersonar.

«To IKT-lærarar med stort pågangsmot saman med gode medspelarar har stått for ein solid delingskultur på Facebook, team og steg. Satsinga på småskulesteget er naturlegvis kome lengst, men vi er no også godt i gang på mellomsteget. Det er ulike praksis klassene, og det er sett fram felles krav om at alle skal arbeide med showbie og google(timeplan). I tillegg til kursinga med Kreasjon har vi hatt internkursing for lærarar og skal ha kurs for assistentar/miljøretteleiarar».

Ved Øyra skule seier rektor det slik:

Elles oppsummerer Øyra skule utfordringane slik:

«Utfordringar i den digitale satsinga er at assistentar og miljøretteleiarar ikkje har iPad, at vikarar og studentar heller ikkje har det og at ein førebels manglar ein heilskapleg plan på skulen for korleis ein skal strukturere lagring og deling av kunnskap/læringsressursar. Akkurat no er det litt privatpraksis med «her og no løysingar».

Ungdomsskulesteget nyttar eit anna verktøy enn dei yngste elevane, og slik seier ein lærar ved Volda ungdomsskule det når ein vurderer moglegheitene:

«Med chromebook er moglegheitene endelause. Dersom ein er nysgjerrig nok og modig nok, fins der eit tilleggsverktøy for det meste. Eg håpar alle lærarane sit heime og utforskar ulike verktøy og funksjonar. Tankekart, videoinnspeling, opptak av lyd, deling av skjerm og pushing av skjerm er berre nokre av dei verktøya vi har nytta i klasserommet. Knytt til vurdering for læring, er chromebook eit ypparleg verktøy. Det er lett å gå rett inn i teksta til eleven og kommentere, rettleie og vurdere medan dei sit og skriv i klasserommet».

Samstundes er ein klar over at lærarar også opplever utfordringar som dei treng støtte og hjelp til:

«Det er store ulikskapar i ferdigheitsnivå blant lærarar, men ikkje blant elevane. Nokon tykkjer det er "skummelt" å prøve nye ting. Det er sjølv sagt eit spørsmålsteikn knytt til sikkerheit? Kva kan elevane få til på sin eigen chromebook, som vi lærarar ikkje veit om enda? Kva feller bør vi unngå i eksamensperioda, heildagsprøver, skriftlege arbeid osv.? Vi lærarane nyttar no mange ulike tilleggsverktøy i undervisninga, i staden for å få ei "liste" over kva som er godkjende verktøy og kva som ikkje skal nyttast. Dette kan vere eit problem dersom ein skal lage digitale prøver, då er det ikkje alle typar filformat som kan lastast opp.»

«Der kan også vere utfordringar knytt til mobbing. No er den digitale kvardagen også komen inn i klasserommet. Dette kan bety at elevar som er utsette for mobbing, heller ikkje får "fri" i klasseromssituasjonen. Her burde vi ha klare retningslinjer for bruk av chromebook, reglar for deling, kva program som kan verte nytta, kva nettsider som kan opnast, osv.» Kanskje SSIKT kan blokkere enkelte sider?»

Vi er heilt i startgropa på den store satsinga innan IKT-verktøy. Likevel er det allereie fleire tilbakemeldingar om at ein har fått verktøy som gjer lærarane i stand til å drive undervisninga si på nye og spennande måtar. Dette er noko vi vil vidareutvikle gjennom erfaringsdeling, nettverk og kompetanseutvikling saman med Høgskulen i Volda. Her kan det nemnast:

- Tilbakemelding og foreldresamarbeid via digitale kanalar. Gjer det mogleg å vere tettare på i vurdering og rettleiing.
- Meir effektiv delingskultur ved å arbeide i samtid i t.d googledisk.
- Grunnleggande lese –og skriveopplæring i møte med dei nye verktøya; korleis kan vi vere innovative på dette området?

4.2 Vurdering for læring

Vurdering for læring (VFL) har vore ei viktig satsing dei siste tre åra i Voldaskulen. Målet har vore å forbetre vurderingspraksisen vår, noko som igjen skal fremje meir læring. Basert på internasjonal forskning har ein definert fire prinsipp for god undervegsvurdering:

- *Elevane skal forstå kva dei skal lære og kva som er forventa av dei. Då er mål, kriterier og kjenneteikn for måloppnåing viktig.*
- *Elevane skal få tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen.*
- *Elevane skal få råd om korleis dei kan forbetre arbeida sine.*
- *Elevane skal vere involvert i eige læringsarbeid ved blant anna å vurdere eige arbeid og utvikling.*

Eit godt læringsmiljø og god læringsleiing er viktige føresetnader for godt vurderingsarbeid. God undervegsvurdering er viktig for å drive god, tilpassa opplæring.

I lys av at VFL har vore ei sentral kommunal satsing dei siste åra, er det gledeleg å sjå at vi er over det nasjonale snittet i høve resultatane frå Elevundersøkingane når det gjeld VFL på 10. trinn. Resultata på 7. trinn er for Volda sin del på same nivå som det nasjonale.

Det er og interessant å sjå utviklinga på dei ulike spørsmålsindikatorane frå år til år. I denne rapporten vert det for omfattande å gå gjennom alle delspørsmåla, men skuleeigar og skulane har analysert dette for sin eigen del. Her syner det på kommunenivå ein jamn, god framgang på dei alle fleste spørsmåla. Vi er og over det nasjonale snittet på alle delspørsmåla, så nær som eitt.

Vår satsing og deltaking i VFL vert avslutta til sommaren, og sluttrapport skal sendast frå kommunen september 2018.

4.2.1 Døme på endra praksis og tiltak i Voldaskulen gjennom deltaking i VFL

- * Fokus på læringsmål og at elevane skal forstå dei – «gjere for å lære»
- * Bruk av læringspartner/kameratvurdering. Eigenvurdering og faglærer tett på elevane i læringsprosessen gjennom god undervegsvurdering.
- * Auka forståing av «omvendt undervisning» (jf Henning Fjørtoft), dvs planlegge vurdering og undervisning samtidig for å skape meir motivasjon, aktivitet, meistring og ansvar for kvarandre i læringsarbeidet.
- * Ein har jobba for å synleggjere den nære samanhengen mellom elevmedverknad og VFL.
- * Mindre bruk av karakterar – kjenneteikn på måloppnåing og vurderingskriterium.
- * Samskriving/tenkeskriving/proessorientert skriving. Fokus på prosess og sjølvregulering.
- * Fagdagar (heile og halve) i staden for heildagsprøver.

- * Mindre bruk av «vanlege» prøver, meir bruk av praktiske og munnlege prøver der elevane gjennom varierte måtar får vise kunnskapen sin.
- * Meir effektiv, raskare og meir direkte vurdering/tilbakemeldingar gjennom dei nye, digitale verktøya (iPad og Chromebooks). Har sett auka motivering kring dette.
- * Gjennom erfaringsdelingar har ein hatt internopplæring knytt til dei ulike prinsippa for VFL.
- * Knytta VFL saman med SOL (Systematisk Observasjon av lesing). Har m.a utarbeidd ei liste/bank med moglege tilbakemeldingar til elevane, ei liste som vert nytta mot alle årssteg.
- * Auka fokus på elevane sine styrkar
- * Jobba med utviklingssamtalen. Gi meir merksemd på styrkar og det positive – det vi løftar opp får vi meir av.
- * Fleire skular omtalar VFL som eit arbeid som no har kome «under huda» i personalet. Dette er målet med alle utviklingsarbeid, nemleg at på eit tidspunkt skal «prosjektet» gå over til å vere ein integrert del av skulekvardagen.
- * Ein har jobba fram mot, og oppnådd, ein meir kollektiv vurderingskultur ved skulen.

Lærer ved
Bratteberg skule
om VFL og
elevmedverknad:

...I både teikneforming, engelsk og KRLE har elevane fått vere med på å setje kriterier for eit arbeid som skal startast opp; kva som bør vere med for å nå eit mål og korleis ein skal jobbe. Lærar opplev det som at elevane likar det, og dei kjem med mange gode forslag. Tidvis har dei fått velje den teksten som høver for i engelsklekse – tilpasse til ferdigheit/ønske om utfordring.

I samfunnsfag har det vore samtale om korleis dei lærer best, og lærar har lagt opp til at dei skal få prøve varierte måtar.

Vi er usikre på om elevane veit at dette er elevmedverknad. Vi trur dei veit at dei får vere med på å seie kva dei meiner, og delvis får ønska sine, men dei veit nok ikkje godt nok at det kallast elevmedverknad. Her har vi vaksne ein jobb!

Vi håpar at elevane i 5.klasse gjennom dette skuleåret har fått oppleve at sjølv om det er ting her på skulen som er «slik eller slik», så kan ein faktisk få til endringar om ein spør ein vaksen på ein roleg og sakleg måte – vi kan gjerne vere med på gode løysingar som desse små glupingane har! Det handlar om respekt!

4.3 Lærings- og klasseleiing

I læringsarbeidet er to av dei sentrale omgrepa motivasjon og meistring. Når vi listar opp det vi ønskjer av våre tilsette, er det den autoritative vaksne som er idealet. Denne vaksne utøver kontroll i læringsarbeidet og har samstundes varme, empati og god relasjonskompetanse i møte med elevane sine. Ein slik lærar vert i fagtermene kalla ein «autoritativ lærar». Slik kan vi seie kjenneteiknar ein god lærar:

- Er medviten om og skjønar at han/ho er den som har leiaransvar
- Har innsikt i og oversikt over klassa som sosialt system
- Har ein positiv og støttande relasjon til kvar elev, og er medviten om at ansvaret for relasjonen ligg hos lærar
- Er medviten om å etablere ein god læringskultur, og veit korleis han/ho skal gjere det
- Er medviten om å etablere dei strukturane og rutinane som er naudsynte
- Er tydeleg på kva han/ho forventar av elevane sine, og er ein god motivator
- Er god i faget sitt, og veit korleis han/ho best kan sørge for læring for elevane
- Er medviten om, og gjennomfører, gode samarbeidstilhøve mellom skule og heim



Dersom elevane skal realisere læringspotensialet sitt, er det avgjerande at læraren har tydelege forventningar til elevane, og evnar å motivere dei til innsats. Tydelege formål med læringsaktivitetane saman med tydelege forventningar gjer at elevane betre får ein metarefleksjon på eiga læring. Gjennom arbeidet med Vurdering for Læring har målet vore å leggje betre til rette for nettopp dette.

Kvalitetsplanen vår (s.7) omtalar forventningane til våre tilsette slik:

«For å skape gode oppvekstvilkår for barn og unge er ein avhengig av at dei tilsette er kompetente og trygge i rollene sine, at dei er genuint interesserte i det einaskilde barnet eller ungdomen, ser den einaskilde sine behov og gjer dei grepa som må til for å sikre barnet eller ungdomen sine rettar til ein trygg oppvekst.

Trygge, tilgjengelege og kompetente tilsette skal vere til støtte for barn og ungdom i utviklingsprosessen. Eit anerkjennande miljø med tydelege, venlege og stabile tilsette med rett kompetanse gir eit godt utgangspunkt for vekst og utvikling for eit barn.»

4.4 Heilskapleg arbeid med læringsmiljøet

Etter §9A i opplæringslova, har alle elevane rett til eit trygt og godt fysisk og psykososialt miljø, som fremjar helse, trivsel og læring. For å sikre desse rettane er det viktig at skulane har eit systematisk og pågåande arbeid som skal oppretthalde og utvikle gode læringsmiljø. Vi har i rapporten allereie omtalt kva læringsmiljø må bere preg av, og korleis vi forventar våre tilsette opptrer i dette landskapet.

Forskning viser vidare at fem forhold er grunnleggande når ein arbeider med å utvikle og oppretthalde gode læringsmiljø:

- Læraren si evne til å leie klasser og undervisningsforløp
- Læraren si evne til å utvikle positive relasjonar med kvar enkelt elev
- Positive relasjonar og kultur for læring blant elevane
- Godt samarbeid skule og heim
- God leiing, organisasjon og kultur for læring på skulen

Siste åra har ulike undersøkingar (m.a gjennom Ungdata) vist at mange unge slit med si psykiske helse. Dette ønskjer vi stadig meir kunnskap og kompetanse om, slik at vi best mogleg kan ha trygge miljø som fremjar den psykiske helsa. I dette ligg og at vi må vere medvitne om korleis vi best mogleg kan lære våre unge strategiar for å takle dei utfordringane livet byr på, og korleis vi som tilsette kan støtte dei i dette. Vi vil at elevane våre i Voldaskulen skal få hjelp til å:

- Meistre utfordringar og problem i dagleglivet
- Støtte andre som måtte ha det vanskeleg
- Identifisere og snakke om kjensler

4.4.1 Arbeid for å betre læringsmiljøet og trivsel i skulen

Voldaskulen deltek for tida i kompetanseheving i regi av Læringsmiljøsentret i Stavanger. Her lærer ein meir om korleis ein kan gripe an mobbesaker og saker der klasser har utfordringar med klassemiljøet. Tematikken her er avdekkje mobbing, korleis få slutt på mobbing, mobbinga sin psykologi og korleis rehabiliterer eit klassemiljø som er dårleg. I kjølvatnet av dette er det etablert eit tverrfagleg, kommunalt innsatsteam mot mobbing som kan tre inn som støtte for skulane i særleg krevjande saker.

I denne kompetansehevinga ligg og eit anna sentralt element, nemleg bruk av ikkje-anonyme spørjeundersøkingar (Spekter). Her får læraren høve til å få informasjon som ein på ein rask, nær og direkte måte kan arbeide vidare med. I denne undersøkinga ligg det og spørsmål om elevane opplever seg mobba av tilsette. Dette har særleg fokus i den allereie omtalte §9A i oppl. lova, og det er strenge føringar for korleis dette skal handterast.

Bruk av Spekter er relativt nytt i Voldaskulen, og vi gjer oss gode erfaringar med dette verktøyet. Tilbakemeldingane så langt er at denne undersøkinga gir læraren betre, meir ope og meir direkte informasjon som gir eit svært godt grunnlag for å arbeide vidare med viktige relasjonar mellom elevane.

Punktvis kan vi vidare oppsummere arbeidet på dette feltet slik:

- * Systematisk og fokusert arbeid på korleis vi kan styrke relasjonsbygginga
- * Systematisk arbeid for å utvikle gode klasseleiarar med god relasjonskompetanse
- * Jamleg drøfting og evaluering av rutinane for overgang mellom barnehage og skule, og overgangane som er mellom barneskule og ungdomsskule
- * Medviten og systematisk bruk av livsmeistringsprogrammet Zippys Venner på 1.-4. årssteg; program som legg vekt på anerkjennande kommunikasjon, bruk av sosiale historier og oppfølgingsspørsmål slik at ein betre forstår seg sjølv og omgjevnadene. Inneheld også løysingsforslag til drøfting, slik at ein er betre i stand til å møte utfordringar og konflikhtar som kan oppstå ved sosial samhandling.
- * Systematisk bruk av opplegget «Smart-oppvekst». Eit opplegg som har fokus på den einskilde sine eigenskapar, og skal identifisere dei ulike styrkane hjå den einskilde. «Smart oppvekst» bygger på positiv psykologi og anerkjennande kommunikasjon. Kurs og seminardagar vart halde i skuleåret 17-18, og mottakinga blant dei tilsette har vore gode. Det er tankar om å nytte dette opplegget utover mellomsteget (som har vore det steget det er innført så langt).
- * Følgje opplegget «Alle har ei psykisk helse» på ungdomsstega. Erfaringa så langt viser at dette fungerer i høve å ha ei «happening», medan systematisk arbeid over tid krev andre verkemiddel, noko til dømes «Smart oppvekst» kan gje.
- * Bruk av psykologisk førstehjelp som ei støtte til arbeidet med psykisk helse. Her er og helsesøster ein viktig samarbeidspart og støtte.
- * Jamlege gjennomføringar av anonyme og ikkje-anonyme spørjegranskingar (SPEKTER). Rutinar for å følgje opp dette, også å nytte Erling Roland sin metodikk for å handtere mobbing, klasser som har vanskar med det sosiale og korleis ein kan rehabiliterer ei slik klasse.
- * I saker med mobbing/krenking – nytte rutinane ein har utarbeida kommunalt, herunder handlingsplan som sikrar dokumentasjon og framdrift.
- * Etablering av kommunalt innsatsteam mot mobbing som skulane kan be om bistand frå ved særleg krevjande saker.
- * Eige miljøveke med fokus på nettvett, psykisk helse, klasse –og skulemiljøarbeid. Utarbeide miljøtenesteplan for skuleåret, der alle klasser er med etter turnus.
- * Melodi Grand Prix (MGP). Mål om at dette skal gi alle elevane eit positivt og godt sjølvbilette, og samtidig finne si rolle i fellesskapet.
- * Trivselsleiar (TL). Har hatt positiv effekt på elevane sin trivsel, og er med på å førebyggje uønska åtferd som erting, mobbing, utestenging.
- * Open musikkbinge og scene for ungdomsskuleelevane
- * Tett samarbeid mellom heim og skule, m.a i saker som gjeld nettmobbing/nettaktivitet. Har etablert formalisert samarbeid med FAU ved nokre skular vedkomande dette.

- * Internopplæring med fokus på inkluderande læringsmiljø
- * Vere medviten på kva «plattform» skulen byggjer si verksemd på: kva elevsyn, verdiar, forventningar, normer og reglar skal gjelde for vår skule.
- * Tett samarbeid med helsesøster, kommunepsykolog, PPT, BUP og barnevern der det er naudsynt.
- * Nytte elevrådet som ressurs i arbeidet med læringsmiljø. Sikrar eigarskap og deltaking der det er viktigast å gjere det.
- * Medviten om kva det inneber å ha tilsyn/vakt ute i friminutta. §9A i opplæringslova understreka at alle har plikt til «å følgje med», noko som for oss får følgjer for kvaliteten på tilsynet.
- * Systematisk arbeid retta mot elevar med fråvær som uroar. Revidert foldar/informasjonsbrosjyre kring dette, og arbeida med rutinar for korleis ein best møter desse elevane.
- * Gode klassereglar, tilpassa ulike årssteg.
- * Sosiale treff på og utanfor skulen i samarbeid med klassekontaktar/foreldregruppene, t.d elevkveldar med planlagt program, meir uformelle samkome som grillkveld, lommelykturar mm.

«Det kjekkaste er at heile klassa er i lag og lagar eit produkt saman. Lærarane let oss få bestemme mykje og ta ansvar for produktet og dette gjer oss motiverte og engasjerte. Vi blir også betre kjent med alle i klassa og blir tryggare på kvarandre fordi skuledagane denne veka er annleis.

Anna og Ingrid, 10B ved Volda ungdomsskule – deira opplevingar kring MGP 2018

4.5 Kompetanse for mangfald

Volda kommune har delteke i den nasjonale satsinga «Kompetanse for mangfald», som var eit utviklingsarbeid på tvers av barnehage –og skulesektoren. Målet med denne satsinga var at tilsette i barnehagar og skular skulle vere i stand til å støtte barn, elevar og vaksne med minoritetsbakgrunn på ein måte som førte til at desse i størst mogleg grad fullfører utdanningsløpet. Slik sett har/hadde dette prosjektet ei sterk, integreringsmessig grunngeving.

Desse prinsippa låg til grunn for Kompetanse for mangfald:

- Mangfald og fleirspråklegheit skal verdsettast i utdanningsløpet, og verte sett på som ein ressurs.
- Verdiar som demokrati og toleranse skal formidlast av barnehagen, skulen, vaksenopplæring og høgare utdanning. Det er eit mål i heile utdanninga at alle skal føle seg sett, inkludert og verdsett.
- Tidleg innsats er ikkje minst viktig på dette feltet, og inneber m.a at barn får eit barnehagetilbod tilpassa sine behov. Det betyr også at nyankomne elevar får kartlagt sine språklege ferdigheiter, og får eit godt og tilpassa opplæringstilbod i grunnskulen og vidaregåande opplæring, og at nyankomne vaksne som manglar grunnleggande

ferdigheiter og/eller norskferdigheiter (men som har rett til slik opplæring), får tilbod om dette.

- Langvarig andrespråksopplæring: Å lære norsk så godt at språket fungerer som eit opplæringspråk tek tid, og barnehagar og skular må arbeide systematisk med barna si språkopplæring og språkutvikling. Difor må barnehagepersonalet ha naudsynt
- kompetanse i språkstimulering i ein fleirspråkleg barnehagekvardag, og lærarar bør ha innsikt i kva det vil seie å ha norsk som andrespråk og tilpasse opplæringa i alle fag.

I Volda deltok fem einingar i satsinga; Engeset og Sollia barnehagar, Øyra skule, Volda ungdomsskule og Volda læringscenter. Desse valde kvar sine fokus i satsinga, fokus som vart delte og drøfta i nettverkssamlingar koordinert gjennom OO.

Sluttrapport vart sendt frå Volda kommune i desember 2017, der alle deltakande einingar rapporterte kva dei hadde gjort og kva endringar ein hadde oppnådd gjennom utviklingsarbeidet. I rapporten peika ein både på det ein meinte var suksessfaktorar, men og kva som vart sett på som utfordringar ved å vere deltakar i arbeidet. Dette var nokre av erfaringane:

- Einingane er grunnleggande positive til samarbeidet og kompetanseauken ein fekk gjennom Høgskulen i Volda. Vidare peikar dei fleste på at det er nyttig å vere del av nettverksgrupper med erfaringsdelinga som finn stad der.
- Noko som også går att som positive erfaringar, er at ein har auka bevisstgjerung, haldningane er endra i positiv retning og kompetansen om barn sine språkkunnskapar har auka. Fleire seier og at samarbeidet med foreldre/føresette er styrka, og ein har fått meir kunnskap om andre kulturar.
- Konkret har og einingane skaffa etterlengta og nyttig materiell som har gjort arbeidet med framandspråklege enklare. Det er eit sterkt ønskje om å vidareføre dette sjølv om prosjektida er formelt avslutta.
- Når det gjeld utfordringar gjennom prosjektet nemner fleire tid som ein viktig faktor. Vidare er det fleire pågåande utviklingsprosjekt, noko som gjer det utfordrande å halde framdrift, fokus og kunne gå i djupna. Andre har hatt ein utfordrande personalsituasjon, samt endringar i barnegruppene, som har gjort det vanskeleg å halde tråden. Det vert og nemnt som ei utfordring å lage gode, konkrete problemstillingar som det er lett å arbeide i høve til.

Kompetanse for mangfald er no avslutta, men arbeidet knytt til fleirspråklege elevar held sjølvstøtt fram, m.a i MSP-nettverk (nettverk for dei som arbeider med minoritetspråklege elevar).

4.6 Tiltak på tvers av utviklingsarbeid og satsingsområde

Dei utdanningspolitiske måla for heile grunnskuleopplæringa er våre overordna mål, der vårt fokus er at alle elevar skal inkludert og oppleve livsmeistring. Alle satsingsområda og utviklingsarbeida våre heng saman, og mange av tiltaka går på tvers av desse. Nedanfor vil vi avslutningsvis nemne andre tiltak som ikkje kjem så tydeleg fram andre stader i rapporten:

- Vidareutvikle bruken av læringsstrategiar, organisering og metodebruk i undervisninga.

- Kurs og samarbeid med fagmiljø om læringsmiljø, læringsleiing, vurdering for læring og dei universalførebyggande programma våre (Zippy, Smart oppvekst ++)
- Kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å legge til rette opplæringa for alle elevar.
- Nettverksarbeid og erfaringsdeling på skulane og mellom skulane.
- Faldaren «Elevar med fråvær som uroar» er snart ferdig revidert.

I innleiinga fekk du møte ei av foreldrerøystene i Voldaskulen. Dei føresette si rolle er svært viktig, og er av dei viktigaste medspelarane til skulen sine tilsette. Vi avsluttar med fleire av denne føresette sine tankar om Voldaskulen.

Saman skal vi sørge for at Volda kommune har trygge born som deltek, meistrar og lærer.

Eit godt læringsmiljø er prega av tryggleik. At kvar einaste elev skal føle seg trygg sosialt. Saman med lærarane og saman med medelevane. Å jobbe med relasjonsbygging er heilt grunnleggande i ein skuleklasse. Emosjonskompetanse er etter mi mening ein av dei viktigaste kompetansane vi kan jobbe med å styrke hos barn, i ei tid der fleire og fleire unge slit psykisk.

Skulen er full av varme, engasjerte lærarar. Mitt inntrykk er at dei fleste som er tilsette i den norske skulen har god kompetanse på det dei treng å ha kompetanse på. Det verkar samtidig som at rammene ikkje ligg til rette for å kunne utføre jobben sin i tråd med det ein som lærar tenker er rett. Då tenker eg spesielt på korleis ein til dømes jobbar med åtferdsending i skulen. Mitt inntrykk er at straff og belønning er ein metode som framleis blir brukt i stor grad, og at dette får svært ulikt utfall hos dei ulike elevane. Viss bakgrunnen for ei uønska atferd (til dømes komme for seint på skulen) handlar om noko som er vanskeleg for eleven, meiner eg at ein må finne ut av årsaka til dette og ikkje «straffe» eleven.

Eg trur på å tilsetje fleire sosiallærarar, også i barneskulen, for å hindre at vi ikkje skaper utanforskap allereie i barneskulen. Alle treng å oppleve at ein høyrer til.

Å oppleve meistring er eit grunnleggande behov for alle barn, og skulen bør legge til rette for at absolutt alle barn får oppleve dette. At alle får bli sett og anerkjent for den ein er. Manglande oppleving av meistring fører til sinne og frustrasjon. Å mestre er viktig for å utvikle ei god sjølvkjensle. Då må ein kanskje tenke utanfor boksen og verdsette andre evner enn matematikk, lesing og skriving. Dette er også viktig, men elevar som til dømes er meir praktiske enn teoretiske må også oppleve meistring. Difor må vi kjempe for at dei praktiske og estetiske faga skal få sin plass og sin status i den norske skulen. At drama og musikk skal vere like viktig som andre fag og at dette også kan vere verktøy for å lære seg teoretisk kunnskap.

Eg ønskjer meg ein skule som først og fremst bidreg til å gjere ungane rusta til å klare seg i livet, at dei lærer seg det som trengs for å bli gode samfunnsborgarar som bryr seg om andre menneske, tek vare på naturen og som bygger bruer i staden for å bygge murar. Eg ønskjer meg ein skule som skaper engasjement, som gjer borna våre rusta til å tenke kritisk og som gjev dei tru på at dei kan vere med å forandre samfunnet og verda til noko betre.

Om eg kunne få komme med eit siste ønskje, så hadde det vore at vi hadde ein skule som bidrog til at absolutt alle barn vart sett, verdsett og at dei fekk ei grunnleggande kjensle av å vere gode nok.





SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Ivar Kongsvik

Arkivsak nr.: 2018/992

Arkivkode: A19

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
25/18	Tenesteutval for oppvekst og kultur	13.06.2018
107/18	Formannskapet	19.06.2018
83/18	Kommunestyret	21.06.2018

AUSTEFJORD BARNEHAGE

Handsaming:

Rebecca Riise Bjerknes SP

Fremlegg til nytt vedtak Austefjord barnehage

1. Austefjord barnehage vert ikkje lagt ned, då ein dei siste 2 åra ser ein auke i barnefødsjar i Austefjord krins.
2. Kommunestyret ber administrasjonen utgreie moglegheitene for eit oppvekstsenter i Austefjorden, der ressursane i barnehage, skule og SFO samla kan gje borna som veks opp i Austefjorden eit fullverdig tilbod.

Røysting:

Framlegget frå Rebecca Riise Bjerknes, SP, vart samrøystes vedteke.

Administrasjonen sitt framlegg fekk ingen røyster og fall.

Samrøystes tilråding i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 13.06.2018 til kommunestyret

1. *Austefjord barnehage vert ikkje lagt ned, då ein dei siste 2 åra ser ein auke i barnefødsjar i Austefjord krins.*
2. *Kommunestyret ber administrasjonen utgreie moglegheitene for eit oppvekstsenter i Austefjorden, der ressursane i barnehage, skule og SFO samla kan gje borna som veks opp i Austefjorden eit fullverdig tilbod.*

Administrasjonen si tilråding:

1. *Austefjord barnehage vert lagt ned frå 01.08.18*

2. *Kommunestyret ber administrasjonen om å legge til rette for alternative barnehageplassar for borna i Austefjorden.*

Vedleggsliste:

1. Høyringsbrev
2. Høyringsuttale – SU Austefjord barnehage
3. Høyringsuttale – FAU Austefjord barnehage
4. Høyringsuttale – Austefjord grendalag
5. Høyringsuttale – Kalvatn grendalag
6. Høyringsuttale – Høydal grendautval
7. Høyringsuttale – FAU Austefjord skule
8. Høyringsuttale – Utdanningsforbundet Volda

Uprenta saksvedlegg:

1. Barnehagelova
2. Rammeplan for barnehagen
3. Intensjonsavtale – Samanslåing av Hornindal og Volda kommunar

Samandrag av saka:

I sak PS 108/17 vedtok kommunestyret følgjande:

Kommunestyret ber administrasjonen fremje ei sak om framtida til Austefjord barnehage

Austefjord barnehage er lokalisert saman med Austefjord skule. Barnehagen har gode og tenlege lokale. Barnehagen sitt naturlege opptaksområde omfattar krinsane Høydal, Fyrde og Kalvatn.

Dei siste ti åra har talet på born i Austefjord barnehage variert mellom 9 og 17. Volda kommune og Ørsta kommune har gjennom mange år hatt avtale om at barn frå Bjørke skal kunne nytte barnehageplass i Austefjord barnehage. Administrasjonen er kjent med at Ørsta kommune også har avtale med Hornindal kommune, og komande barnehageår har foreldre frå Bjørke søkt om plass i Hornindal kommune.

Det er nedgang i barnetalet som gjer at drifta ved Austefjord barnehage no vert vurdert. Etter initiativ frå administrasjonen, vart det invitert til foreldremøte 14.11.2017, der framtidig drift var tema.

Det vart då lagt fram det administrasjonen hadde grunn til å tru ville vere talet på barn komande barnehageår; tre til fem born. Etter oppmoding frå foreldra, har administrasjonen venta til barnehageopptaket var ferdig før saka vert lagt fram.

Barnehageopptaket viser at det komande barnehageår vil vere åtte born fordelt på fem årssteg. Det er fleire av borna som har anna morsmål enn norsk. Tre av borna går ikkje i barnehagen i dag. To av dei går i dag i ein privat barnehage i Volda sentrum.

Fødde	Born
2013	4
2014	1
2015	2
2016	0
2017	1
Samla	8

Administrasjonen tok initiativ til eit nytt møte med foreldra til dei åtte borna. På møtet, 17.04.18, kom det fram at foreldra ynskjer framhald i drifta av barnehagen trass eit lågt barnetal og stor spreing i alder.

Saksopplysningar/fakta:

Barnehagen som pedagogisk verksemd

Administrasjonen har med utgangspunkt i ei fagleg grunngeving jf. lovverket, vurdert situasjonen i Austefjord barnehage.

Det er staten som gir overordna styringssignal og rammer for barnehagesektoren. Dei statlege føringane har som mål å sikre likeverdig og høg kvalitet i barnehagen, fokus på tidleg innsats og at barnehage inngår i og utgjør ein del av eit heilskapleg utdanningsløp.

Jf. rammeplan for barnehage, er samfunnsmandatet til barnehagen å ivareta borna sine behov for omsorg og leik, samt å fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Dette i samarbeid og forståing med heimen.

Barnehagetida utgjør ein viktig del av oppveksten til borna. For nokre born er barnehage deira første møte med eit miljø der dei må lære å vere ein del av ei større gruppe, og delta aktivt i eit fellesskap med andre born og vaksne utanfor familien.

Volda kommune skal sikre born i barnehagealder eit oppvekstmiljø med utfordringar som er tilpassa alder og funksjonsnivå. Barnehagen som lærande organisasjon og pedagogisk verksemd skal planleggje, gjennomføre og evaluere arbeidet. Arbeid med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse, kommunikasjon og språk må sjåast i samanheng og samla bidra til born si allsidige utvikling.

Slik administrasjonen forstår samfunnsmandatet til barnehagen og lovverket si tyding av omgrepet pedagogisk verksemd, kan ein ikkje rå til vidare drift av Austefjord barnehage. Stor spreing i alder vil gjere det ekstra krevjande for det pedagogiske personalet å oppfylle kravet om barnehagen som pedagogisk verksemd, jf. lov om barnehage og rammeplan for barnehage. Ein barnehage med åtte born utløyser ein relativt liten personalressurs i barnegruppa, dvs. 1,5 stilling.

Barnets beste

Jf. Barnekonvensjonen artikkel 3, skal barnet sitt beste vere eit grunnleggande omsyn i saker som vedkjem born.

Barneombodet formulerer det slik:

Når voksne skal bestemme noe som har med deg som barn å gjøre, så skal de tenke på hva som er best for deg. Dette gjelder også når voksne bestemmer noe som gjelder alle barn i Norge, eller en gruppe barn f.eks. i kommunen du bor i.

Noen ganger kan voksne bestemme noe annet enn det som er best for barn, men da skal de ha veldig gode grunner for det.

Når administrasjonen vurderer *barnets beste*, gjeld dette både individuelt og i gruppe. Barnehagen sin viktigaste sosialiseringarena er leiken. Born treng andre jamaldra som dei kan leike og utforske saman med. I undersøkingar der borna blir spurt om kva som er viktig i barnehagen, så kjem det fram at dei opplever barnehagen **først og fremst som ein arena for leik og venskap** (Østrem m.fl 2009). Born vil mest av alt leike saman med andre, og leik og vener er det borna ofte snakkar om frå sin barnehagekvardag. Leik og læring skjer i samhandling med andre born og vaksne. Det er administrasjonen si vurdering at dette ligg betre til rette der det er fleire på same årssteg og samla sett i barnegruppa. Det blir då ikkje så sårbart ved endringar ved t.d fråver av born og vaksne.

Ulemper

Administrasjonen har forståing for at foreldre og bygda sine innbyggjarar kan oppleve frustrasjon over at det vert fremja eit forslag om å leggje ned endå eit kommunalt tilbod i Austefjorden. Høyringsbrevet vart sendt ut rett etter at kommunestyret hadde vedteke å flytte ungdomsskuleelevane til sentrum. Ein vil kjenne igjen mykje av den same grunngevinga i denne saka. Det vil vere naturleg då barnehagen og skulen er begge pedagogiske verksemder.

Ulempa i denne saka er knytt til at Austefjorden ikkje vil ha barnehage i nærmiljøet, ein vil misse eit samlingspunkt, og nokre vil kunne få lengre reiseveg til/frå barnehagen. Born frå Austefjorden vil i framtida kunne gå i forskjellige barnehagar slik som borna i sentrum, sidan foreldre kan ha ulike kriterium i val av barnehage.

Fordelar

Volda kommune ynskjer å utvikle gode læringsfellesskap. Ved å leggje ned barnehagen vil born og tilsette få høve til å kome til eit større fagleg og sosialt fellesskap. Leik og læring skjer i samhandling med andre born og vaksne, og det er administrasjonen si vurdering at dette ligg betre til rette der det er fleire på same årssteg og den samla barnegruppa er større.

For å kunne utvikle profesjonelle læringsfellesskap, jf. Nordal m.fl. i rapporten *«Inkluderende fellesskap for barn og unge»*, så treng tilsette eit fagmiljø der dei kan diskutere og reflektere over arbeidet ein gjer i høve rammeverket. Leiarar og pedagogisk personale skal lære å bruke forskingsbasert kunnskap om pedagogisk praksis og knytte dette til både planlegging, gjennomføring og evaluering av verksemda. Dette er ekstra sårbart og utfordrande der det er få barn og tilsette.

Høyringssvar

Det kom inn seks høyringssvar, som ligg ved saka. Administrasjonen oppsummerer høyringssvara på følgjande måte, og med kommentar der det er vurdert som naudsynt:

1. SU Austefjord barnehage:

Viser til at det er eit tett og bra samarbeid med skulen i høve overgang barnehage-skule, og SFO-samarbeid kvar onsdag, der ein er saman i deler av dagen. Trur at fleire hadde søkt barnehagen med utvida opningstid. Ser at det komande barnehageår vil vere ei lita barnegruppe med eit stort aldersspenn. Det kan gjere det vanskeleg å legge til rette for pedagogiske opplegg i kvardagen. Håper at avgjerdsla politikarane tek blir til barnets beste.

Kommentar frå administrasjonen:

Nedlegging av barnehagen vil ikkje få konsekvensar for skulefritidsordninga.

2. FAU Austefjord barnehage:

Meiner at drift av barnehage og skule heng nøye saman i Austefjorden. Viser til auke av tal på barn fødd i bygda. Nemner også at potensielle søkjarar ikkje søker Austefjord barnehage på grunn av praktiske årsaker, opningstidene og at nokre er redde for at barnehagen skal bli lagt ned.

3. Austefjord grendelag:

Stiller seg bak uttalen frå foreldrerådet i Austefjord barnehage

4. Kalvatn grendelag:

Viser til at dei som vel å bruke barnehage i Hornindal gjer det som passar best for deira familiesituasjon. Uvissheta om framtida til Austefjord barnehage kan også vere medverkande til at ein ikkje søker barnehagen. Bør halde fram så lenge foreldra til dei som skal gå der ynskjer tilbodet, og er nøgd med tilbodet.

5. Høydal grendautval:

Trygt og godt miljø i Austefjord barnehage. Er sterkt i mot at barnehagen skal leggest ned. Foreldre som jobbar i turnus og pendlar vil få store problem med å levere i barnehage.

6. FAU Austefjord skule:

Reagerer på at FAU Austefjord skule ikkje er høyringsinstans då det vil kunne få konsekvens for morgon SFO. Samarbeid barnehage – SFO fungerer bra, då dei deler bygning og uteområde. Oppmodar om aukar bruk av ressursar på tvers av barnehage, SFO og skuledrift.

Kommentar frå administrasjonen:

Nedlegging av barnehagen vil ikkje få konsekvensar for skulefritidsordninga.

7. Utdanningsforbundet Volda:

Stiller seg bak det administrasjonen skriv i høyringa. Det pedagogiske personalet fryktar at barnehagen blir ein oppbevaringsplass og ikkje ei pedagogisk verksemd jf. rammeplanen. Peikar også på at det ikkje er ideelt og utviklande og at det vere vanskeleg å halde tritt med den faglege utviklinga for personalet. Understrekar at det er positive sider ved ei lita barnegruppe. Dei framhevar eit tett og nær kontakt med barn og foreldre og eit godt samarbeid med skulen i høve overgang barnehage og skule.

Økonomisk vurderingar

Kommunestyret vedtok i 2016 «prosessnotat økonomi», der ein teikna opp ulike prinsipp for den kommunale drifta. Her vert det nemnt at ein skal ha fokus på kjerneoppgåver, samt at ein skal optimalisere ressursbruken. Tenestestruktur på alle områder vert utfordra. Volda kommune må ta omsyn til dette når ein skal planleggje framtidig tenestestruktur for barnehagane. Rekneskapa for 2017 viser at barnehagedrifta må effektiviserast. Ein må planleggje slik at ein får mest mogleg ut av ressursane ut frå eit samla tenestetilbod.

Ved å oppretthalde tilbodet må ein som i år, auke personaltettleiken utover det som er normalt for åtte born. Dette for å kunne gi eit forsvarleg tilbod i den tida borna er i barnehagen. Det er

med andre ord knytt ein relativt stor meirkostnad pr barn i Austefjord barnehage samanlikna med andre kommunale barnehagar.

Administrasjonen estimerer ei innsparing på eitt pedagogisk årsverk ved nedlegging av Austefjord barnehage, som med arbeidsgjevaravgift og sosiale kostnader utgjer om lag kr 520 000,-

I tillegg må ein rekne innsparing i redusert behov for reinhald og vedlikehald samt energikostnader.

Vurdering og konklusjon:

Ei avgjerdsle som gjeld barnehagedrift ligg i kjerneområdet av den kommunale handlefridomen. Ei avgjerdsle som gjeld barnehagestruktur må bygge på eit kommunestyre sine økonomiske, politiske og samfunnsmessige prioriteringar.

Administrasjonen vurderer det slik at ein ut frå ein fagleg ståstad ikkje kan forsvare vidare drift av ei pedagogisk verksemd med det tal på barn ein kjenner til i Austefjord barnehage komande år, og som er fordelt på fem årsteg. Kommuneplanen sin samfunnsdel peikar på at ein strategi skal vere full barnehagedekning og godt pedagogisk innhald i alle barnehagar og skular. Kommunestyret bør som barnehageeigar ha ein strategi på at det skal vere ein viss felles standard og innhald i dei kommunale barnehagane.


Samstundes seier kommuneplanen sin samfunnsdel at tilbodet til offentlege tenester (t.d. barnehage og skule) skal stimulere til busetting. Trass i at Austefjorden har hatt eige barnehagetilbodet, har det ikkje motverka eit synkande barnetal. Talet på born komande år og spreinga i alder gjer at administrasjonen ikkje finn å kunne forsvare tilbodet ut i frå ei fagleg vurdering.

I intensjonsavtalen mellom Hornindal og Volda kommunar heiter det mellom anna at det er semje om å ha kostnadseffektive tenester ut i frå økonomiske ressursar. Som det er vist til i saksutgreiinga, vil ein ved vidare drift av barnehagen måtte auke personalressursen ut over det som er vanleg for å kunne ha eit forsvarleg tilsyn gjennom heile dagen. I lys av dette, vil framhald av drifta ikkje vere ei kostnadseffektiv teneste.

Trass i at det alltid vert opplevd negativt å misse eit tilbod i sitt nærrområde, så finn administrasjonen ut i frå ein fagleg og økonomisk ståstad å tilrå at barnehagen i Austefjorden bør leggjast ned. Ved nedlegging vil administrasjonen arbeide for alternative plassar i andre kommunale barnehagar. I den økonomiske vurderinga er ein tydeleg på at alt har ein samanheng i det kommunale tenestetilbodet. Prognosene framover viser at kommunen vil få utfordringar med å balansere økonomien (jfr m.a reduksjon i integreringsinntekter på storleik opp mot ca 20 mill, auka avdragskostnader på ca 6 mill som følgje av endring i utrekning av minsteavdrag, auka behov i omsorgstenestene mv). Det er eit politisk ynske om å gjere større investeringar på Volda ungdomsskule, tung deltaking i Volda Campus Arena, badeland, kulturhus, VVA-infrastruktur. Dette vil medføre vesentleg auka lånegjeld og auka drift, og noko som det må skaffast handlingsrom for. Nokre variablar synest å liggje fast:

- Politiske signal om at eigedomsskatten bør vere på noverande nivå
- Auka behov for tenester innanfor omsorg vil føre til auka utgifter i sektoren (sjølv med intern omprioritering og effektivisering)
- Auka kapitalutgifter både før nye investeringar (endring i avdragsutrekning og risiko for renteauke) og vesentleg auka dersom ein med nye investeringar vil ta opp nye lån på mellom 300 – 400 mill dei næraste åra)

Som figuren nedanfor viser så utgjør sektorane helse/omsorg og oppvekst ca 78 % av kommunen si netto drift (tenester). Grunnskulen utgjør den største delen innanfor oppvekst. Korrigerer ein for ressursar til spesialundervisning og dyr driftsstruktur, så ser ein at Volda kommune under samanliknbare kommunar på ressurstildeling til dei største skulane. Ei effektivisering/frigjering av midlar i denne sektoren må skje gjennom reduksjon av talet på einingar. Dersom kommunestyret meiner at ein skal halde fast ved dagen driftsstruktur i skule og barnehage, så vil ein måtte gjere ei ny vurdering av investeringsprogrammet eller nivået på eigedomsskatt.



Økonomiske konsekvensar:

Administrasjonen estimerer ei innsparing på eitt pedagogisk årsverk ved nedlegging av Austefjord barnehage, som med arbeidsgjevaravgift og sosiale kostnader utgjør om lag kr 520 000,-

I tillegg må ein rekne innsparing i redusert behov for reinhald og vedlikehald samt energikostnader.

Rune Sjugard
rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Opplæring og oppvekst
Austefjord barnehage

Klageinstans:



Høyringsinstansar etter liste

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/992	6581/2018	A19	OPP/ BODBRA	13.05.2018

HØYRINGSBREV - AUSTEFJORD BARNEHAGE

Bakgrunn for saka

I sak PS 108/17 vedtok kommunestyret følgjande:

Kommunestyret ber administrasjonen fremje ei sak om framtida til Austefjord barnehage

Administrasjonen har med utgangspunkt i ei fagleg grunngjeving jf. lov om barnehage og rammeplan vurdert situasjonen i Austefjord barnehage.

Austefjord barnehage er lokalisert saman med Austefjord skule. Barnehagen har gode og tenlege lokale. Barnehagen sitt naturlege opptaksområde omfattar krinsane Høydal, Fyrde og Kalvatn.

Dei siste ti åra har talet på born i Austefjord barnehage variert mellom 9 og 17. Volda kommune og Ørsta kommune har gjennom mange år hatt avtale om at barn frå Bjørke skal kunne nytte barnehageplass i Austefjord barnehage. Administrasjonen er kjent med at Ørsta kommune også har avtale med Hornindal kommune, og komande barnehageår har foreldre frå Bjørke søkt om plass i Hornindal kommune.

Det er nedgang i barnetalet som gjer at drifta ved Austefjord barnehage no vert vurdert. Etter initiativ frå administrasjonen, vart det invitert til foreldremøte 14.11.2017, der framtidig drift var tema. Det vart då lagt fram det administrasjonen hadde grunn til å tru ville vere talet på barn komande barnehageår. Etter oppmoding frå foreldra, har administrasjonen venta til barnehageopptaket var ferdig før saka vert lagt fram.

Barnehageopptaket viser at det komande barnehageår vil vere åtte born fordelt på fem årssteg. Det er fleire av borna som har anna morsmål enn norsk. Tre av borna går ikkje i barnehagen i dag.

Født	Born
2013	4
2014	1
2015	2
2016	0
2017	1
Samla	8

Administrasjonen tok initiativ til eit nytt møte med foreldra til dei åtte borna. På møtet, 17.04.18, kom det fram at foreldra ynskjer framhald i drifta av barnehagen trass eit lågt barnetal og stor spreing i alder.

Barnehagen som pedagogisk verksemd

Det er staten som gir overordna styringssignal og rammer for barnehagesektoren. Dei statlege føringane har som mål å sikre likeverdig og høg kvalitet i barnehagen, fokus på tidleg innsats og det er peika på at barnehage inngår i og utgjer ein del av eit heilskapleg utdanningsløp.

Jf. rammeplan, er samfunnsmandatet til barnehagen å ivareta barnas behov for omsorg og leik, samt å fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Dette i samarbeid og forståing med heimen.

Barnehagetida utgjer ein viktig del av oppveksten til borna. For nokre born er barnehage deira første møte med eit miljø der dei må lære å vere ein del av ei større gruppe, og delta aktivt i eit fellesskap med andre born og vaksne utanfor familien.

Volda kommune skal sikre born i barnehagealder eit oppvekstmiljø med utfordringar som er tilpassa alder og funksjonsnivå. Barnehagen som lærande organisasjon og pedagogisk verksemd skal planleggje, gjennomføre og evaluere arbeidet. Arbeid med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse, kommunikasjon og språk må sjåast i samanheng og samla sett bidra til born si allsidige utvikling.

Slik administrasjonen forstår samfunnsmandatet til barnehagen og lovverket si tyding av omgrepet pedagogisk verksemd, kan ein ikkje rå til vidare drift av Austefjord barnehage. Stor spreing i alder vil gjere det ekstra krevjande for det pedagogiske personalet å oppfylle kravet om barnehagen som pedagogisk verksemd, jf. lov om barnehage og rammeplan. Ein barnehage med åtte born utløyser ein relativt liten personalressurs i barnegruppa dvs. 1,5 stilling.

Barnets beste

Jf. Barnekonvensjonen artikkel 3, skal barnet sitt beste vere eit grunnleggande omsyn i saker som vedkjem barn.

Barneombodet formulerer det slik:

Når vaksne skal bestemme noe som har med deg som barn å gjøre, så skal de tenke på hva som er best for deg. Dette gjelder også når vaksne bestemmer noe som gjelder alle barn i Norge, eller en gruppe barn f.eks. i kommunen du bor i.

Noen ganger kan vaksne bestemme noe annet enn det som er best for barn, men da skal de ha veldig gode grunner for det.

Når administrasjonen vurderer barnets beste, gjeld dette både individuelt og i gruppe. Barnehagen sin viktigaste sosialiseringarena er leiken. Born treng andre jamaldra som dei kan leike og utforske saman med. I undersøkingar der borna blir spurt om kva som er viktig i barnehagen, så kjem det fram at dei opplever barnehagen **først og fremst som ein arena for leik og venskap** (Østrem mfl. 2009). Barn vil mest av alt leike saman med andre, og leik og vener er det borna ofte snakkar om frå sin barnehagekvardagen. Leik og læring skjer i samhandling med andre born og vaksne. Det er administrasjonen si vurdering at dette ligg betre til rette der det er fleire på same årssteg og samla sett i barnegruppa. Det blir då ikkje så sårbart ved endringar ved t.d. fråvær av barn og vaksne.

Ulemper

Administrasjonen har stor forståing for at foreldre og bygda sine innbyggjarar kan oppleve frustrasjon over at det vert fremja eit forslag om å leggje ned endå eit kommunalt tilbod i Austefjorden. Høyringsbrevet kjem rett etter at kommunestyret har vedteke å flytte ungdomsskuleelevane til sentrum. Ein vil kjenne igjen mykje av den same grunngevinga i denne høyringa. Det vil vere naturleg då barnehagen og skulen er begge pedagogiske verksemder.

Ulempa i denne saka er knytt til at Austefjorden ikkje vil ha barnehage i nærmiljøet og ein vil misse eit samlingspunkt, og nokre vil kunne få lengre reiseveg til/frå barnehagen. Born frå Austefjorden vil i framtida kunne gå i forskjellige barnehagar slik som borna i sentrum, sidan foreldre kan ha ulike kriterium i val av barnehage.

Fordelar

Volda kommune ynskjer å utvikle gode læringsfellesskap. Ved å leggje ned barnehagen vil barn og tilsette få høve til å kome til eit større fagleg og sosialt fellesskap. Leik og læring skjer i samhandling med andre born og vaksne, og det er administrasjonen si vurdering at dette ligg betre til rette der det er fleire på same årssteg og samla sett i barnegruppa.

For å kunne utvikle profesjonelle læringsfellesskap, jf. Nordal mfl. i rapporten «*Inkluderande fellesskap for barn og unge*», så treng tilsette eit fagmiljø der dei kan diskutere og reflektere over arbeidet ein gjer i høve rammeverket. Leiurar og pedagogisk personale skal lære å bruke forskingsbasert kunnskap om pedagogisk praksis og knytte dette til både planlegging, gjennomføring og evaluering av verksemda. Dette er ekstra sårbart og utfordrande der det er få barn og tilsette.

Økonomisk vurderingar

Kommunestyret vedtok i 2016 «prosessnotat økonomi», der ein teikna opp ulike prinsipp for den kommunale drifta. Her vert det nemnt at ein skal ha fokus på kjerneoppgåver, samt at ein skal optimalisere ressursbruken. Tenestestruktur på alle områder vert utfordra. Volda kommune må ta omsyn til dette når ein skal planleggje framtidig tenestestruktur for barnehagane. Rekneskapen for 2017 viser at barnehagedrifta må effektiviserast. Ein må planleggje slik at ein får mest mogleg ut frå ressursane ut frå eit samla tenestetilbod.

Ved å oppretthalde tilbodet må ein som i år, auke personaltettleiken utover det som er normalt for åtte born. Dette for å kunne gi eit forsvarleg tilbod i den tida borna er i barnehagen. Ved å leggje ned Austefjord barnehage vil ein spare ei stilling knytt til barnehagedrifta. Dette vil også gi innsparing i andre tenestemråde i kommunen. Dette vil administrasjonen kome attende til i saksframlegget.

Administrasjonen vil i saksframlegget til kommunestyret gå nærare inn i vurderingane kring Nye Volda kommune frå 2020.

Oppsummering

Administrasjonen finn ikkje å kunne forsvare vidare drift med det tal på barn ein kjenner til fordelt på fem årssteg. Forslaget om å leggje ned Austefjord barnehage vert lagt ut på høyring til grendelaga Høydal, Fyrde, Kalvatn, rådsorgana ved Austefjord barnehage, Utdanningsforbundet og Fagforbundet.

Høyringsfrist

Det er ikkje lov- og forskriftsbestemte reglar for kor lang fristen for å uttale seg skal vere i saker som gjeld å leggje ned ein barnehage. Skal det vere tilstrekkeleg tid til å førebu saka med innkomne høyringsuttalar, vert fristen for å kome med høyringsuttale sett til **onsdag 30.05.2018**.

Dersom det er spørsmål som vedkjem høyringa, vert ein beden om å ta kontakt med sakshandsamar.

Høyringsuttalar skal merkast med saksnr. 2018/992.

Med helsing

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Bodil Brautaset
fagkonsulent barnehage

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Austefjord grendautval
Kalvatn grendautval
Høydal grendautval
Foreldreråd Austefjord barnehage
SU Austefjord barnehage
Utdanningsforbundet i Volda
Fagforbundet i Volda

Su-møte:

Arkivsaknr;
2018/992

Høyring angående Austefjord barnehage:
29.05.2018

Til stades:

Torgeir Høydal – Leiar i SU
Henning Holsvik – Politisk representant
Veronika Hennøen – Styrar
Emilie Cathrin Skår Ville – Pedagogisk leiar

SU/v Austefjord barnehage møttest for å skrive høyring vedrørande saka vedrørande saka om vidare drift for Austefjord barnehage. Torgeir starter på vegne av foreldre med sterkt ønske om vidare drift av barnehagen, og at det blir eit stort problem om den legg ned. Barnehagen ligg på Fyrde, har per no 11 barn og 4 personale der av 1 i 100% og resten har ulike prosentar. Barnehagen ligg i nærmiljøet til barna som går i barnehagen, og vi har eit stort uteområdet som vi bruker ofte, både tur til fjøra, padda, uti skog og mark, vi har fått kome på gardsbesøk og liknande. Dette er eit stort pluss.

Byggmessig er barnehagen i bra stand, og har god luft, vi har fleire rom som vi kan bruke og stor plass å boltre seg på. Ein har tett og bra samarbeid med skulen i forbindelse med overgang barnehage-skule, og dette gjer at skulestartarane får ein mjukare overgang til skule, då ein både kjenner og ser skulen kvar dag. Skulestartarane er også 1 time i veka i første klasse etter nyttår det året dei skal byrje på skulen. Og SFO-samarbeid kvar onsdag, her er vi ilag i løpet av dagen og samarbeider om forskjellige ting, og barna får leike med kvarandre.

Vi har også morgon-SFO to gongar i veka og det vil også fortsette, der dei er i barnehagen før dei går på skulen når den starter. Ved ei moglegheit for utvida opningstid, kan fleire foreldre søke barna sine inn i barnehagen. Men då må personalressursen opp, personalet kan ikkje ende opp med å gå fleire timar åleine, dette er uheldig både for barna og personalet. Komande år blir det ei lita barnegruppe med eit stort aldersspenn, dette gjer det vanskeleg å legge til rette for at alle barna får dekt dei behova dei har. Det blir vanskeleg å planlegge pedagogiske opplegg som er til det beste for alle barn, det er mogleg. Men blir då eit opplegg som alle må gjer, og vanskelig å treffe kvart barn i deira alder.

Med ei barnegruppe med få barn i kvar aldersgruppe kan det føre med seg utfordringar i forhold til det sosiale og vennskspsrelasjonar. Vi har sett tidlegare at dersom eit barn ikkje har kjemi og føler tilhørighet i barnegruppa, så er det veldig sårbart og kan prege eit barn i lang tid. Med tanke på utfordringar som har vore har personalet prøvd å løyse ting på ein god måte, og har fått tilbakemelding frå foreldra om at dei er fornøgde med tilbodet i barnehagen.

I år ser vi ei barnegruppe der dei leikar overens med kvarandre uavhengig av alder, dei lærer av kvarandre, og er godt samla. Vi har også fått tilflyttarar i løpet av året som har hatt ei god tilvenning hjå oss , når ein er ein liten barnehage har ein moglegheit til å tilrettelegge slik at tilvenninga blir til det beste for barnet. Elles håper ein at alle sider av saka blir belyst og at det blir til barnets beste.

Med helsing SU.

Høyringsuttale: Austefjord barnehage, saksnr 2018/992

Uttale frå foreldrerådet ved Austefjord Barnehage

I oktober 2017 var sak om «Utgreiing av drifta av kommunale barnehagar i kommunen» oppe i tenesteutval for oppvekst og kultur. Tilrådinga til kommunestyret for Austefjord barnehage vart: *Kommunestyret ber administrasjonen fremje ei sak om framtida til Austefjord barnehage.*

I saksdokumentet (arkivsak nr 2017/1892) står det: «*Situasjonen for Austefjord barnehage i dag er at det er ni barn som går i barnehagen. Av desse kjem to frå Bjørke. Vidare er fire av desse skulebarn frå hausten 2018. Det betyr at vi frå neste haust står att med tre barn (utifrå det vi kjenner) i barnehagen(.....) Det er administrasjonen si vurdering at vi ikkje kan drive eigen barnehage med så få barn. Vi ser det difor som naudsynt å måtte fremje ei eiga politisk sak om det framtidige barnehagetilbodet i Austefjorden.*»

Administrasjonen i Volda kommune si tilråding er no klar: nedlegging av Austefjord barnehage. Foreldrerådet ber om at politikarane i kommunestyret stemmer mot dette. Fordi:

- Bakgrunnen for fremjing av sak om framtida til Austefjord barnehage var at det frå hausten 2018 kun ville vere 3 born i barnehagen. Søkartala for barnehageåret 2018/2019 er no klare og det er 8 born (9 teljande) i barnehagen frå hausten 2018. Foreldra til desse borna er informert om antal born og aldersfordelinga og ynskjer vidare drift.

- I høyringbrevet om Austefjord barnehage vert det vist til at stor spreining i alder vil gjere det ekstra krevjande for det pedagogiske personalet å oppfylle kravet om barnehagen som pedagogisk verksemd. På foreldremøte i november 2017 der framtida til barnehagen var tema, stilte foreldre spørsmål til personalet i høve til det pedagogiske tilbodet til dei 9 borna som gjekk i barnehagen då. Dei svarte at ein hadde fått dette godt til, og at Austefjord barnehage er ein god barnehage. Foreldra har hatt eit godt samarbeid med barnehagen, er godt nøgde med tilbodet som borna får, og er ikkje i tvil om at personalet i barnehagen vil jobbe for å gi borna eit godt tilbod vidare.

- Drift av barnehage/skule og sfo heng nøye saman i Austefjorden. Born som nyttar seg av morgon-sfo vert levert i barnehagen. Dersom barnehagen vert nedlagt vil mest sannsynleg dette sfo-tilbodet forsvinne. Skulen er fådelt, per dags dato todelt. Førskuleborna får ein fin overgang til skulestart sidan barnehagen er vegg i vegg med skulen, der førskuleborna jevnlig er inne hos 1.klassingane som ein del av førskuleopplegget. Dette gir borna trygge overgangar frå barnehage til skule. Dette er i tråd med at **folkehelse** er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune. Det bør og nemnast at det rett over nyttår i 2018 kom til to nye born i barnehagen. For desse er det uheldig å ta til i enno ein ny barnehage etter så kort tid.

- I høyringsbrevet står det også: «*Barn treng andre jamaldra som dei kan leike og utforske saman med*». I Austefjorden har borna vener på same alder, over eller under same alder. Då det er samarbeid mellom barnehage/skule/sfo vil antal born å spele på vere større spesielt for dei eldste i barnehagen. Det er vel også mykje sosial læring i det å vere saman med born i ulike aldersgrupper?

- I Austefjorden er det i 2017 født 5 born. I 2018 er det også venta 5 born. Vi har altså ei positiv utvikling av barnetal i bygda vår. Med eit slikt potensiale er dette feil tidspunkt å tenkje nedlegging. Nokon vel å ikkje nytte Austefjord barnehage av praktiske årsaker (bur på Kalvatn og jobbar i

Hornindal/Stryn), andre på grunn av at opningstidene i barnehagen ikkje passar i høve til kor tid ein startar på jobb. Nokon nemner også at dei ikkje vel Austefjord barnehage fordi dei er redde for at den skal verte nedlagt, og såleis ikkje ynskjer denne uvissa for borna sine. Vi treng ro rundt barnehagen/skulen vår slik at dei som ynskjer å nytte seg av den gjer det.

-For mange av foreldra vert det svært vanskeleg å få kvardagen til å gå opp utan barnehage lokalt. Hugs: Det er ikkje alle som har ein A4 jobb i sentrumsstrok og enkelt kan levere og hente barnet før og etter jobb. Austefjorden har mange krikar og krokar der det bur folk, det er ikkje 15 minutt til Hornindal eller Volda for alle. På Volda kommune si nettside under barnehagar kan ein og lese: «*Satsingsområde for barnehagane i Volda er ein barnehage i **nærmiljøet** som integrerer omsorg og pedagogikk.*» Dette har vi i Austefjorden no.

– I utviklingsplanen for nye Volda kommune er det eit mål om å: «*Legge til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu-[...] område i alle deler av kommunen*». Nettopp difor bør det vere vidare drift av Austefjord barnehage i kombinasjon med barneskule og SFO – eit moderne oppvekstsenter, der ressursane vert utnytta på tvers av einingane.

Foreldrerådet ved Austefjord barnehage
v/ Torgeir Høydal

Høyringsuttale: Austefjord barnehage, saksnr 2018/992

Uttale frå Austefjord grendelag

Austefjord grendelag stiller seg bak uttalen frå foreldreutvalet i Austefjord barnehage.

I tillegg til det foreldreutvalet skriv har vi eit par punkt vi vil peike på.

Først vil vi gjerne peike på feil i folketalet. I 2017 var det født 5 born i Austefjorden, og i 2018 er talet venta å bli 5 born.

I tillegg ynskjer vi å peike på den dårlige ringvirkninga det vil ha å legge ned endå eit offentleg tilbod for born og unge, og foreldra deira i bygda vår. Vi opplever ei bygd i positiv utvikling, og er uroa for at det felles oppvekstmiljøet for dei unge familiane forvittrar dersom barnehagen vert nedlagt.

Vi minner om volda kommune si eiga målsettinga i kommuneplanen.

Side 15 under kapittel 4.4 om Busetting:

«Mål: Redusere den negative folketalsutviklinga på bygdene.

Strategi: Sikre at offentlige teneste tilbod (skule og barnehage) stimulerer til busetting»

Austefjord grendelag 29.05.2018

Høyringsuttale frå Kalvatn Grendalag vedrørande Austefjord Barnehage. Saksnr 2018/992.

Kalvatn grend har per i dag 10 barn i alderen 0-16 år fordelt på 6 familiar. Berre for tre år sidan var talet 2 barn. Dette viser at talet på barn i grenda stig kraftig. Enda eit barn er venta i år.

I August 2018 er det to barn i grenda som er i barnehagealder. Av desse to har eitt barn plass i Austefjord barnehage, mens det andre barnet har plass i Hornindal.

To born til blir 1 år i oktober/november og kan starte i barnehage.

Dei som vel å bruke barnehage i Hornindal gjer dette fordi det passar best for deira familiesituasjon med tanke på arbeid i Stryn eller at barnet allereie har starta i barnehagen der før dei flytta hit. Nokon nemner også at uvissheita om Austefjord barnehage si framtid gjer at dei ikkje tørr å søke over.

Sjølv om nokre familiar vel å bruke barnehage i Hornindal betyr ikkje det at Austefjorden ikkje treng barnehage i sitt eige nærmiljø. Tvert i mot, det er svært viktig for bygda.

Det er eit tett samarbeid mellom barnehage og skule i Austefjorden og dette bidrar til godt samhald mellom alle barna, på tvers av alder. Ettersom vi har barnehage og skule i bygda har idrettslaget opparbeida seg eit godt tilbod med barneidrett til barna fordelt i aldersgruppene 1-5 år, 6-8 år og 9-12 år. Dersom barnehagen og etterkvart kanskje skulen forsvinn vil dette også rasere fritidsaktivitetane i bygda, så vel idrett til korps. Dette fordi det blir naturleg for barna og foreldra å forhalde seg til aktivitetar der barnet går på barnehage eller skule.

Dei som går på barnehage andre stader får fortsatt kontakt med dei andre bygdeungane bl.a i aktivitet i regi av idrettslaget. Dei som står for dette tilbodet er foreldre av barn som går i Austefjorden i dag. Byrjer dei andre stadar er det meir naturleg å engasjere seg i idrett eller anna der barnet har sine vener. Barnehage og skule er med andre ord ei viktig kjelde for at Austefjorden er Austefjorden.

Når ein buset seg i ei lita grend som Kalvatn som er ein del av ei lita bygd er ein klar over at barna ikkje får så mange rundt seg i same alder. Det betyr ikkje at barnet verken vil lide sosialt eller pedagogisk. Det er god læring i å omgås ulike alderstrinn. Dei yngste har nokre å strekke seg etter og dei eldste lærer å ta hensyn til dei yngste.

Kalvatn grendalag meiner at barnehagen i Austefjord må få bestå så lenge foreldra til dei som skal gå der ynskjer tilbodet og er fornøgde med det barna deira får.

Vi i Grendalaget reagerer på kort tidsfrist for å uttale seg. Slik vi har forstått har de visst søkarta til barnehagen sidan midten av mars og møtet med foreldra var i midten av april. Vi set spørsmålsteikn til at høyringsbrevet kjem så seint og at saka ikkje skal opp i kommunestyret før 21.juni.

Dette er svært lite tid for foreldre og barn å evtnt måtte førebu seg på ein endra kvardag. Dette bør igjen kome dei berørte tilgode.

Med vennleg helsing

Kalvatn grendalag

Volda Kommune

Opplæring og Oppvekst

v/Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik

Svar på høyringsbrev – Austefjord barnehage

Saksnr: 2018/992

Viss ein leitar etter pedagogiske argumenter for nedlegging av Austefjord barnehage, så finn ein sikkert dei. Vi er sterkt i mot at barnehagen skal leggst ned på det grunnlaget. Talet på barnehagebarn er kanskje ikkje så stort i 2018, men dette vil variere meir frå år til år på bygdene enn i ein tettstad.

I Høydalen blir det seks mil tur – retur med reise for å kome til barnehagen. I Austefjord er det eit trygt og godt miljø, der barna trivst godt i lag på alle alderstrinn. Dei kjenner godt nærmiljøet og dei kjenner skulebarna, då dei er ein del i kontakt, både i uteområdet og elles, og det er viktig når dei skal vidare til skulen. I Austefjord er det veldig fine lokaler og godt tilrettelagt, både inne og ute. Vi meiner det er viktig for nærmiljøet og nyetablering på bygdene, kanskje aller mest i Høydal, at barnehagen blir drevet vidare som i dag. Etter forslag frå Opplærings og Oppvekstkontoret ved Kongsvik vil det rasere bygda Høydal. Det kan føre til at enkelte barn, kanskje ikkje får moglegheit til å gå i barnehage. Foreldre som jobbar i turnus og pendlar til andre stader enn Volda får store problem med å levere i barnehage. Lokalmiljøet blir splitta og samhøyrigheita blir øydelagt.

Vi håper både Opplærings og Oppvekstkontoret, og kommunestyret tek til fornuft og ser verdien i at små lokalsamfunn kan bestå.

Høydalen 29/5-2018

Høydal Grendautval v/Oddlaug Greta Høydal

Oddlaug Greta Høydal

Høyringsuttale frå FAU ved Austefjord skule vedrørande Austefjord barnehage.
Saksnr 2018/992.

FAU ved Austefjord skule reagerer på at FAU ikkje er lista opp som høyringsinstans vedrørande forslaget om nedlegging av Austefjord barnehage. Dette fordi ei nedlegging av barnehage truleg vil bety at skuleelevane og foreldra deira mister tilbodet om morgon SFO.

Skulen har hatt eit samarbeid med Austefjord barnehage om morgon SFO sidan skuleåret 2013-2014. Foreldre har då hatt tilbod om å ha barna sine der frå barnehagen opnar (kl. 07.30) til kl. 08.45 (då tek lærarane over ansvaret). Dette bidreg til at foreldre der begge har arbeidstider og/eller arbeidsstader som gjer at det er vanskeleg å få kvardagen til å gå opp, har eit tilbod og begge kan fortsette i arbeidet sitt.

I Austefjord er skule og barnehage knytt nært i hop, då dei deler bygning og leikeområde. I tillegg til morgon SFO samarbeider barnehagen med SFO på onsdagar då 1.-4.klasse har skulefri. Dette samarbeidet fungerer bra, har vi forstått av personalet.

Samarbeidet mellom barnehage og SFO er ikkje nemnd i høyringsbrevet. FAU meiner dette er viktig informasjon som har stor betydning, og gjer høyringsbrevet mangelfullt.

Til hausten er det 3 elevar som vi er kjend med som har søkt morgon SFO i tillegg til full SFO. Dette bidreg til at barnetalet vert større enn dei åtte i barnehagen, sjølv om dette berre er ein begrensa del av dagen. På onsdager er det slik vi kjenner til 7 barn i 1.-3.klasse som skal ha SFO. Dette vil seie at denne dagen blir talet i barnegruppa nesten dobla.

Vi oppmodar til auka bruk av ressursar på tvers av barnehagen, SFO og skulen. Det går an å tenke nytt i staden for å legge ned.

Mvh

FAU ved Austefjord Skule

Høyringsssvar frå Utdanningsforbundet Volda ang høyringsbrev - Austefjord barnehage:

Utdanningsforbundet Volda har innhenta informasjon og synspunkt frå klubben ved Austefjord barnehage som dannar grunnlag for høyringssvaret vårt.

Det er positive sider ved å vere ein liten barnehage, men det er og ein del utfordringar med tanke på barn og personalet. Austefjord barnehage er som nemd i høyringa lokalisert saman med Austefjord skule og har romslege avdelingar og eit variert og flott uteområde. Det er med tanke på dette gode høve til å drive ein god barnehage med mange barn. Dei siste åra har vi sett ein nedgang i barnetalet i Austefjord, og barnehagen har hatt alt frå null til seks søkarar. Dette fører til at barnegruppa blir mindre, og personalressursen vert difor mindre. Difor vert det sårbart å drive barnehagen.

Vi stiller oss bak det administrasjonen skriv i høyringa angående Austefjord barnehage. Med ei barnegruppe på åtte born, og få born på kvart alderstrinn ser vi utfordringa med å få til eit godt pedagogisk opplegg som er til det beste for alle born. Vi ser ikkje moglegheit for ei gunstig deling av barnegruppa etter alder, og mykje av det pedagogiske opplegget blir i samla gruppe. Det pedagogiske personalet i barnehagen fryktar at barnehagen blir ein oppbevaringsplass, kontra ei pedagogisk verksemd som vi skal vere i tråd med rammeplanen .

I tillegg til utfordringane som administrasjonen påpeikar i høve borna, så er det ikkje eit ideelt og utviklande tilhøve for det pedagogiske personalet heller. I det lange løp vil det vere vanskeleg å halde tritt med den faglege utviklinga som skjer i større barnehagar der ein har fleire pedagogar til å diskutere og drøfte faglege perspektiv . Det pedagogiske personalet er like tett på alle borna , og manglar/saknar difor eit blick utanfrå, for eksempel frå ein pedagog på ei anna avdeling som kan kome å sjå ting frå ei ny side.

Styrar og det pedagogiske personalet vil etter kunne stagnere og vil trenge større tilhøve for utvikling og læring enn ein kan få på ein så liten arbeidsstad.

Med tanke på at halvparten av borna i barnehagen komande barnehageår, (desse er av dei eldste borna) er born med anna morsmål enn norsk vil dei ha få gode språkmodellar som dei kan strekkje seg etter og lære norsk av. Dette kjem til å påverke det yngste barnet i barnehagen som er i starten på si språkutvikling. Dette er veldig uheldig for desse borna.

Men vi vil også understreke at der finns positive sider med ei lita barnegruppe. Noko av det som er positivt er nærheita ein får med alle borna. Ein lærer dei å kjenne på ein heilt unik måte, og personalet ser kvart enkelt barn kvar dag. Vi

får eit tett og nært kjennskap til både born og foreldre, og dette gjer at samarbeidet mellom heim og barnehage fungerer bra. Foreldra står på og engasjerer seg for barnehagen, og stiller opp mannsterke (heile familien) når det er ulike arrangement i regi av barnehagen. Dette er noko som vert sett stor pris på frå barnehagen si side.

Det er eit unikt samarbeid med skulen når det kjem til overgang barnehage-skule, der førskuleborna får vere i lag med første klasse ein time i veka. Dette gjer at overgangen til skulen blir lettare. Barnehagen har og eit samarbeid med SFO ein dag i veka, og det er kjekt og lærerikt for borna å få vere i lag med skuleborna.

Det er eit godt samhald i barnegruppa, og dei er flinke til å inkludere kvarandre i leik. Borna leikar godt i lag, uansett alder, og er mykje i lag på fritida. Det er eit godt miljø i nærmiljøet til barnehagen. Borna er i lag på både fotball, barneidrett osv når dei ikkje er i barnehagen, og dette gjer at dei har mange felles interesser og likar å vere i lag med kvarandre. Men av og til har ein opplevd at nokre born ikkje finn sin plass i gruppa, og ikkje har nokon i barnegruppa som dei har god kjemi med. Dei kjenner ikkje tilhøyrse i gruppa, og hadde nok hatt betre av å vere i ei større barnegruppe, med fleire born å spele på. Det pedagogiske personalet observerar at dette er veldig sårt for desse barna, og dei får ikkje den gode tryggleiken i barnehagen, som dei har rett til.

Visjonen til Opplæring og Oppvekst er *Volda kommune har trygge born og unge som deltek, meistrar og lærer.*

Vi oppmodar politikarane til å tenke på borna og det som er best for dei i det lange løp. Borna får kun ei barnehagetid, og den bør vere best mogleg for ALLE.

Utdanningsforbundet Volda



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Kari Mette Sundgot	Arkivsak nr.:	2018/210
		Arkivkode:	151

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
95/18	Formannskapet	05.06.2018
84/18	Kommunestyret	21.06.2018

VOLDA KOMMUNE - TERTIALRAPPORT 1 2018

Handsaming:

Økonomisjef, Kari Mette Sundgot, var til stades under handsaminga av saka.

Røysting (åtte røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 05.06.2018 til kommunestyret:

1. Tertialrapport nr 1 2018 for Volda kommune vert teken til vitende.
2. Budsjett for 2018 vert endra med følgjande rammer:

BUDSJETTENDRING 1. TERTIAL 2018	Endring inntekt	Endring utgift	Netto endring
Skatteinntekt	-9 700 000		-9 700 000
Rammetilskot	3 600 000		3 600 000
Eigedomsskatt	-1 500 000		-1 500 000
Andre generelle statstilskot	1 849 110		1 849 110
Korrigeringar mot disposisjonsfondet	18 326 734	1 242 906	19 569 640
Personal og organisasjon		-250 000	-250 000
Økonomi	-250 000	-250 000	-500 000
Opplæring og oppvekst	1 200 000	-500 000	700 000
Helse og omsorg	-1 490 000	2 990 000	1 500 000
Service og kultur		-250 000	-250 000
Teknisk		1 350 000	1 350 000
Utvikling	-150 000		-150 000
Barnevern Volda		-1 000 000	-1 000 000
Kommunestyre skjema 1b:			0
Pensjon	-16 308 000	-900 000	-17 208 000

BUDSJETTENDRING 1. TERTIAL 2018	Endring inntekt	Endring utgift	Netto endring
Havbruksfondet	-200 000		-200 000
Tilskot EM	-1 410 750		-1 410 750
Regulering mot "innsparingstiltak"		3 600 000	3 600 000
Sum budsjettendring	-6 032 906	6 032 906	0

Administrasjonen si tilråding:

3. Tertialrapport nr 1 2018 for Volda kommune vert teken til vitende.
4. Budsjett for 2018 vert endra med følgjande rammer:

BUDSJETTENDRING 1. TERTIAL 2018	Endring inntekt	Endring utgift	Netto endring
Skatteinntekt	-9 700 000		-9 700 000
Rammetilskot	3 600 000		3 600 000
Eigedomsskatt	-1 500 000		-1 500 000
Andre generelle statstilskot	1 849 110		1 849 110
Korrigeringar mot disposisjonsfondet	18 326 734	1 242 906	19 569 640
Personal og organisasjon		-250 000	-250 000
Økonomi	-250 000	-250 000	-500 000
Opplæring og oppvekst	1 200 000	-500 000	700 000
Helse og omsorg	-1 490 000	2 990 000	1 500 000
Service og kultur		-250 000	-250 000
Teknisk		1 350 000	1 350 000
Utvikling	-150 000		-150 000
Barnevern Volda		-1 000 000	-1 000 000
Kommunestyre skjema 1b:			0
Pensjon	-16 308 000	-900 000	-17 208 000
Havbruksfondet	-200 000		-200 000
Tilskot EM	-1 410 750		-1 410 750
Regulering mot "innsparingstiltak"		3 600 000	3 600 000
Sum budsjettendring	-6 032 906	6 032 906	0

Vedleggsliste:

- Tertialrapport Økonomiavdeling
- Tertialrapport Personal- og organsiasjonsavdeling
- Tertialrapport Barnevern
- Tertialrapport Utvikling
- Tertialrapport Teknisk og Sjølvkost
- Tertialrapport Service og kultur

- Tertialrapport Helse og omsorg

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Tertialrapport 1 for 2018 vert lagt fram med tilråding som også inneheld budsjettendringar. Tidlegare år er det lagt fram eiga sak for budsjettrevisjon. I 2018 vil tertialrapporteringane også innehalde tilråding om budsjettmessige endringar.

Tertialrapporten er utarbeidd med grunnlag i eigne notat frå kvar sektor, finansrapport, prognoser 1. tertial frå KLP og kjente endringar frå sentralt hald (revidert nasjonalbudsjett). Notata frå kvar sektor ligg som vedlegg til saka.

Saksopplysningar/fakta:

Status drift

Det er stor aktivitet i drifta til Volda kommune. Notat frå sektorane som ligg ved viser oss at kommunen produserer gode tenester til innbyggjarane sine. Samtidig som dei daglege driftsoppgåvene vert gjennomført vert ressursar og i større grad kapasitet nytta inn mot 2020 og ny kommune.

Første utkast til revidert arealdel i kommuneplanen er no nesten klar til utsending, barnehagar og skular er klare til å ta imot nye born når nytt skuleår tek til og då med ein meir digitalisert kvardag. Teknisk sektor har hatt høg aktivitet første tertial, mellom anna som følgje av ein krevjande vinter med eksepsjonelt mykje strøing. Helse og omsorg har gjennomført brukarundersøking for bebuarane på sjukeheimen. Tilbakemeldingane er positive og pasientane er stort sett nøgde.

Det er mange store prosjekt under planlegging parallelt med at vi skal få på plass kommunesamanslåinga med verknad frå 1. januar 2020. Det kan nemnast planlegging av kino og kulturhus, svømmehall, Volda ungdomsskule, barnehage i sentrum, tungt bidrag som inneber bruk av administrative ressursar i samarbeidet med Volda Campus Arena AS, elveforbygging i sentrumssida, tunge VA-investeringar, samferdselsutgreiing, kunnskapspark ved HVO, utvikling av Rotset næringsområde mv. Dette viser eit formidabelt aktivitetsnivå som krev administrative ressursar og tett koordinering. Derfor vel ein å kommentere dette når ein skal seie noko om status for drifta. Ein har til no greidd å ha rimeleg god framdrift i kommunesamanslåingsprosessen. Det har vore lagt ned eit godt politisk arbeid for å få på plass namn og kommunevåpen, utgreidd politisk nemndsstruktur, planlegging av kulturelle tiltak for å binde saman samfunna og teke prinsippval for interkommunalt samarbeid. Administrativt har ein fått på plass hovudstruktur og rekruttert leiarar til rådmannen si leiargruppe, bortsett frå kommunalsjef for samfunnsutvikling som skal lysast ut eksternt. Det vert no arbeidd med prosjektplan for prosessen med organisering og rekruttering vidare i sektorane og rådmannsstabane. Alle rutinar og tenester vert gjennomgått i samband med dette. Det er under utarbeiding ein prosjektplan for IKT-løysingane med integrasjon mot tenesteytinga og korleis desse kan utviklast også med digitale verkty. Frå ferien vert mange arbeidsgrupper sett i arbeid for å utgreie og kome med framlegg til løysingar. Det siste halvanna året er den mest intensive perioden i ei kommunesamanslåing.

Status bemanning

Vi arbeider kontinuerleg med å få på plass gode rapportar som kan gi oss oversikt over stillingar som til ei kvar tid er i bruk i kommunen. Oversikta under viser aktive stillingar. Det vil sei at vakante stillingar ikkje er med. Dette kan gjere at tala kan variere noko i overgangsfaser.

	31.12.2017	1. tertial 2018
Rådmann	1,00	1,00
Samfunn og rådgjeving	2,00	3,00
Personal og organisasjon*	8,00	8,00
Økonomi	8,80	8,80
Opplæring og oppvekst	263,78	264,13
Helse og omsorg	250,08	253,19
Service og kultur	11,80	13,22
Politisk verksemd	1,30	1,00
Teknisk	58,94	64,99
Utvikling	9,00	9,00
Barneverntenesta (vertskommune)	60,83	63,18
Volda kommune	678,68	690,76

Kommentarar til endringar:

- Auken i samfunn og rådgiving er prosessleiar for digitalisering i Nye Volda
- Personal og organisasjon har i tillegg 10,3 lærlingar. I oversikta ligg desse under dei sektorane dei er lærlingar i
- Service og kultur fekk i budsjett 2018 0,5 stilling til biblioteket. I tillegg ligg stilling til arkiv/personvern (Nye Volda) her
- Barnevern fekk auke i stilling knytt til familieteamet i budsjettprosessen
- Teknisk si auke i bemanning skuldast at vi har lukkast med å fylle vakante stillingar og i tillegg fekk tilført to stillingar for tømrarar på investeringsprosjekt

Status økonomi

Revidert nasjonalbudsjett vart lagt fram 15. mai. Frie inntekter er oppjustert i forhold til veksten i skatteanslaget. KLP kom den 18. april ut med sitt utbytte frå 2017, samt prognose på årets premieavik. Begge desse to faktorane vil gi Volda kommune ei meirinntekt.

Under ser vi eit oppdatert skjema 1 a med dei endringar som vil påverke budsjettet. Vi legg også fram eit oppdatert skjema 1b med endringar ut i frå arbeidet med «innsparingstiltaka» som låg i budsjettet, samt endringar som følgje av endringar i driftssituasjonen til kvar sektor. Nærare omtale av endringane kjem etter tabellane.

SKJEMA 1A DRIFT - VOLDA KOMMUNE - PR.1. TERTIAL 2018						
	1. tertial 2018	Bud 1. tertial 2018	Avvik 1. tertial 2018	Budsjett 2018	Endring 2018	Nytt budsjett 2018
Skatt på inntekt og formue	-67 783 349	-64 179 233	3 604 116	-208 400 000	-9 700 000	-218 100 000
Ordinært rammetilskudd	-100 036 723	-106 476 000	-6 439 277	-279 200 000	3 600 000	-275 600 000
Sum frie inntekter	-167 820 073	-170 655 233	-2 835 161	-487 600 000	-6 100 000	-493 700 000

Eigedomsskatt	-9 458 349	-8 750 000	708 349	-17 500 000	-1 500 000	-19 000 000
Andre direkteog indirekte skatter			0	-700 000		-700 000
Andre generelle statstilskudd	-8 362 334	-8 800 882	-438 548	-34 558 300	1 849 110	-32 709 190
SUM FRIE DISPONIBLE INNTETER	-17 820 683	-17 550 882	269 800	-52 758 300	349 110	-52 409 190
Renteinntekter	-600 352	-575 000	25 352	-2 100 000		-2 100 000
Utbytte Tussa			0	-4 840 000		-4 840 000
Avkastning plasseringar	-354 187	-375 000	-20 813	-1 500 000		-1 500 000
Renteutgifter/finansutgifter	2 212 199	2 246 102	33 903	22 670 468		22 670 468
Avdrag på lån			0	28 656 128		28 656 128
NETTO FINANSINNTEKTER OG UTGIFTER	1 257 660	1 296 102	38 442	42 886 596	0	42 886 596
Dekn av tidl års merforbruk				0		0
Til ubundne avsteneringer				0	1 242 906	1 242 906
Til bundne avsteneringer				700 000		700 000
Bruk av tidl års regnsk overskot				0		0
Bruk av disposisjonsfond				-18 326 734	18 326 734	0
Bruk av bundne avsetninger				0		0
NETTO AVSETNINGER	0	0	0	-17 626 734	19 569 940	1 942 906
Overført til investeringsbudsjettet			0	0		
TIL FORDELING DRIFT	-184 383 095	-186 910 013	-2 526 918	-515 098 438	13 818 750	-501 279 688
Sum fordelt drift fra skjema 1B	222 633 802	223 747 140	1 113 338	515 098 438	-13 818 750	501 279 688
Merforbruk Mindreforbruk	38 250 707	36 837 127	-1 413 579	0	0	0

Skjema 1 b 1. tertial	Rekneskap 1. tertial 2018	Rev. Budsjett 1. tertial 2018	Avvik 1.tertial 2018	Forbruk i %	Årsbudsjett 2018	Endringer 2018	Nytt budsjett 2018
Utgifter	612 482	715 501	103 019	85,6	2 234 642		2 234 642
Inntekter	0	-21 995	-21 995	0	-65 984		-65 984
Rådmann	612 482	693 506	81 024	88,32	2 168 658	0	2 168 658
Utgifter	1 777 968	3 204 041	1 426 072	55,49	9 250 982		9 250 982
Inntekter	-438 265	-57 562	380 702	761,37	-6 991 708		-6 991 708
Samfunn og rådgjeving	1 339 704	3 146 478	1 806 775	42,58	2 259 274	0	2 259 274
Utgifter	9 245 206	9 738 069	492 863	94,94	21 042 454	-250 000	20 792 454
Inntekter	-2 332 412	-1 050 811	1 281 600	221,96	-2 269 110		-2 269 110
Personal og organisasjon	6 912 794	8 687 258	1 774 463	79,57	18 773 344	-250 000	18 523 344
Utgifter	3 007 150	3 224 320	217 170	93,26	8 355 704	-250 000	8 105 704
Inntekter	-671 342	-686 728	-15 386	97,76	-1 930 888	-250 000	-2 180 888
Økonomi	2 335 808	2 537 592	201 784	92,05	6 424 816	-500 000	5 924 816
Utgifter	3 494 291	3 110 658	-383 634	112,33	9 767 312		9 767 312
Inntekter	-56 543	-100 000	-43 457	56,54	-300 000		-300 000
NAV Kommune	3 437 748	3 010 658	-427 090	114,19	9 467 312		9 467 312
Utgifter	97 378 479	97 777 553	399 074	99,59	260 478 087		260 478 087
Inntekter	-13 308 132	-13 894 534	-586 402	95,78	-52 224 200	700 000	-51 524 200
Opplæring og oppvekst	84 070 347	83 883 019	-187 328	100,22	208 253 887	700 000	208 953 887
Utgifter	92 027 086	91 066 697	-960 390	101,05	253 949 313	2 990 000	256 939 313

Skjema 1 b 1. tertial	Rekneskap 1. tertial 2018	Rev. Budsjett 1. tertial 2018	Avvik 1.tertial 2018	Forbruk i %	Årsbudsjett 2018	Endringar 2018	Nytt budsjett 2018
Inntekter	-17 918 560	-18 595 898	-677 338	96,36	-66 453 100	-1 490 000	-67 943 100
Helse og omsorg	74 108 526	72 470 798	-1 637 728	102,26	187 496 213	1 500 000	188 996 213
Utgifter	5 019 226	5 152 654	133 428	97,41	14 036 550	-250 000	13 786 550
Inntekter	-970 601	-1 026 692	-56 091	94,54	-2 584 395		-2 584 395
Service og kultur	4 048 625	4 125 962	77 337	98,13	11 452 155	-250 000	11 202 155
Utgifter	781 031	761 995	-19 036	102,5	3 057 822		3 057 822
Politisk verksemd	781 031	761 995	-19 036	102,5	3 057 822	0	3 057 822
Utgifter	26 793 601	28 084 060	1 290 459	95,41	75 789 408	1 350 000	77 139 408
Inntekter	-12 152 438	-12 545 584	-393 146	96,87	-39 565 591		-39 565 591
Teknisk	14 641 163	15 538 476	897 313	94,23	36 223 817	1 350 000	37 573 817
Utgifter	4 928 655	4 459 228	-469 427	110,53	20 120 957		20 120 957
Inntekter	-195 691	-366 016	-170 324	53,47	-20 120 957		-20 120 957
Sjølvkosttenester	4 732 963	4 093 212	-639 751	115,63	0	0	0
Utgifter	3 971 850	4 073 649	101 799	97,5	10 074 583		10 074 583
Inntekter	-693 967	-870 635	-176 667	79,71	-3 068 802	-150 000	-3 218 802
Utvikling	3 277 882	3 203 014	-74 868	102,34	7 005 781	-150 000	6 855 781
Utgifter	34 022 688	34 751 583	728 896	97,9	99 030 371		99 030 371
Inntekter	-23 866 905	-25 558 121	-1 691 216	93,38	-99 030 371		-99 030 371
Barneverntenesta (vertskommune)	10 155 782	9 193 462	-962 320	110,47	0	0	2 234 642
Utgifter	13 730 292	13 730 073	-219	100	27 460 143	-1 000 000	26 460 143
Inntekter	-9 400	0	9 400	0			0
Barnevern Volda kommune	13 720 892	13 730 073	9 181	99,93	27 460 143	-1 000 000	26 460 143
Utgifter	8 599 033	8 561 584	-37 448	100,44	46 464 689	2 700 000	49 164 689
Inntekter	-10 140 978	-9 889 947	251 031	102,54	-50 370 219	-17 918 750	-68 288 969
Kommunestyret (skjema 1B)	-1 541 945	-1 328 363	213 582	116,08	-3 905 530	-15 218 750	-19 124 280

Frie inntekter

Endringane baserer seg på tal frå KS sin prognosemodell. Skatteinntektene til Volda i budsjettgrunnlaget låg på 76,4 % av landsgjennomsnittet. Dei siste månadane har Volda lagt på 81 % av landsgjennomsnittet. Når vi no aukar skatteinntektene til 218 mill kroner betyr det 79,5 % av landsgjennomsnittet. Auken i skatteinntektene gir ein reduksjon i inntektsutjamninga og dermed mindre rammetilskot. Auken i frie inntekter vert dermed 6,6 mill kroner.

Eigendomsskatt

Basert på fakturering av eigendomsskatt for 1. halvår ser vi at vedteke budsjett er for lågt. Årlege inntekter er berekna til 19 mill kroner, det vil sei ein auke på 1,5 mill kroner.

Andre generelle statstilskot (tilskot flyktning)

Under andre generelle statstilskot ligg tilskot knytt til flyktning, det vil sei integreringstilskot og tilskot til einslege mindreårige. Budsjettet er basert på 14 busette i 2018, inkludert 2 EM. Status 1. tertial viser at vi har ein familie som har valt å flytte frå Volda. Dette gir inntektstap under generelle statstilskot.

Når det gjeld EM-tenesta vil her kome ei meirinntekt som følgje av auka tilskot. Denne utgjer 1,4 mill kroner og ligg som auka inntekt i skjema 1b, sektor Kommunestyre (skjema 1b). Netto endring inntekt flyktning er dermed 0,438 mill kroner.

Avsetjing og bruk av fond

I vedteke budsjett ligg der inne at Volda kommune i 2018 må nytte 18,3 mill kroner for å få drifta i balanse. Endringane som no vert lagt fram i første tertial endrar dette. Auken i frie inntekter og prognosene på premieavvik og premiefond gjer at vi i staden for å hente ut midlar frå disposisjonsfondet kan styrke fondet med 1,2 million kroner.

Pensjon 2018

Konsekvens av endringar i pensjon ligg under sektor Kommunestyre 1b, og ikkje i skjema 1b. Endringane som no vert lagt inn i budsjettet baserer seg på prognoser frå KLP 1 tertial. Av erfaring veit vi at her kan kome endringar, så dette må vurderast også i andre tertialrapport. Status frå KLP no er som følgjer:

	Budsjett 2018	Prognose KLP	Endring
Amortisering tidlegare års premieavvik	7 mill kr	6,1 mill kr	-0,9 mill kr
Årets premieavvik	4,692 mill kr	11 mill kr	-6,308 mill kr
Bruk av Premiefond	0	10 mil kr	-10 mill kr
Endring pensjon 2018			-17,208 mill kr

Havbruksfond

I 2017 fekk Volda kommune om lag 170 000 kr frå havbruksfondet. Disse midlane vert no lagt inn i budsjettet også i 2018. Signala er derimot at Volda kommune kan vente seg ei langt større inntekt frå dette fondet no i 2018. 1,8 mrd kroner skal fordelast og for Volda kommune kan dette med alle atterhald dreie seg om lag 6,5 million kroner. Fordelinga skjer i oktober så ei eventuell korrigering kjem når tala er stadfesta. Det er verdt å merke seg signala om at det ikkje er venta fordeling frå havbruksfondet i 2019.

Endringar i drift i sektorane

Budsjettvedtaket inneheld to tiltak som skal redusere driftsrammene til sektorane med 3,6 million kroner:

	2 018
Digitalisering, samordning skule og barnehage	2 600 000
Reduksjon i tenester til Flyktning	1 000 000

Tiltaka vert no effektivert og fordelt slik i budsjettet:

Sektor	Tiltak	Beløp
Økonomi	Vakant stilling og digital post	-0,5 mill kr
Personal og organisasjon	Auke i inntekt og digitalisering	-0,25 mill kr
Kultur og service	Interkommunalt sentralbord, digital post, serviceavtalar	-0,25 mill kr
Helse og omsorg	Auke i tilskot ressurskrevjande tiltak	-0,5 mill kr
Opplæring og oppvekst	Samordning skuledrift, redusert stilling IKT fagarbeidar og samordning barnehage	-0,979 mill kr

Teknisk	Vakant stilling	-0,25 mill kr
Utvikling	Auke i gebyr	-0,15 mill kr
Barnevern (Volda)	Auke i tilskot knytt til tiltak utanfor heimen	-1 mill kr
Samla reduksjon utgift		-3,879 mill kr

Samtidig som vi har klart å gjennomføre tiltak for å redusere rammene ser vi at status 1. tertial at der er behov for nokre sektorar å få auka budsjetttrammer. Dette gjeld Teknisk, Opplæring og oppvekst og Helse og omsorg:

Teknisk sektor

Veg og park har hatt ein krevjande vinter med eksepsjonelt mykje strøing, der vi har tredobla mengde strøsand samanlikna med tidlegare toppår. Høg aktivitet på vintervedlikehald gir sjølvsagt høge kostnader, også i etterkant med feing og oppsamling av strøsand og tømning av sandfangkummer. Sektoren ber om å få tilført 1,6 mill for å kunne oppretthalde ei forsvarleg minimumsdrift resten av året.

Opplæring og oppvekst

Etter 1. tertial har sektoren eit meirforbruk på kr 187 328,-. Ser ein på einingsnivå ligg drifta samla sett i overkant av budsjett, og det er grunn til å tru at drifta i 2018 vil kome ut med eit større meirforbruk enn det resultatet etter 1. tertial tilseier.

Innan barnehagedrifta må ein pårekne mindre inntekter knytt til barn busette i andre kommunar. Det er her budsjettert med erfaringstal.

Auka tal born i Lauvstad og Mork barnehagar gjer det naudsynt med auka drift frå hausten 2018. Framlegg til samordning innan barnehagedrifta vil kunne dekke noko av auken i drift, men ikkje fullt ut. Det vil bli arbeidd med løysingar for å finne inndekning for auken i den samla drifta. Om naudsynt må det leggst fram eiga sak om dette i samband med rapport 2. tertial.

Det er forventa at inntekter knytt til norskopplæring for einslege mindreårige asylsøkarar vil bli mindre enn budsjettert. Som kompensierende tiltak vert drifta ved Volda læringscenter redusert frå hausten.

Eit auka sjukefråvær i sektoren uroar. Det gir auka utgifter og det går ut over kvaliteten på tenestene vi skal levere. Innan barnehage er det sett i gong tiltak i samarbeid med bedriftshelsetenesta der sjukefråvær er eit fokusområde.

For at sektoren skal unngå meirforbruk i 2018 er det viktig at dei får behalde dei midlane ein sparar inn ved samordning skuledrift, redusert stilling IKT fagarbeidar og samordning barnehage. I tillegg er det nødvendig å kompensere for reduksjonen i inntekter knytt til norskopplæring. Sektoren sine rammer vert difor foreslått styrka med 0,7 mill kroner.

Helse og omsorg

Helse og omsorg sine rammer for 2018 er for låg samanlikna med rekneskapstala for 2017. Hovudutfordringa er høgt sjukefråvær og for lågt budsjett til å dekke kommunal eigendel ved sjukefråvær. Sektoren har fått eit tilskot frå fylket som skal nyttast til stillingar innanfor rusomsorg. Tilskotet er på 0,99 mill kroner og vert lagt inn i budsjettet både som inntekt og som lønnsutgift. I tillegg vert det lagt inn ein generell auke på 2 mill kroner for å dekke vikarutgifter.

Kommunestyret har i sak 17/18 bedt administrasjonen gjere ei vurdering av behovet for nattevakter ved ROP-bustadene på Rotset. Vedtaket vart gjort i samband med handsaming av bemanningsplan for drifta av bustadene. Bemanningsplanen omfattar 5,3 årsverk inkludert flytting av to årsverk internt. Bestillinga frå kommunestyret vert følgt opp med utgreiing i første omgang til tenesteutvalet for helse og omsorg. I den samanheng vil ein gjere ei fagleg vurdering av behovet, slik ein gjer i samband med all tenestetildeling i helse og omsorg.

Dette inneber ei individuell vurdering. Dersom ein kjem fram til fagleg behov for styrka tenestetilbod, må ein også vurdere omfang og type tiltak.

Pleie- og omsorgstenestene har større utfordringar i åra framover. Kommunen treng å sjå tenestebehova i samanheng når ein skal prioritere auka innsats. Dette høyer til budsjettprosessen som vi startar på med fellessamling mellom formannskapet og administrasjonen 5. juni. Presset på tenestene vil vere størst i pleie- og omsorg, og det vil verte utfordrande nok å omstille drifta med sikte på å dekkje opp for auka tenester innanfor eiga drift for å unngå å gå i fella med å finansiere løpande drift med bruk av ubunde driftsfond.

Status investering

Det er svært stor aktivitet på investeringsfronten i Teknisk sektor. Nokre prioriterte prosjekt er ikkje starta anno, mellom anna knytt til sjukemelding i prosjektleiarstaben.

Nokre prosjekt har avvik i høve finansiering:

Ny Øyra skule er allereie redusert frå opprinneleg løyving med 20 millionar. Der står att om lag 20 millionar på prosjektet som skal dekke garantiar og nokre detaljar i ferdigstillinga. Prosjektet kan verte ytterlegare redusert, men vi veit ikkje meir om dette før mot slutten av 2018.

Full Rehabilitering av Skinnvikbrua er ferdigstilt med ei overskriding på 4%, omlag kr 50.000,-

Botnavegen har varsla ei mogleg overskriding og kommunestyret er varsla om dette, dei er villige til å vedta ei tilleggsfinansiering dersom der vert overskriding mot slutten av prosjektet. Der er antyda ei overskriding på inntil 2 mill kroner.

Tilbygg Myrtun: prosjektet fekk vedteke ei tilleggsloyving i 2017 på Kr 770.000, restbeløp frå 2017 vart overført til 2018 for ferdigstilling og sluttoppgjer. Det viser seg at alle rekningar vart gjort opp i 2017 rekneskapen, difor kan resterande beløp på dette prosjektet tilbakeførast til ubunde investeringsfond.

Vatn Samleinvestering: Vatn og Avløpsavdelinga har ikkje kapasitet til å gjennomføre alle planlagde investeringar i 2018, difor vert det i juni søkt kommunestyret om å styrke bemanninga i avdelinga.

Avløp Samleinvestering: Vatn og Avløps avdelinga har ikkje kapasitet til å gjennomføre alle planlagde investeringar i 2018, difor vert det i juni søkt kommunestyret om å styrke bemanninga i avdelinga.

Status i dag er at det berre er nytta 21 % av løyvingane til investeringsprosjekt. Denne prosenten vil nok auke til 65-75% innan utgongen av året. Store prosjekt vil verte ferdig eller nær ferdig ved utgongen av året, med tilhøyrande kostnader. Nokre prosjekt vil nok ikkje nytte heile løyvinga i 2018, mellom anna Øyra skule og Vatn og Avløp. EPC prosjektet har vorte forseinka då NEE gjekk konkurs, slik at vi sjølve må administrere gjennomføringa. Flaumførebyggingane vil ikkje få hovudtyngda av kostnadene før i 2019 og 2020, og Sentrumsprosjektet si løyving i 2018 vil måtte vidareførast med hamnekvartalet i 2019. Det er så langt ikkje avklart kven som skal byggje ut næringsområdet Øvre Rotset. Dersom heile området vert utbygd av ekstern eignedomsutviklar, vil ikkje prosjektet trenge tildelt ramme på 25 millionar. Alle prosjektstyringsressursar er fullt ut opptekne og engasjert i dei prosjekta som er under utbygging og prosjektering. Det vert arbeidd kontinuerleg med prioritering av ressursar inn mot viktige prosjekt.

Prosjekt	Rekneskap	Revidert budsjett	Forbruk i %	Ferdigdato	Økonomisk ramme
Ny Øyra skule (ki)	551 171	20 584 997	3 %	Garantier etc	Under budsjett
Omsorgsbustader (5stk) Doktorhaugen	2 984 105	18 250 000	16 %	jan 2019	på budsjett
ROP (rus og psykisk helse) 7 stk midl.bustadar	1 903 897	4 520 394	42 %	juni 2018	ligg på budsjett
Full rehabilitering av Skinnvikbrua	1 301 115	1 250 699	104 %	Ferdigstilt	overskriding 4%
Utbetring veg frå Rotevatn til Vassbotn (aaa) - Botnavegen	9 237 255	15 764 362	59 %	Juli 2018	Overskriding
Ferdigstilling Brannstasjon - krav frå arbeidstilsyn	6 395	1 200 000	1 %	Des 2018	ligg på budsjett
Sambindingsveg over Håmyra	2 324 013	2 665 734	87 %	15. Juni 2018	På Budsjett
Folkestadtun - oppgradering	95 812	1 800 000	5 %	ferdig sept. 2018	ligg på budsjett
Utviding av Mork barnehage	725 156	1 839 100	39 %	ferdig okt 2018	ligg på budsjett
EPC gjennomføringstiltak	3 929 875	32 000 000	12 %	Konkurs, eiga orientering	
Oppgradering Prestegata 33	19 744	2 627 753	1 %	Des 2018	på budsjett
Kommunal del sentrumsutvikling	1 761 998	13 343 124	13 %	Pågår	Innanfor budsjett
Kinosal og kultursal	11 700	625 000	2 %	Pågår Byggenemnd	

Prosjekt	Rekneskap	Revidert budsjett	Forbruk i %	Ferdigdato	Økonomisk ramme
Volda u-skule, opprusting	206 642	1 300 000	16 %	sept 2018	ligg på budsjett
Flomsikring Volda sentrum Melshornsida	106 597	10 000 000	1 %	okt 2020	
Flomførebygging Heltneelva	100 793	4 000 000	3 %	sept. 2020	
Symjehall	75 000	625 000	12 %	ikkje påstarta	
Opprusting Engesetvegen forbi omsorgsenteret til samleveg	104 049	4 000 000	3 %	Juli 2019	
Samleveg Urbakkfoten	23 850	1 500 000	2 %	Desember 2018	På Budsjett
Næringsområde Øvre Rotset	655 096	25 071 097	3 %	uavklart	
Solskjerming kommunale bygg-omsorg	1 716	1 000 000	0 %	Ikkje starta	
Avfallsløysing og parkering ved Rådhuset	34 468	1 000 000	3 %	justert omfang okt 2018	
4.etasje omsorgsenteret	6 863	625 000	1 %	Ikkje Starta	
Tilbygg Myrtun	0	730 000	0 %	Ferdigstilt	ligg på budsjett
Etablering 2 bustadsmodular - Rotset	341 820	2 536 504	13 %	Pågår 50% ferdig	ligg på budsjett
Kommunale vegar, utbetring (aaa)	0	2 000 000	0 %	Nov 2018	På Budsjett
Friluftslivstiltak (rt)	216 722	796 350	27 %	Juni 2018	På Budsjett
Skulebakken Haugen Lauvstad	3 407	0	100 %	Ferdigstilt	På Budsjett
Utbytting veglys til LED finansiert ved straumsparing	3 551	2 750 000	0 %	Juli 2018	På Budsjett

Prosjekt	Rekneskap	Revidert budsjett	Forbruk i %	Ferdigdato	Økonomisk ramme
Fast dekke kommunale areal/vegar finansiert drift	131 075	11 900 000	1 %	Sept. 2018	På Budsjett
Vatn samleinvestering (LF)	626 782	20 125 000	3 %	Pågår	Mindreforbruk
Bygging av breiband Halkjelsvik - Folkestad	2 125	1 963 000	0 %	Des 2018	På Budsjett
Avløp samleinvestering	200 576	23 700 000	1 %	Pågår	Mindreforbruk

Status sjukefråvær

Prosjekt sjukefråvær er starta i sektor Helse- og omsorg. Det har vore samlingar i snart alle personalgruppene, der ein har fokus på den gode dialogen mellom leiar og tilsett som kan førebygge sjukefråvær. I etterkant av desse samlingane skal einingsleiarane ha individuelle samtaler med tilsette. Samanlikna med 1. tertial i 2017 er sjukefråværet i sektoren redusert med om lag 1 %. Sjukefråværet for Volda kommune 1. tertial er på 10,45 %. Dette taler er høgare samanlikna med same periode i fjor og heile 2017. Spesielt ser vi at Opplæring og oppvekst har auka i sjukefråværet. Dette er også kommentert som utfordring i notat frå sektoren. Fokus på å få ned sjukefråværet vil halde fram i 2018.

Volda kommune	1. tertial 2018	1. tertial 2017	2017
Personal og organisasjon	6,76	5,26	4,54
Økonomi	1,3	2,16	2,05
Opplæring og oppvekst	9,86	7,55	6,43
Helse og omsorg	12,37	13,28	12,08
Service og kultur	2,4	3,51	3,45
Teknisk	12,39	11,92	7,85
Sjølvkosttenester	7,71	2,54	3,05
Utvikling	4,47	13,17	7,34
Barneverntenesta (vertskommune)	9,19	7,26	7,93
Sjukefråvær 1. tertial 2018	10,45	9,65	8,52

Vurdering og konklusjon:

Volda kommune sitt budsjett for 2018 er vedteke med brutto rammer. Dette gjer at vi no legg fram forslag om budsjettendringar på sektor, fordelt på endring inntekt og utgift. Basert på utgreiningar over legg vi fram forslag til følgjande budsjettendringar for 2018:

BUDSJETTENDRING 1. TERTIAL 2018	Endring inntekt	Endring utgift	Netto endring
Skatteinntekt	-9 700 000		-9 700 000

BUDSJETTENDRING 1. TERTIAL 2018	Endring inntekt	Endring utgift	Netto endring
Rammetilskot	3 600 000		3 600 000
Eigedomsskatt	-1 500 000		-1 500 000
Andre generelle statstilskot	1 849 110		1 849 110
Korrigeringar mot disposisjonsfondet	18 326 734	1 242 906	19 569 640
Personal og organisasjon		-250 000	-250 000
Økonomi	-250 000	-250 000	-500 000
Opplæring og oppvekst	1 200 000	-500 000	700 000
Helse og omsorg	-1 490 000	2 990 000	1 500 000
Service og kultur		-250 000	-250 000
Teknisk		1 350 000	1 350 000
Utvikling	-150 000		-150 000
Barnevern Volda		-1 000 000	-1 000 000
Kommunestyre skjema 1b:			0
Pensjon	-16 308 000	-900 000	-17 208 000
Havbruksfondet	-200 000		-200 000
Tilskot EM	-1 410 750		-1 410 750
Regulering mot "innsparingstiltak"		3 600 000	3 600 000
Sum budsjettendring	-6 032 906	6 032 906	0

Helse og miljøkonsekvensar:

Evalueringsrapporten for nye Sandefjord (TF-rapport nr 296 2017 – utarbeidd av Deloitte og Telemarkforskning) peikte på nødvendigheita av at dei gamle kommunane har fokus på avslutning og i minst mulig grad belaste administrasjonen med nye oppgåver. Doble funksjonar medfører stor arbeidsbelastning, og det er viktig at ein som arbeidsgjevar er medviten om dette og i prioritering og planlegging tek omsyn til dette i den intensive fasen vi no går inn fram mot kommunesamanslåinga.

Økonomiske konsekvensar:

Sjå utgreiing over

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen kjente

Rune Sjurgard
Rådmann

Kari Mette Sundgot
Økonomisjef

Utskrift av endeleg vedtak:



NOTAT

Frå: Kari Mette Sundgot

Sak: Månads- og tertialrapportering

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd / Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/210	6908/2018	151	ØKO/KARISUN	21.05.2018

TEKNISK OG SJØLVKOST - 1. TERTIAL 2018

Status drift

Teknisk Sektor har i 1. tertial hatt høg aktivitet på driftsida. Dette er noko ulikt fordelt på avdelingane i sektoren og mykje sesongbetont. Sektoren ligg nær ein million betre an enn budsjett i høve periodisering, men varslar her og no at budsjettet ikkje held i 2018 og sektoren vil gå over driftbudsjettet med nær 2 millionar ved utgongen av året. Dette skuldast primært ekstraordinære kostnader med vintervedlikehald av vegane våre.

Veg og park:

Veg og park har hatt ei krevjande vinter med eksepsjonelt mykje strøing, der vi har tredobla mende strøsand samanlikna med tidlegare toppår. Høg aktivitet på vintervedlikehald gir sjølvsagt høge kostnader, også i etterkant med kosting og oppsamling av strøsand og tømning av sandfangkummer. Her ber sektoren om tilført 1,6 mill i revidert budsjett for å kunne oppretthalde ei forsvarleg minimumsdrift resten av året.

Brann:

Brannavdelinga har hatt høg aktivitet i første tertial. Sentrale føringar legg tydelige føringar på at kommunane skal leggje vekt på forebyggjande arbeid i utsatte grupper, men det har vi lita muligheit til å rekke over så godt som vi burde. Volda har både mange helseinstitusjonar, høgskulebygg og studentar som er resurskrevjande, men ikkje med i dimensjoneringsgrunnlaget og vi såleis ikkje har nok resursar for å fylgje opp slik ein skal. Vi har valt å innleie samarbeid med Hornindal om feinga allereie no. Frå sommaren av vil vi leige inn feiar frå Hornindal tilsvarende 35% stilling noko som vil bidra til ei vesentleg forbetring og styrke samarbeidet mellom brannverna. Vi hadde ei større beredskapsøving i lag med Hornindal brannvern og legg vekt på å samarbeide den vegen fram mot kommunesamanslåinga.

Vatn og avløp:

Drifta av vatn og avløpsinstallasjonar går som normalt i første kvartal med unntak av Vikeneset kloakkreinseanlegg som havarerte og blei ståande ute av drift. Med unntak av dette gjekk drifta i første kvartal godt utan dei store hendingane. Nokon små vasslekkasjar fekk ein då kulda stod på som verst, men dei stadane dette gjaldt ga oss innblikk i korleis vintrane kan bli framover truleg med mindre snø som isolera leidningsnettet. Frostfri djupne blei som eit resultat av dette auka frå 1,2 til 1,5 meter i Volda og er no likt som i Ørsta.

Eigedom:



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

Eigedom har hatt avslutning på større prosjekt denne våren, i denne fasen er forvaltning og drift tungt inne opplæring og prøvedriftsfase. Kombinasjonen av dette og nokre langtidssjukemeldingar/permisjon ligg FDV noko bak plan for gjennomføring av vedlikehaldsaktivitetar. Dette etterslepet tek vi att i løpet av 2. tertial.

Det er utfordrande å få gjennomført tilstrekkelig forvaltning, drift og vedlikehald med bemanninga som avdelinga har i dag. Kommunen har siste åra gjennomført fleire store bygg og auka totale m² utan auke i bemanning.

Reinhold har gjennomført ei digitalisering der kvar reinholdar har fått eige nettbrett, her har reinholdaren kommunal e-post, oversikt over område som skal reinholdast, moglegheit for å melde om avvik til drift med meir. Dette er eit løft for avdelinga og ei lette når ein treng vikar som enkelt kan orientere seg i sitt ansvarsområde. Som eit ledd i førebyggjande tiltak er det gjennomført innkjøp av reinholdsmaskiner som blir utplassert på dei enkelte bygga slik at alle bygg skal i dag ha tilgang til hjelpemiddel.

Status bemanning

	2017	1. tertial 2018
Sentralt teknisk	21,00	22,70
Brann	4,72	4,32
Eigedom	33,22	37,96
Teknisk	58,94	64,99

Auke i bemanning frå 1 tertial 2017 til 2018 skuldast at vi har lukkast med å fylle vakante stillingar og i tillegg fekk tilført to stillingar for tømrrarar på investeringsprosjekt.

Status økonomi

	Rekneskap 1. tertial 2018	Rev. Budsjett 1. tertial 2018	Avvik 1. tertial 2018	Forbruk i %
Utgifter	26 793 601	28 084 060	1 290 459	95,41
Inntekter	- 12 152 438	- 12 545 584	- 393 146	96,87
Teknisk	14 641 163	15 538 476	897 313	94,23
Utgifter	4 928 655	4 459 228	- 469 427	110,53
Inntekter	- 195 691	- 366 016	- 170 324	53,47
Sjølvkostnader	4 732 963	4 093 212	- 639 751	115,63

Teknisk sektor ligg pr 1. tertial nær ein million betre an enn budsjett. Dette skuldast at eigedomsavdelinga er på etterskudd i høve drift og vedlikehald. Sjukefråvær i sentrale stillingar har skulda for dette saman med høgt fokus på store investeringsprosjekt i avslutningsfasen. Etterslepet på vedlikehald har no fokus slik at dei vil vera ajour i løpet av 2. tertial.

Det har vore ein vinter med mykje brøyting og særskilt strøing. Dette gjer at vegbudsjettet i 2018 vert sprengd med nær 2 millionar kroner. Dette tilseier at avdeling for veg treng tilført minimum 1.6 millionar kroner i revidert budsjett.



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

Det har vore utgreidd moglegheit for å omdisponere internt i teknisk sektor for delar av beløpet, men det er konkludert at ein ikkje kan redusere ramma til eigedomsavdelinga, dette utifrå erfaringstal frå tidlegare år ilag med usikre faktorar i budsjettet til eigedomsavdelinga som vi pr. dato ikkje har kontroll på.

Oversikt einingar:

	Rekneskap 1. tertialet 2018	Rev. Budsjett 1. tertialet 2018	Avvik 1.tertial 2018	Forbruk i %
Utgifter	2 239 433	2 587 394	347 960	86,55
Inntekter	- 1 928 207	- 2 128 277	- 200 070	90,6
Sentralt teknisk	311 227	459 117	147 891	67,79
Utgifter	3 198 815	3 359 318	160 502	95,22
Inntekter	- 213 394	- 270 767	- 57 373	78,81
Brann	2 985 421	3 088 551	103 130	96,66
Utgifter	14 807 979	16 576 142	1 768 163	89,33
Inntekter	- 8 206 454	- 8 474 502	- 268 048	96,84
Eigedom	6 601 525	8 101 640	1 500 115	81,48
Utgifter	6 547 373	5 561 206	- 986 166	117,73
Inntekter	- 1 804 383	- 1 672 039	132 344	107,92
Veg og park	4 742 990	3 889 168	- 853 822	121,95
Teknisk	14 641 163	15 538 476	897 313	94,23
Utgifter	2 684 814	2 480 006	- 204 808	108,26
Inntekter	- 68 299	- 122 622	- 54 323	55,7
Vatn sjølvkost	2 616 515	2 357 384	- 259 131	110,99
Utgifter	1 788 692	1 346 900	- 441 792	132,8
Inntekter	- 47 494	- 163 495	- 116 002	29,05
Avlaup sjølvkost	1 741 199	1 183 405	- 557 794	147,13
Utgifter	455 148	632 322	177 173	71,98
Inntekter	- 79 899	- 79 898	1	100
Feiing sjølvkost	375 249	552 423	177 174	67,93
Sjølvkosttenester	4 732 963	4 093 212	- 639 751	115,63

Teknisk sine tiltak inn mot digitalisering og innovasjonstiltaket frå ØPL 2018-2021:

	År 2018	År 2019	År 2020	År 2021
Vakant stilling	-250 000			
Varige Innsparingstiltak		-682 000	-996 000	-1 100 000
Samla «innsparing» teknisk				



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

Status sjukefråvær

Volda kommune	1. tertial 2018	1. tertial 2017	2017
Sentralt teknisk	0,94	27,21	9,75
Brann	13,34	10,48	5,24
Eigedom	14,74	8,81	8,06
Veg og park	11,36	9,89	6,89
Teknisk	12,39	11,92	7,85
Vatn sjølvkost	4,16	2,19	2,38
Avlaup sjølvkost	0,23	2,44	0,79
Feiing sjølvkost	30,41	4,52	9,66
Sjølvkosttenester	7,71	2,54	3,05

Sjukefråværet i Teknisk sektor har vore høgare enn målsetning i første tertial. Mesteparten av sjukefråværet skuldast langtidssjukemeldingar som ikkje kan tilskrivast arbeidsmiljø. Noko kan relaterast til arbeidarar nær pensjonsalder i fysisk krevjande yrker, medan delar av sjukefråværet skuldast kroniske og uføresette helseplagar. Noko skuldast tilhøve på arbeidsplassen, her har vi iverksett tiltak slik at ein kan forvente ei reduksjon i sjukefråværet i 2. tertial.

Status målstyring

SATSINGAR 2018	KOMMENTAR	Mål	Status 1. tertial
Omdømme			
Alle skriftlege førespurnadar skal gjennomgå ein mottakskontroll og få tilbakemelding innan 4 veker	Antal førespurnader som ikkje har fått svar i samsvar med forvaltningslova og skildring av tiltak for å følgje opp	100 %	80%
Brannberedskaper skal opplevast som god	Folk skal føle seg trygge	100%	100%
Fokus på miljø, sørgje for gode tiltak blir gjennomført i tråd med kommuneplan med satsing på klima og miljø.	Gjennomføring av EPC – programmet.	Ferdig 01.06.18	80 % gjennomført
Tenester			
Brannberedskap som tilfredsstillar dimensjoneringsforskrifta og vurdert risiko i heile kommunen	ROS analysen tilseier at beredskaper er tilfredsstillande, men vil ha behov for nokre forbedringar i åra som kjem.	100%	90%
Risikobasert tilsyn i særskilte brannobjekt	Er i ei omleggingsfase frå faste intervall til	31.12.2018	



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

SATSINGAR 2018	KOMMENTAR	Mål	Status 1. tertial
	risikobasert.		
Feiing etter behov og tilsyn kvart 4 år i alle bustadar.	Er i ei omleggingsfase frå faste intervall til behovsbasert	31.12.2018	
Førebyggjande brannvernopplæring for alle 6. klassingar i kommunen	Dette vert på hausten.	6 skular	0%
Vedlikehald, rehabilitering og oppgradering for å gi brukarane brukarvenlege lokale så langt det er mogleg innanfor den kommunale bygningsmasse	Gjennomføre innovative prosjekt, planmessig gjennomføring av oppgradering, rehabilitering, vedlikehald, samt ny bygg.	31.12.2018	
Utarbeide rutinar og standarar for arbeidet som vært gjennomført ved drift og vedlikehald av kommunale vassverk og avløpsreinsenlegg		31.12.2018	
Medarbeidarar			
Behalde og rekruttere personell	Alle stillingar skal vere bemanna	100 %	97 %
Nærver på min 90 %		90 %	87,6 %
Lukke avvika brannvernet fekk i 2016 etter tilsyn frå Arbeidstilsynet og DSB	Frist ut 2018	31.12.2018	
Brannmannskapa gjennomført opplæring, øving/kurs og tryggleiksutstyr slik at dei kan utføre redningsinnsats på ein trygg måte	Antal tilsette som har gjennomført kurs og type kurs	31.12.2018	
Etablere ein oppgradert eller ny base for driftsoperatørane ved Myrtun i samsvar med arbeidsmiljølova	Dette er eit pågåande prosjekt der vi kan forvente pålegg frå arbeidstilsynet. Det vert truleg behov for større bygningsmessige tiltak.	50%	5%
Regelmessige einingsmøter med alt personell		Min. 1x12	100%
Medarbeidarsamtale med alle tilsette etter avtalt intervall.		100 %	10%
Økonomi			
Tilpasse standard på tenestene og gjere tiltak for å halde budsjettramma		100 %	94,23 %
God prosjektstyring ved	Antal prosjekt som vert		Sjå



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

SATSINGAR 2018	KOMMENTAR	Mål	Status 1. tertial
koordinering og planlegging med rett progresjon i høve regulering, finansiering og grunnkjøp.	drive etter denne prosjektmetodikken		investering
Betre oppfølginga av leverandørar og entreprenørar som utførar oppdrag for kommunen.	Her er kontinuerlig læring og forbetring.	100%	80%
Initiere innovative/nytenkjande tiltak	Antal prosjekt som vert initiert		0%

Status investeringar

Det er svært stor aktivitet på investeringsfronten i Teknisk sektor. Nokre prioriterte prosjekt er ikkje starta anno, mellom anna knytt til sjukemelding i prosjektleiastaben. Nokre prosjekt har avvik i høve finansiering:

Ny Øyra skule er allereie redusert frå opprinneleg løyving med 20 millionar. Der står att ca 20 millionar på prosjektet som skal dekke garantiar og nokre detaljar i ferdigstillinga. Prosjektet kan verte ytterlegare redusert, men vi veit ikkje meir om dette før mot slutten av 2018.

Full Rehabilitering av skinnvikbrua er ferdigstilt og hadde ei endeleg overskriding på 4%, overskridinga utgjer ca kr 50.000,-

Botnavegen har varsla ei mogleg overskriding og kommunestyret er varsla om dette, dei er villige til å vedta ei tilleggsfinansiering dersom der vert overskriding mot slutten av prosjektet. Der er antyda ei overskriding på inntil 2 millioner kroner.

Tilbygg Myrtun: prosjektet fekk vedteke ei tilleggsloyving i 2017 på Kr 770.000, restbeløp frå 2017 vart overført til 2018 for ferdigstilling og sluttoppgjør. Det viser seg at alle rekningar vart gjort opp i 2017 rekneskapen, difor kan resterande beløp på dette prosjektet tilbakeførast til ubunde investeringsfond. Overskridinga på prosjektet vart då berre på Kr 40.000,-

Vatn Samleinvestering: Vatn og Avløps avdelinga har ikkje kapasitet til å gjennomføre alle planlagde investeringar i 2018, difor vert det i Juni søkt kommunestyret om å styrke bemanninga i avdelinga.

Avløp Samleinvestering: Vatn og Avløps avdelinga har ikkje kapasitet til å gjennomføre alle planlagde investeringar i 2018, difor vert det i Juni søkt kommunestyret om å styrke bemanninga i avdelinga.

Pr. 1. Tertial har teknisk sektor nytta 21 % av løyvinga til investeringsprosjekt.

Denne prosentten vil nok auke til 65-75% innan utgongen av Året. Store prosjekt vil verte ferdig eller nær ferdig ved utgongen av året, med tilhøyrande kostnader. Nokre prosjekt vil nok ikkje nytte heile løyvinga i 2018, mellom anna Øyra skule, Vatn og Avløp. EPC prosjektet har vorte forseinka av at NEE gjekk konkurs, slik at vi sjølve må administrere gjennomføringa. Flaumførebyggingane vil ikkje få hovudtyngda av kostnadene før i 2019 og 2020, og Sentrumsprosjektet si løyving i 2018 vil måtte vidareførast med hamnekvartalet i 2019. Næringsområdet Øvre Rotset er uavklart i høve kven som skal bygge ut. Dersom heile



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

området vert utbygd av ekstern eigedomsutviklar, vil ikkje prosjektet trenge tildelt ramme på ca 25 millionar. Alle prosjektstyringsressursar er fullt ut opptekne og engasjert i dei prosjekta som er under utbygging og prosjektering. Ekstrne forhold som konkursar og eksterne eigedomsutviklarar, har ikkje sektoren kontroll på. Det arbeidast kontinuerleg med prioritering av ressursar inn mot viktige prosjekt.

Prosjekt	Rekneskap	Revidert budsjett	Forbruk i %	Ferdigdato	Økonomisk ramme
Ny Øyra skule (ki)	551 171	20 584 997	3 %	Garantier etc	Under budsjett
Omsorgsbustader (5stk) Doktorhaugen	2 984 105	18 250 000	16 %	jan 2019	på budsjett
ROP (rus og psykisk helse) 7 stk midl.bustadar	1 903 897	4 520 394	42 %	juni 2018	ligg på budsjett
Full rehabilitering av Skinnvikbrua	1 301 115	1 250 699	104 %	Ferdigstilt	overskriding 4%
Utbetring veg frå Rotevatn til Vassbotn (aaa) - Botnavegen	9 237 255	15 764 362	59 %	Juli 2018	Overskriding
Ferdigstilling Brannstasjon - krav frå arbeidstilsyn	6 395	1 200 000	1 %	Des 2018	ligg på budsjett
Sambindingsveg over Håmyra	2 324 013	2 665 734	87 %	15. Juni 2018	På Budsjett
Folkestadtun - oppgradering	95 812	1 800 000	5 %	ferdig sept. 2018	ligg på budsjett
Utviding av Mork barnehage	725 156	1 839 100	39 %	ferdig okt 2018	ligg på budsjett



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

Prosjekt	Rekneskap	Revidert budsjett	Forbruk i %	Ferdigdato	Økonomisk ramme
EPC gjennomføringstiltak	3 929 875	32 000 000	12 %	Konkurs, eiga orientering	
Oppgradering Prestagata 33	19 744	2 627 753	1 %	Des 2018	på budsjett
Kommunal del sentrumsutvikling	1 761 998	13 343 124	13 %	Pågår	Innanfor budsjett
Kinosal og kultursal	11 700	625 000	2 %	Pågår Byggenemnd	
Volda u-skule, opprusting	206 642	1 300 000	16 %	sept 2018	ligg på budsjett
Flomsikring Volda sentrum Melshornsida	106 597	10 000 000	1 %	okt 2020	
Flomførebygging Heltneelva	100 793	4 000 000	3 %	sept. 2020	
Symjehall	75 000	625 000	12 %	Ikkje påstarta	
Opprusting Engesetvegen forbi omsorgsenteret til samleveg	104 049	4 000 000	3 %	Juli 2019	
Samleveg Urbakkfoten	23 850	1 500 000	2 %	Desember 2018	På Budsjett
Næringsområde Øvre Rotset	655 096	25 071 097	3 %	uavklart	
Solskjerming kommunale bygg-omsorg	1 716	1 000 000	0 %	Ikkje starta	
Avfallsløysing og parkering ved Rådhuset	34 468	1 000 000	3 %	justert omfang okt 2018	
4.etasje omsorgsenteret	6 863	625 000	1 %	Ikkje Starta	
Tilbygg Myrtun	0	730 000	0 %	Ferdigstilt	ligg på budsjett



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

Prosjekt	Rekneskap	Revidert budsjett	Forbruk i %	Ferdigdato	Økonomisk ramme
Etablering 2 bustadsmodular - Rotset	341 820	2 536 504	13 %	Pågår 50% ferdig	ligg på budsjett
Kommunale vegar, utbetring (aaa)	0	2 000 000	0 %	Nov 2018	På Budsjett
Friluftslivstiltak (rt)	216 722	796 350	27 %	Juni 2018	På Budsjett
Skulebakken Hagen Lauvstad	3 407	0	100 %	Ferdigstilt	På Budsjett
Utbygting veglys til LED finansiert ved straumsparing	3 551	2 750 000	0 %	Juli 2018	På Budsjett
Fast dekke kommunale areal/vegar finansiert drift	131 075	11 900 000	1 %	Sept. 2018	På Budsjett
Vatn samleinvestering (LF)	626 782	20 125 000	3 %	Pågår	Mindreforbruk
Bygging av breiband Halkjelsvik - Folkestad	2 125	1 963 000	0 %	Des 2018	På Budsjett
Avløp samleinvestering	200 576	23 700 000	1 %	Pågår	Mindreforbruk



VOLDA KOMMUNE

Personal- og organisasjonsstaben

NOTAT

Frå: Berit Lyngstad

Sak: Månads- og tertialrapportering

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd / Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/210	6952/2018	151	LOP/BERLYN	22.05.2018

PERSONAL- OG ORGANISASJONSAVDELING - 1. TERTIAL 2018

Status drift

Fokuset til avdelinga i første tertial har vore kommunesamanslåing, prosjekt sjukefråvær og revisjonsarbeid.

I arbeidet med kommunesamanslåing har det blitt vedteken ein omstillingsavtale og det er nedsett eit omstillingsutval. Det er også etablert ei arbeidsgruppe på personalområdet. Gruppen har hatt eit møte og er i startgropa av arbeidet.

Prosjekt sjukefråvær er starta i sektor Helse- og omsorg. Det har vore samlingar i snart alle personalgruppene, der ein har fokus på den gode dialogen mellom leiar og tilsett som kan førebygge sjukefråvær. I etterkant av desse samlingane skal einingsleiarane ha individuelle samtaler med tilsette.

Revisjonsarbeidet har stort fokus. Ei arbeidsgruppe har revidert lønspolitikken, og det er sett ned tre andre arbeidsgrupper som skal sjå på vald og truslar om vald, mobbing og trakassering, samt behov for arbeidskle.

Status bemanning

Personal- og organisasjonsavdelinga har 6,6 årsverk. Frå 01.01.18 gjekk tre årsverk frå IKT-avdelinga over til SSIKT, og avdelinga består i dag av Løn- og personalavdelinga og seksjon Innvandring. I tillegg blir hovudverneombodet, to hovudtillitsvalde og lærlingane løna frå denne avdelinga.

Bemanning	2017	1. tertial 2018
Løn- og personal	6,60	6,60
Seksjon Innvandring	0,60	0,60
Lærlingar*	10,30	10,30
HVO og HTV	2,15	2,15
Personal- og organisasjon	18,30	18,30

*Det er pr 30.04.18 21 lærlingar



VOLDA KOMMUNE

Personal- og organisasjonsstaben

Status økonomi

	Revidert			
	Rekneskap 1.	budsjett 1.	Avvik	Forbruk i %
	tertial 2018	tertial 2018	1.tertial 2018	
Utgifter	9 245 206	9 738 069	492 863	94,94
Inntekter	- 2 332 412	- 1 050 811	- 1 281 600	221,96
Økonomi	6 912 794	8 687 258	1 774 463	79,57

Etter første tertial ligg avdelinga med eit mindreforbruk på kr. 1 774 463. Størsteparten av dette gjeld Seksjon Innvandring, som har eit mindreforbruk på kr. 1 703 636. Løn- og personal har eit mindreforbruk på kr. 308 923. IKT-budsjettet går med eit mindreforbruk på kr 238 096, men dette gjeld ei investering som er feilført.

Personal- og organisasjonsavdelinga sine tiltak inn mot digitalisering og innovasjonstiltaket frå ØPL 2018-2021:

	År 2018	År 2019	År 2020	År 2021
Vakant stilling	0			
Digitalisering og auke i inntekt	250 000	250 000	250 000	250 000
Samla «innsparing» økonomi	500 000	250 000	250 000	250 000

Status sjukefråvær

Sjukefråvær	1. tertial 2018	1. tertial 2017	2017
Personal- og organisasjon	6,87	5,44	4,67

Status målstyring

SATSINGAR 2018	KOMMENTAR	MÅL	Status 1.tertial
OMDØMME			
Tilsette og leiarar får pålitelege svar på henvendingar			
Korrekte tenester til rett tid			
Volda kommune framstår som ei heilskapleg og samla kommune med «vi»-følelse			
MEDARBEIDARAR			
Nærver på 97 %		97 %	93,13%
Medarbeidarsamtale med alle tilsette ein	Skal gjennomførast til	100 %	0 %



VOLDA KOMMUNE

Personal- og organisasjonsstaben

SATSINGAR 2018	KOMMENTAR	MÅL	Status 1.tertial
gong i året	hausten		
Utarbeide handlingsplan knytt til 10-faktor prosjektet	Handlingsplan utforma		
Utarbeide opplæringsplanar	Ikkje starta		
TENESTER			
Administrere medarbeidarundersøking 10-faktor		Legge til rette for ein god prosess ved forarbeid, gjennomføring og etterarbeid av medarbeidarundersøkinga	Undersøkinga skal gjennomførast i oktober/november og arbeidet startar til hausten
Implementere Win Tid		Sørge for at tidsregistrering og fråværsregistrering er på plass i heile organisasjonen	WinTid er implementert i Barnevernstenesta. Begynt arbeid i Teknisk sektor
Gjennomgåande revisjonsarbeid		Sørge for å ta initiativ slik at reglement og rutinar blir revidert etter oppsett plan	Lønspolitikken er revidert pr 1. mai 2018
Profesjonell rekruttering		Fremje Volda kommune som arbeidsgjevar og sørgje for at vi rekrutterar rett kompetanse til rett tid.	
Trepartssamarbeid		Sørgje for eit godt og utviklande trepartssamarbeid i heile organisasjonen	
Internopplæring		Gjennomføre nytilsattopplæring minimum 2 gngr pr år, samt starte eit nytilsattprogram for leiarar	Nytilsattopplæring gjennomført våren 2018.



VOLDA KOMMUNE

Opplæring og oppvekst

NOTAT

Til: Økonomistaben
Frå: Per Ivar Kongsvik
Sak: Månads- og tertialrapportering

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd / Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/210	7104/2018	151	OPP/PERKON	23.05.2018

OPPLÆRING OG OPPVEKST - 1. TERTIAL 2018

Status drift

I tillegg til den ordinære drifta i alle einingane i sektoren, har det i første tertial særleg vorte arbeidd med

- ✓ Barnehageopptak
- ✓ Fordeling av 1. klassingar
- ✓ Tilsettingar på barnehage- og skuleområdet
- ✓ Rekruttering av leiarar i barnehage, skule og kulturskule

I februar var alle leiarane sektoren samla i Loen. Leiarar i Hornindal kommune vart også invitert til delar av samlinga.

Tema på denne leiarsamlinga var

- ✓ Delegering, ansvar og roller. Reviderte delegeringsfullmakter vart gjennomgått.
- ✓ Vidare implementering av kvalitetsplanen for sektoren
- ✓ Opplæring i google-verkty
- ✓ Arbeid med psykisk helse – praksisforteljingar
- ✓ Barnehagestart – samarbeid helsestasjon og barnehage
- ✓ Overgangen barnehage – skule

Den digitale satsinga i sektoren krev mykje. Det er ikkje avsett ekstra personalressurs til den etter måten store digitale satsinga i barnehagar og skular, og andre arbeidsoppgåver i oppvekstsjefen sin stab har ein måtte prioritere ned.

Det same gjeld nytt oppvekstadministrativt program til bruk i innan barnehage, skule og skulefritidsordning. Dette krev mykje opplæring for superbrukarane til verktøyet, som begge er i oppvekstsjefen sin stab.

Alle leiarane innan barnehage og skule samt oppvekstsjefen sin stab tek vidareutdanning i digital kompetanse i læring (5 stp). Dette studiet vert avslutta til sommaren.

Leiarane i sektoren har også fått opplæring i økonomiske rapporteringsverkty i regi av økonomiavdelinga.



VOLDA KOMMUNE

Opplæring og oppvekst

Status økonomi

	Rekneskap 1. tertial 2018	Revidert budsjett 1. tertial 2018	Avvik 1.tertial 2018	Forbruk i %
Utgifter	97 378 479	97 777 553	399 074	99,59
Inntekter	- 13 308 132	- 13 894 534	- 586 402	95,78
Opplæring og oppvekst	84 070 347	83 883 019	- 187 328	100,22
Einingar under sektoren:				
Utgifter	2 027 601	3 009 749	982 148	67,37
Inntekter	- 2 366 126	- 2 691 531	- 325 405	87,91
Stab opplæring og oppvekst	- 338 525	318 219	656 743	-106,38
Utgifter	3 103 233	3 458 587	355 355	89,73
Inntekter	- 218 429	- 199 370	19 058	109,56
Helsestasjon	2 884 804	3 259 217	374 413	88,51
Utgifter	33 425 990	34 181 705	755 714	97,79
Inntekter	- 4 545 937	- 4 939 055	- 393 118	92,04
Barnehage	28 880 053	29 242 650	362 597	98,76
Utgifter	46 815 788	45 383 278	- 1 432 510	103,16
Inntekter	- 5 121 092	- 5 035 530	85 562	101,7
Grunnskule med SFO	41 694 697	40 347 748	- 1 346 949	103,34
Utgifter	1 856 910	1 721 111	- 135 799	107,89
Inntekter	- 511 488	- 529 151	- 17 663	96,66
Kulturskule	1 345 422	1 191 960	- 153 462	112,87
Utgifter	10 148 956	10 023 123	- 125 833	101,26
Inntekter	- 545 060	- 499 897	45 163	109,03
Volda læringscenter	9 603 896	9 523 225	- 80 671	100,85

Etter 1. tertial har sektoren eit meirforbruk på kr 187 328,-. Ser ein på einingsnivå ligg drifta samla sett i overkant av budsjett, og det er grunn til å tru at drifta i 2018 vil kome ut med eit større meirforbruk enn det resultatet etter 1. tertial tilseier.

Innan barnehagedrifta må ein pårekne mindre inntekter knytt til barn busette i andre kommunar. Det er her budsjettert med erfaringstal.

Auka tal born i Lauvstad og Mork barnehagar gjer det naudsynt med auka drift frå hausten 2018. Framlegg til samordning innan barnehagedrifta vil kunne dekke noko av auken i drift, men ikkje fullt ut. Det vil bli arbeidd med løysingar for å finne inndeckning for auken i den samla drifta. Om naudsynt må det leggest fram eiga sak om dette i samband med rapport 2. tertial.

Det er forventa at inntekter knytt til norskopplæring for einslege mindreårige asylsøkarar vil bli mindre enn budsjettert. Som kompenserande tiltak vert drifta ved Volda læringscenter redusert frå hausten.

Ungdomssteget ved Austefjord skule vert flytta til Volda ungdomsskule, noko som reduserer den samla drifta med om lag to årsverk med verknad frå august 2018.



VOLDA KOMMUNE

Opplæring og oppvekst

Investeringar i digital infrastruktur og maskinvare gjer at sektoren kan effektivisere med eitt årsverk fagarbeidar IKT frå august 2018.

Eit auka sjukefråvær i sektoren uroar. Det gir auka utgifter og det går ut over kvaliteten på tenestene vi skal levere. Innan barnehage er det sett i gong tiltak i samarbeid med bedriftshelsetenesta der sjukefråvær er eit fokusområde.

Opplæring og oppvekst sine tiltak inn mot digitalisering og innovasjonstiltaket frå ØPL 2018 - 2021

	År 2018	År 2019	År 2020	År 2021
Samordning skuledrift	520000	1250000	1250000	1250000
Digitalisering red stilling IKT fagarb	208000	500000	500000	500000
Samordning bhg	250000	600000	600000	600000
Samla innsparing OO	978888	2350000	2350000	2350000

Tiltak 1 og 2 vert gjennomført. Har bede om å behalde innsparinga i 2018 for å kompensere for meirforbruk i høve budsjett. Med rett budsjettgrunnlag i 2019 og seinare år, vil dette vere reelle innsparingar i økonomiplanperioden.

Status sjukefråvær

Volda kommune	1. tertial 2018	1. tertial 2017	2017
Stab opplæring og oppvekst	5,47	9,59	3,42
Helsestasjon	3,63	13,29	6,65
Barnehage	11,45	8,52	8,31
Grunnskule med SFO	10,56	7,37	6,31
Kulturskule	11,08	3,13	5,84
Volda læringssenter	3,68	4,57	3,12
Opplæring og oppvekst	9,86	7,55	6,43

Ein auke i sjukefråværet samanlikna med 1. tertial 2017 gir grunn til uro. Trass auka merksemd mot oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar og samarbeid med bedriftshelsetenesta, aukar sjukefråværet i barnehagane. Også innan grunnskuledrifta inkl SFO er det ein auke som gir grunn til uro.

Status målstyring

SATSINGAR 2018	KOMMENTAR	MÅL	Status 1.tertial
Utarbeide Plan for helsestasjon i Volda 2018-2020			Ferdig og vedteke av kommunestyret
Etablere/vidareføre gruppetilbod ✓ For barn som opplever skilsmisse ✓ Jentegrupper i ungdomsskolen – 2 pr år Gruppetilbod psykisk helse for minoritetsungdom			Gruppetilbod psykisk helse for minoritetsungdom gjennomført. Dei to andre tilboda vil ein freiste å setje i gong/gjennomføre i løpet av hausten.
Barselomsorga skal følgje nasjonal fagleg retningslinje.			70 % - 80 % heimebesøk av jordmor innan 3-4 døgn. Helsesøster følgjer opp med heimebesøk etter 7 – 10 dagar
Kunne gje tilbod om foreldrerettleing.			Med prosjektmidlar ut året har ein dette



VOLDA KOMMUNE

Opplæring og oppvekst

			tilbudet
Etablere felles helsestasjon for ungdom og studentar ved nye Øyra skule			Dette er etablert. Avtale med Høgskulen og Studentsamskipnaden blir skrivne i juni.
Gjennom tverrfagleg samhandling styrke foreldre sin kunnskap om kosthald og aktivitet			Etter oppsett plan informerer helsestasjonen foreldre på skolane
Vidareutvikle formalisert samhandling mellom helsestasjon og barnehage			Dette arbeidet er pågåande
Oppretthalde minst 50 % pedagogtettleik i barnehagane			Volda oppfyller dette
Utarbeide Plan for barnehagane i Volda 2018 -2020			Ikkje påbyrja.
Utarbeide plan for tilsyn av barnehagar 2018 - 2020 og gjennomføre etter oppsett plan.			
Evaluere og vidareutvikle rutiane kring overgang barnehage-barneskule/SFO-ungdomsskule			Pågåande arbeid
Ei styrking av det ordinære og tilpassa tilbudet skal redusere behovet for støttetiltak og spesialpedagogisk hjelp i barnehage, og spesialundervisning i grunnskule	Viss det ordinære og tilpassa tilbudet gir utbyte for fleire barn og elevar, vil behovet for støttetiltak og spesialundervisning bli mindre.		I forhold til samla rammetimetal er timar til spes.underv. redusert frå 25 % til 20 % frå 2016 til 2017 (iflg KOSTRA). Samstundes har talet på elevar med spes.underv. auka noko
Innføre nettbrett/PC som pedagogisk verkty i barnehage og grunnskule og sikre naudsynt kompetanse mellom dei tilsette			Dette er på det næraste gjennomført. Kompetanseheving er pågåande
Tidleg oppdage barn og elevar som treng ekstra hjelp og støtte og utarbeide rutinar for tiltak og oppfølging	Det skal utarbeidast system/tiltak som skal sikre at rett tiltak vert sett inn på rett tidspunkt. Kartleggingar og ressursteamet er dømme på dette		
Grunnskulepoeng og resultat på eksamen skal vere høgare enn fylkes- og landsgjennomsnittet.			Dette målet er oppfylt
Talet på elevar som på dei nasjonale prøvene presterer på meistringsnivå 1 i 5. klasse og meistringsnivå 1 og 2 i 8. og 9. klasse, skal reduserast med 15 % samanlikna med skuleåret 15/16			Her har ein delvis nådd målsetjinga
Skulefritidsordningane skal støtte den språklege og sosiale utviklinga til elevane.			
70 % av deltakarane i introduksjonsprogram skal gå over til skule eller arbeid etter avslutta program.			Vil få resultat til sommaren
Alle busette einslege mindreårige flyktningar skal gå ut med greidd grunnskuleeksamen			Vil få resultat til sommaren
Utarbeide rammeplan og mål for kulturskuledrifta			Det vert vurdert å legge fram sak om å tilrå kulturskulerådet sin rammeplan gjeldande for Volda kulturskule
Identifisere og styrke tiltak som reduserer sjukefråværet			Pågåande arbeid i samarbeid med bedriftshelsetenesta
Informasjon på kommunen sine heimesider skal vere oppdatert.			Her er det framleis utviklingspotensiale



NOTAT

Interne mottakarar:

Økonomistaben Kari Mette Sundgot

Sak: Månads- og tertialrapportering

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/210	7145/2018	151	BVA/AO	24.05.2018

TERTIALRAPPORT 1.TERTIAL 2018 BARNEVERNSTENESTA

Status drift

Ved årskiftet hadde barnevernstenesta vore interkommunal i fire år. Det vart også leiarskifte, både barnevernssjef og tre av fire teamleiarar er nye i sine roller. 2018 vert difor eit år der vi vil ha fokus på å sette i system mykje av den anvendte praksisen som har vorte etablert i tenesta.

Tala for første tertial vil truleg gå i balanse i høve fellesutgifter. Når det gjeld utgifter til tiltak, ser ein at to av kommunane vil få eit overforbruk ved slutten av året for tiltak utanfor heimen. Årsaka til muleg overforbruk er i hovudssak auka saksmengd og alvoret i innhaldet i nokre av sakene. Eigenandelen for institusjonsplassering har auka jamt siste åra og dette fører til store meirutgifter for kommunane. I første tertial har barnevernstenesta behandla fleire saker om omsorgsovertaking i fylkesnemnda. Barnevernstenesta har fått medhald i desse sakene.

I skrivande stund veit vi at vi skal ha oppe saker vedkomande 5 barn i nemnda, og ein i tingretten. Dette medfører store utgifter for barnevernstenesta, i form av utgifter til førebuing av sak og handsaming av sak i nemnda. Det fører også med seg utgifter å følgje opp når barnet eventuelt vert plassert i fosterheim eller institusjon.

Når barna som mottar tiltak utanfor heimen vert 18 år, vel dei sjølv om dei vil ta imot tiltak vidare. Dei seier ofte ja til dette. Fleire av dei har behov for at tiltaket dei har hatt, held fram med same kostnadane som tidlegare, i ein overgangsfase,

Tenesta held fram med å ha eit fokus på å nytte familieråd og nettverksmøter og erfarar at dette fører til betre samarbeid med familieane også der plassering ikkje kan unngåast. Vi ser også at vi ved å nytte familieråd og nettverksmøter kjem fram til gode løysingar for barnet.

Barnevernstenesta hadde tilsyn frå arbeidstilsynet i februar med fokus på vald og truslar. Dette medførte pålegg om tiltak for å utbetre situasjonen i tenesta vedkomande dette. Vi er i gong med å sette i verk tiltak i høve dette og vil rapportere til arbeidstilsynet om at krava er innfridd innan frist.

Det høge sjukefråværet i tenesta i 1.tertial samt mykje arbeid med saksførebuing til handsaming av saker til nemnda, har vore krevjande i høve å innfri krava som vert stilt til kvaliteten i tenesta. Det er for tidleg å gi sikre tal no, men vi forventar at dette vil vise igjen i form av fristbrot ved rapportering til fylkesmannen 1. halvår 2018.

Tabell meldingar 1.tertial 2018 :

	Meldingar 2017	Meldingar 1.tertial 2018
Hareid	62	21
Hornindal	2	1
Ulstein	74	33
Volda	75	40
Ørsta	118	14
Samla	331	109

Tal barn med hjelpetiltak i heimen ved 1.tertial 2018:

	2017	1.tertial 2018
Hareid	35	40
Hornindal	6	6
Ulstein	50	37
Volda	58	53
Ørsta	72	84
Samla	221	220

Tal barn med tiltak utafør heimen ved 1.tertial 2018(0-18 år)

	2017	1.tertial 2018
Hareid	14	16
Hornindal	0	0
Ulstein	19	17
Volda	12	11
Ørsta	12	14
Samla	57	58

Unge vaksne med ettervernstiltak (18-23 år):

	2017	1.tertial 2018
Hareid	2	4
Hornindal	0	0
Ulstein	9	10
Volda	9	11
Ørsta	8	10
Samla	28	34

Tilsyn i fosterheim 1. tertial 2018:

Kommune	Barn med tilsynsførar	Barn uten tilsynsførar	Nye barn i perioden	Barn totalt
Volda	29	1	3	30
Ørsta	19	3	1	22
Hareid	12	1(Kun 3 mnd til ho fyller 18 år)	1	13
Ulstein	15	2	1	17
Totalt	75	7	6	82

Ungdommar EM-tenesta

BUFELLESKAP	ØRSTA	VOLDA	BUSETTING 2018
Einéhøgda Bufellesskap	3		1(juni)
Sidekroken Bufellesskap	4(1 plassering frå Ord.BV)		
Smiebakken Bufellesskap		8	2(januar)
Oppfølgingstenesta	Total: 23		
OPP Ørsta	11		
Det vart røysta alternativt mellom punkt 2 og punkt 3 i tilrådinga frå administrasjonen. Punkt 3 (alternativ 2) fekk åtte røyster og vart vedteke og punkt 2 (alternativ 1) fekk 0 røyster og falt.

Tilrådinga frå administrasjonen, punkt 1, 3, 4 og 5, vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 05.06.2018 til kommunestyret:

- Kommunestyret tek Analyserapporten frå Asplan Viak til vitende.*
- Alt. 2:** Kommunestyret ber rådmannen med bakgrunn i saksutgreiinga og analyserapporten frå Asplan Viak utarbeide romprogram og skisseprosjekt for eit nytt badeanlegg i Volda i tilknytt Campus Arena. Badeanlegget skal ta utgangspunkt i anbefalt program, men med 12,5 m breidde på 25 m bassenget.*
 - Ulike behov og løysingar skal utgreiast, og tilpasningar i høve til Campus Arena skal vurderast. Det skal gjerast faglege og kostnadmessige vurderingar og ein skal så langt råd er, avklare økonomisk medverknad frå andre. Ein ber om at m.a. problemstilling rundt bruk av stupetårn og 12,5 m breidde på bassenget vert vurdert.*
 - Rådmannen skal knyte til seg representasjon frå brukargruppene og nødvendig badfagleg rådgjevingsekspertise i arbeidet.*
- Romprogram med skisseprosjekt og kostnadskalkyle vert å leggje fram innan 01.06.19. I samband med planlegginga av idrettshallen, så føreset kommunestyret at tilrettelegging for påbygg av svømmehall og grensesnittet mellom desse to anlegga vert ivareteke.*

4. Kommunestyret vil vurdere utbygging i samband med handsaminga av komande budsjett og økonomiplan.

Administrasjonen si tilråding:

5. Kommunestyret tek Analyserapporten frå Asplan Viak til vitende.
6. **Alt. 1:** Kommunestyret ber rådmannen å planlegge og innarbeide eit 12,5 m basseng knytt til Øyra skule i Budsjettet for 2019.
7. **Alt. 2:** Kommunestyret ber rådmannen med bakgrunn i saksutgreiinga og analyserapporten frå Asplan Viak utarbeide romprogram og skisseprosjekt for eit nytt badeanlegg i Volda i tilknytt Campus Arena. Badeanlegget skal ta utgangspunkt i anbefalt program, men med 12,5 m breidde på 25 m bassenget.
 - 7.1. Ulike behov og løysingar skal utgreiast, og tilpasningar i høve til Campus Arena skal vurderast. Det skal gjerast faglege og kostnadmessige vurderingar og ein skal så langt råd er, avklare økonomisk medverknad frå andre. Ein ber om at m.a. problemstilling rundt bruk av stupetårn og 12,5 m breidde på bassenget vert vurdert.
 - 7.2. Rådmannen skal knyte til seg representasjon frå brukargruppene og nødvendig badfagleg rådgjevingseksperitise i arbeidet.
8. Romprogram med skisseprosjekt og kostnadskalkyle vert å leggje fram innan 01.06.19. I samband med planlegginga av idrettshallen, så føreset kommunestyret at tilrettelegging for påbygg av svømmehall og grensesnittet mellom desse to anlegga vert ivareteke.
9. Kommunestyret vil vurdere utbygging i samband med handsaminga av komande budsjett og økonomiplan.

Vedleggsliste:

1. PS 60/17 sak **SYMJEBASSENG I SENTRUM I VOLDA KOMMUNE - SPØRSMÅL OM FRAMTIDIG LEIGE I SYMJEHALLEN ETTER 2020.**
2. Volda kommune – Bad og svømmeanlegg Volda Analyserapport d.s. 15.05.2018
3. Fråsegn frå Interessegruppa for nytt Voldabad d.s.
4. Mail frå Høgskulen d.s. 03.05.2018
5. Skriv frå Volda Næringsforum
6. Avisinnlegg i Smp 12.mai 2018 med svar frå Frode Nysæter Viak Asplan AS

SAMANDRAG AV SAKA

Med bakgrunn i vedtak i PS 60/17 har rådmannen fått utarbeidd ein analyserapport for bad og svømmeanlegg. Rapporten vert med dette lagt fram for formannskapet/kommunestyret for førehaving og evt. vidare framdrift.-

Det tilrådde alternativet frå Asplan Viak er større enn kommunestyret sitt «primære» ynskje i PS-sak 60/17, men «å bygge et anlegg med 25 meter konkurransebasseng (25 x 15,5 m) med et opplæringsbasseng på 12,5 x 9,5 meter uten tilleggsaktiviteter vil trolig vere det dyreste alternative med tanke på årlige kostnader, da dette gir store investeringer og driftsutgifter, men færre betalende gjester og relativ lav attraktivitet.»(jfr. S. 25 i rapporten)

SAKSOPPLYSNINGAR/FAKTA

Innleiing:

Kommunestyret gjorde slikt vedtak i sak PS 60/17:

1. *Kommunestyret i Volda syner til saksutgreiinga under og vil allereie no signalisere at det ikkje vil vere framtidretta for kommunen å halde fram med å leige symjehallen ut over 2020 på dei nye vilkåra som går fram av skrivet.*
2. *Med tilvising til pkt. 1 må kommunen sette i verk ein prosess for å oppretthalde lovpålagt symjeopplæring for elevane i sentrum frå det tidspunktet kommunen ikkje lenger er leigetakar i symjehallen.*
3. *Primært ynskje Volda kommune å byggje 25 meters basseng på høgskuletomta evt. i tilknytning til Volda Campus Arena) og evt. med opplæringsbasseng i tillegg. Ein føresetnad for ei slik løysing er ei betydeleg medverknad i form av leige frå Høgskulen og evt. andre leigetakarar og bidragsytarar.*
4. *Dersom pkt. 3 ikkje er mogleg å realisere vil Volda kommune bygge 12,5 m basseng knytt til Øyra skule.*

Med bakgrunn i at kommunen har gjort vedtak om at det ikkje vil vere framtidretta for kommunen å leige utover 2020 på dei vilkåra som går fram av HVO sitt skriv d.s.02.03.2017, ba rådmannen formannskapet om å få gjort eit analysearbeid for å kome vidare med arbeidet for å finne fram til alternative løysingar.

Asplan Viak AS vart engasjert og fekk i oppdrag å utarbeide ein overordna rapport som skal gje ei innleiande analyse for best mogleg bad og svømmeanlegg i Volda kommune.

I analysen som fylgjer vedlagt til vitende har Asplan Viak etter oppdrag frå kommunen sett på og vurdert;

- Behovs- og besøksanalyse. Ein har gått gjennom basisbehovet og forhold som påverkar besøkspotensialet. I tillegg er det vurdert synergieffektar.
- Storleik og innhald på badeanlegget. Asplan Viak kjem med eit anbefalt program som mest mogleg tek sikte på å kome til møtes basisbehovet og besøkspotensialet.
- Byggekostnader. Vurdering av forventa byggekostnader basert på erfaringstall frå fleire svømmeanlegg over heile landet.
- Finansiering. Ein overordna gjennomgang av sannsynlege tilskot og samla finansieringsbehov.
- Driftsøkonomi; inntekter – kostnader.
- Gjennomføringsstrategi og driftsmodell. Gjennomgang av ulike modellar.
- Framdrift. Vurdering av prosess og framdrift frem til opning av badet.

Ved planlegging av eit framtidretta anlegg må ulike grupper sine behov kartleggast og balanserast i eit best mogleg program.

Sjølv om kommunen sitt primære behov for eit svømmeanlegg i sentrum er å oppretthalde **lovpålagt symjeopplæring for elevane i grunnskulen**, så har kommunestyret i pkt. 3 ovanfor uttrykt eit ynskje om å sjå på om det er mogleg å få til ei noko større utbygging med utvida funksjonalitetar i tilknytning til den nye idrettshallen på høgskuleområdet (Campus Arena).


I reguleringsplanen for idrettshall på «høgskuleområdet» er det lagt opp til ein slik kombinasjon med eit areal til symje/badeanlegg på om lag 2,2 mål, noko som vil kunne gje plass til eit anlegg i Volda som er tilrådd i rapporten.

For å få ein god prosess på denne saka før analyserapporten vert lagt fram for folkevalt organ, har rådmannen bede om innspel på rapporten frå m.a. *Campus Arena AS, Høgskulen, Interessegruppa/symjegruppa i Volda, oppvekstsjefen og Næringsforumet i Volda*. Eg vil kome attende til dei innspela seinare i utgreiinga.

Om hovudpunkta i rapporten;

I behovsanalysen vert det i tillegg til lovpålagt skulebehov vurdert ulike grupper sine behov som m.a. ; idrettens, funksjonshemma, folket (dei uorganiserte), nye brukargrupper i tilknytning til m.a. idrett- treningssenter- skadeførebygging og rehabilitering, samt samfunnsnyttan i folkehelseperspektiv.

Noko av det interessante i den samanheng er figuren 2.2. på side 10 som fortel at svømmeaktivitet er den aktivitet som skil seg ut både i ung alder (9-12 år) og for dei veksende eldregruppene (over 75 år)



Det går også fram av rapporten at som tilbod til innbyggjarane syner undersøkingar at færre enn 10 pst. av befolkninga er brukarar av tradisjonell 25 meters symjehall, medan eit moderne anlegg har over 70 pst. av innbyggjarane som brukarar. Eit moderne anlegg vil såleis kunne gje ein folkehelsegevinst og fritidstilbod til langt fleire, og langt høgere inntekter for badet. Det er også gjort eit forsøk på å kvantifisere folkehelsegevinsten i kap. 8.4.

Det vert i behovsanalysen og synt til andre synergjar som turisme, positiv stadsutvikling, arbeidsplassar og kommunale inntekter.

I besøksanalysen har Asplan Viak lagt til grunn statistisk grunnlagsmateriale frå moderne folkebad som er bygt dei siste åra og som har eit noko større tilbod enn det som er aktuelt i Volda. Meir om metoden går fram av side 14 i rapporten.

Modellen skil mellom besøkjande frå fastbuande og besøkjande frå reiseliv og den nyanserer både befolkningsgrunnlaget og reiselivsbesøket. I tillegg drøfter modellen besøksfaktorar som konkurrerande anlegg, vêrtilhøve (badeanlegg og andre fritidstilbod) m.m.

Rapporten ser på det publikumet som kjøper bilettar; - **kven er dei? kvar kjem dei i frå? Og kvifor kjem dei hit?**

Modellen legg til grunn at dei viktigaste faktorane som på verkar besøkstalet for dette publikumet er;

1. Badet si attraksjonskraft
2. Befolkningsgrunnlag
3. Reiseliv
4. Konkurrerande tilbod
5. Veret/geografi (dårleg ver er godt ver for innandørs bading)
6. kultur for bading
7. Opningstider
8. Billettpris
9. Service

Etter gjennomgåing av dei aktuelle faktorane konkluderer rapporten i kap. 5.8 med ei oppsummering der ein anslår besøkspotensialet til mellom **42.000 og 59.000 besøkjande i året**

I tillegg kjem skular, lag og foreiningar. Til slutt under denne analysen vert talet kontrollert mot Sunndal svømmehall og Trivselshagen bad på Sandane.

Kommentar:

Dei mange festivalane med tilreisande som er i Volda og Ørsta gjennom året saman med den aukande friluftsturismen som skjer i området medfører truleg at besøkspotensialet innanfor reiselivet er større enn dei 10-15.000 som er vurdert i rapporten. Det vil kunne påverke inntektsmulighetene for eit badeanlegg ,

Storleik og innhald på badeanlegget.

Minimumsframlegget til kommunen med eit 12,5 m. opplæringsbasseng er ikkje vurdert vidare i rapporten då dette alternativet i utgangspunktet kun vil vere tenleg for lovbestemt symjeopplæring i skulen.

Rapporten konkluderer med at kommunen sitt mest ambisiøse framlegg (pkt. 3 i vedtaket PS sak 60/17) utan tilleggsaktiviteter **«vil trolig vere det dyreste alternativet med tanke på årlige kostnader, da dette gir store investeringer og driftsutgifter, men færre betalende gjester og relativ lav attraktivitet.»**

Med bakgrunn i behov- og besøksanalysen, attraktivitet og økonomi tilrår rapporten innhald og storleik for eit **mindre moderne folkebad** i Volda. Anbefalt program er trenings-/konkurranserbasseng på 25x15,5 meter, opplæringsbasseng på 12,5 x 9,5 meter, barnebasseng på 40m2, enkle *«velværeelement, utekulp og enkel vassrutsjebane.»*

Dersom ein ynskjer å redusere kostnader, vil det første tilrådde steget vere å redusere breiddemålet på trenings-/konkurranserbassenget frå 15,5 meter til 12,5 meter. Det vil gje vesentlege innsparingar utan at inntektene vert særleg reduserte. (Netto om lag 16 mill)

Alternativet der ein ikkje har med barnebasseng, boblebad, badstuer og sklie vil vere det dyraste dersom ein ser på levetidskostnadane inkludert synergieffektar.

Innspel og kommentarar

Campus Arena AS,

Positiv til at rapportens vinkling på at det må bli noko meir enn eit reint svømmanlegg som då opnar opp for ei større brukargruppe – og betre økonomi

Høgskulen,

«AKF/idrett og friluftsliv har desse krava for anlegget dersom dei skal drive undervisning der:

- Basseng 25m, djup 1m – 4m
 - 15,5 meter bredde vil vere flott, men vi klarer oss også med 12,5 meter bredde.
- Stupetårn 1m – 3m – 5m
 - HVO kan evt flytte stupeundervisninga til eit anna anlegg dersom det ikkje blir bygd stupetårn i Volda, dette utgjør 60 timar i året
- Lagerrom for HVO-utstyr ca 25 kvm
- Separat garderobe for lærarar

I tillegg har AKF/idrett og friluftsliv desse ønska for anlegget

- Opplæringsbasseng
- «Teorikrå» / skjerna samlingsplass for rundt 25 personar
- Inngangsdør, der dei kan ta inn/ut kajakkar
- Lydanlegg
- Støydempande tiltak i «storhallen»

Interessegruppa/symjegruppa i Volda,

«Symjegruppa påpeikar at det vil gå kraftig ut over bruken, ditto inntektene, om vi ikkje bygg stupetårn og 8 baners breidde i konkurransebassenget. Eit breiare basseng vil auke parallellbruken mykje og då inntektsgrunnlaget. Ulstein arena kan p.t. ha ope berre ei bane mens det vert utført stup. Dette avgrensar bruken betydeleg.»

Næringsforumet i Volda.

«I same punkt vil vi oppmode heilt konkret til at ein ikkje vel å redusere kostnader ved å redusere storleik/breidde, mv. på anlegget, jmf. rapportens innspel om langsiktig lønnsemd.»

Byggekostnader og tilskot

Rapporten konkluderer med at det er stor knytt usikkerheit til byggekostnader. Med «beste veg» til realisering ligg usikkerhet på pluss 30% og minus 15%. Ut frå røynsle skuldast usikkerheita faktorar som; strengere byggeforskrifter, vanskelege grunntilhøve, liten konkurranse, geografisk plassering og høgt ambisjonsnivå.

Vurdering gjev eit slikt anslag på dei ulike alternativa;

Type anlegg;	Lågaste anslag – 15%	«Mediankostnad» med usikkerhetskostn.	Høgste anslag + 30%
Anbefalt anlegg	149 mill.	175 mill.	227 mill.
Utan barnebasseng	136 mill.	160 mill.	208 mill.
Med 12,5 meter breidd	134 mill.	158 mill.	205 mill.

Type anlegg;	Anbefalt anlegg	Utan barnebasseng	Med 12,5 meter breidd
1. Kostnad (utan usikkerhetsavsetning)	159 mill	146 mill	144 mill
2. Spelemidlar	29 mill	29 mill	25 mill
3. Mva –komp 80% (jfr, s 33)	23 mill	21 mill	21 mill
(2+3)	52 mill	50 mill	46 mill
4. Rest finansieringsbehov	107 mill	96 mill	98 mill
30 år 5% rente			
Totale årlege finanskostnader utan interkommunalt tilskot	7,0 mill	6,2 mill	6,4 mill

Det kan også gjevast interkommunalt tilskot dersom anlegget vert etablert som eit interkommunalt anlegg. Det krev minimumsbidrag frå anna kommune på minst 5% og i tillegg 5% bidrag i drift i 20 år. For dei ulike alternativa vil dette kunne utgjere frå 4,8 mill. til 5,4 mill. i tillegg til bidrag i drifta.

Driftsøkonomi

Driftsinntekter.

I modellen for dei ulike programma har ein på side 36 og 37 anslått inntekter på badeanlegget;

	Lav	Høg	Snitt
Anbefalt program			
Billettjøpande publikum (snittpris kr. 90)	3,8 mill	5,3 mill	4,5 mill
Kafeteriasal	0,2 mill	0,9 mill	0,5 mill
Sal artiklar (handkle, badekle, sjampo m.m.)	0,1 mill	0,2 mill	0,2 mill
Utleige (20% av billettjøpande)	0,3 mill	0,5 mill	0,4 mill
Sum inntekter årleg	4,5 mill	6,8 mill	5,6 mill
Utan barnebasseng			
Billettjøpande publikum (snittpris kr. 90)	2,8 mill	4,1 mill	3,4 mill
Kafeteriasal	0,2 mill	0,7 mill	0,4 mill
Sal artiklar (handkle, badekle, sjampo m.m.)	0,1 mill	0,1 mill	0,1 mill
Utleige (20% av billettjøpande)	0,2 mill	0,4 mill	0,3 mill

Sum inntekter årleg	3,3 mill	5,2 mill	4,3 mill
Med 12,5 m basseng			
Billettjøpande publikum (snittpris kr. 90)	3,6 mill	5,1 mill	4,4 mill
Kafeteriasal	0,2 mill	0,9 mill	0,5 mill
Sal artiklar (handkle, badekle, sjampo m.m.)	0,1 mill	0,2 mill	0,1 mill
Utleige (20% av billettjøpande)	0,3 mill	0,5 mill	0,4 mill
Sum inntekter årleg	4,2 mill	6,6 mill	5,4 mill

Rapporten reknar også på synergiane dei ulike programalternativa kan gje på verdiskaping turisme og folkehelseeffekt og konkluderer med pluss/minus 7 mill i synergieffekt på desse to områda (meir om det på side 38-39)

Driftskostnader.

	Lav	Høg	Snitt
Anbefalt program			
Personalkostnader * 6-11 årsverk a kr 650.000**	3,9 mill	7,2 mill	5,5 mill
Energikostnader 0,5 – 0,8 mill kWh a kr.0,7-1.0	0,4 mill	0,8 mill	0,6 mill
Vann og kloakkavgifter 6 000 – 12 000 m3 a kr.40	0,2 mill	0,5 mill	0,4 mill
Kjemikalier og forbruksvarer (ikkje kiosk og kafe)	0,2 mill	0,4 mill	0,3 mill
Forsikringer og anna driftskostnader	0,2 mill	0,4 mill	0,3 mill
Vedlikehald	0,7 mill	0,9 mill	0,8 mill
Marknadsføring	0,2 mill	0,3 mill	0,3 mill
Sum driftskostnader årleg	5,8 mill	10,4 mill	8,1 mill
* Talet på årsver avheng m.a. av opningstid			
**Inkl. sosiale utgifter			
Utan barnebasseng			
Med mindre anlegg og lågare besøk blir det mindre driftskostnader, anslagsvis 5%			
Sum driftskostnader årleg	5,5 mill	9,9 mill	7,7 mill
Med 12,5 m basseng			
Med mindre anlegg og lågare besøk blir det mindre driftskostnader, anslagsvis 3%			
Sum driftskostnader årleg	5,6 mill	10,1 mill	7,8 mill

Høgskulen,

Det går fram av rapporten at s 36 at har signalisert at dei er positive til å leige 500 timar i året. Det rette som er signalisert er **250 timar**

I dagens symjehall har HVO sett av to timar per veke til tilsett-velferd. Studentidrettslaget leiger tid i bassenget både til trening og studentvelferd. Det er naturleg at desse aktivitetane vert flytta til det nye anlegget når symjehallen er riven og det nye anlegget er klart. Omfanget av timar til tilsett- og studentvelferd må vi kome tilbake til når vi kjenner omtrentleg leigepris.

Kommunen sin samfunnsdel

Eit "framtidsetta" svømmebasseng for stor bruk i kommunen vil støtte opp under Kommunen sin samfunnsplan. Auka bruk = styrka folkehelse. Styrka kultur/omdøme /identitet/gode opplevingar. Eit «større» anlegg vil kunne verte ein møteplass og eit slikt alternativ vil kunne støtte opp under **Samfunnsplanen**; vidareutvikle samarbeidet med Høgskulen og vere aktive i utvikling av Campusområdet. Kanskje kan varmen også nyttast i idrettshallen?

Dei som har fått rapporten for å gje innspel er alle udelt positive med omsyn til ringverknadene eit moderne svømmeanlegg vil ha for lokalsamfunnet. Aktiviteten i området vil bli stor, og vil gjere at Volda blir ein endå meir attraktiv stad for lokalsamfunnet, folk frå nabokommunar, tilflyttarar, studentar, turistar og næringslivet.

Helse- og miljøkonsekvensar

Rapporten kap 4.6 gjev ei vurdering av samfunnsnyttan og folkehelse med eit badeanlegg basert på døme frå helsedirektoratet. Det vert poengtert at det kan vere vanskeleg å syne og vekte folkehelsevinst direkte.

I kapittel 8.4 vert det gjort «berekning»/utrekning av helsevinst på mellom 3,1 mill. i året (lågaste alternativet utan barnebasseng) og opp til 5,9 mill. på det anbefalte programmet.

Beredskapsmessige konsekvensar

Tidleg svømmeopplæring er førebyggjande i høve til drukningsulykker.

Økonomiske konsekvensar

Å bygge eit badeanlegg i den storleiken som går fram av rapporten, vil vere eit svært stort løft for Volda kommune, og då spesielt sett i samheng med dei andre store investerings-prosjekta som kommunen er involvert i (les Nye Øyra skule, Kulturbygg, Volda Campus Arena og ny Ungdomsskule for å nemne nokre). I praksis kan ein seie at kommunen pr dato enno ikkje brukt av motteke eigedomsskatt. Dette gir eit visst handlingsrom med tanke på å få løfta nokre av dei prosjekta som er nemnt ovanfor, for at Volda skal kunne framstå ennå meir attraktiv enn i dag. For å kunne få flest mogleg av desse viktige prosjekta realisert vil kommunen vere heilt avhengig av framtidig eigedomsskatt samstundes som vi fortløpande må jobbe ennå smartare, utnytte moglege inntektskjelder og stadig vere innovative med omsyn til å effektivisere drifta på nye og enklare måtar.

Volda kommune brukar i dag om lag kr. 800.000,- til skulebading/symjeopplæring i dag. I tillegg yter kommunen eit tilskot på kr. 100.000,- til symjeklubben.

Rapporten gjev ein del svar på viktige spørsmål som ein må ta innover seg i ein prosess med eit nytt badeanlegg. Årlege utgifter som må dekkjast inn på anbefalt program er **estimert** til mellom **9 og 10 millionar kroner** etter stipulerte driftsinntekter/driftsutgifter og kapitalkostnader.

Kostnadene inkludert usikkerheit og +/- anslag med å bygge anlegget varierer frå det rimelegaste alternativet med om lag 134 mill til 227 mill for det største alternativet. Fråtrekt spelemidlar og 80% momskomp og med 30 år nedbetaling og 5% rente utgjer minste kapitalkostnad 5,7 mill medan det største alternative med høgste anslag utgjer 11,3 mill, ein **differanse på 5 mill**.

Netto driftskostnad på dei ulike alternativa frå det mest pessimistiske til det mest optimistiske utgjer ein differanse på **7 mill**. (frå 6 mill i netto driftsutgifter utanom kapitalkostnader til 1 mill i netto driftsinntekter)

I **verste fall** antyder rapporten såleis årlege kostnader på **17 mill. inkludert kapitalkostnader**, medan årlege kostnader i beste fall vil bli på **rundt 5 mill**. Det er såleis svært usikre tal knytt til både kapitalkostnader og drift. Det er likevel dei kostnadene rådmannen i dag har å forholde seg til.

Det er viktig å merke seg at det i reknestykket ovanfor ikkje teke omsyn til Synergiane Folkehelseeffekt utrekna til 4-5 mill.
Synergiane turist utrekna til 2 mill.

Synergiane knytt til folkehelseeffekt er viktig i eit langsiktig perspektiv, men kan ikkje knytast direkte i driftsøkonomien til anlegget.

Det er heller ikkje teke omsyn til leigeinntekter frå bedrifter, lag og organisasjonar **utover 0,4- 0,5 mill**.

Med dei låneføresetnadene som er lagt til grunn vil ein for kvar 15 mill ein kan sette inn som eigenkapital kunne spare omlag 1 mill. i årlege kostnader.

Interessegruppa/symjegruppa i Volda har og spelt inn eit framlegg om å evt bygge det største bassenget i stål. Dei meiner her at det truleg vil gje mindre vedlikehaldskostnader. Så vidt ein kjenner

til er det ikkje tidlegare bygt slikt basseng i Norge og ein må i så fall saman med svømmeforbundet sjå på kva garantiar og evt. ekstratilskot eit slik forsøk kan gje. Det må ein i det vidare arbeidet i tilfelle kome attende til.

VURDERING OG KONKLUSJON

Minimumsframlegget til kommunen med eit 12,5 m. opplæringsbasseng er ikkje vurdert vidare i rapporten då dette alternativet i utgangspunktet kun vil vere tenleg for lovbestemt symjeopplæring i skulen. Dette vil vere det **aktuelle alternativet** i fall ein ikkje vel å gå vidare med nokon av dei alternativa som er framlagt i rapporten, pkt.3 i PS sak 60/17) eller kjem opp med andre alternativ. Med erfaringstal frå dei andre opplæringsbassenga i kommunen vil årleg kostnad drift og kapitalkostnad på eit slikt anlegg bli på rundt 1,5 mill.

Rapporten konkluderer med at kommunen sitt mest ambisiøse framlegg (pkt. 3 i vedtaket PS sak 60/17) utan tilleggsaktiviteter **«vil trolig vere det dyreste alternativet med tanke på årlige kostnader, da dette gir store investeringer og driftsutgifter, men færre betalende gjester og relativt lav attraktivitet.»** Rådmannen forhold seg til den konklusjonen og vil såleis ikkje tilrå at ein går vidare med alternativet.

Då det no byrjar å haste med å få kontinuitet i symjeopplæringa for grunnskulen i sentrum etter at symjebassenget ved idrettsbygget vert lagt ned, må kommunestyret no gjere eit framtidig val om kommunen berre skal bygge eit opplæringsbasseng eller om ein skal gå vidare med nokon av dei alternativa som går fram av analyserapporten.... eller kjem opp med andre alternativ

I fall kommunestyret vel å gå vidare med eitt av alternativa i analyserapporten, vil det vere heilt avgjerande at ein får vurdert kvar det er mulig med innsparingar i høve til dei framlagde alternativa for å minimalisere risiko.

Mellom anna bør ein sjå på mulighetene for å få best mogleg sambruk og synergi med Campus Arena med omsyn til t.d. **bemannning, personalgarderober, teknisk rom, kontor /møterom, kjøkken/servering/betjening, vestibyle/inngangsparti og bruk av energi.** Kan deler av parkeringsarealet i underetasjen på Campus Arena nyttast til teknisk rom for Svømmebasseng? Innanfor vedtekne økonomiske rammer for planlegging av svømmehall/badeanlegg vil det saman med Campus Arena AS vere mulig å få fram eit «skisseprosjekt» for å synleggjere korleis eit anlegget kan sjå ut saman med idrettshallen. Dersom kommunestyret vel å gå vidare med utgreiing av eit slikt utvida badeanlegg, så vil slikt skisseprosjekt verte utarbeidd.

I tillegg bør ein få fram bindande avtalar om leige/støtte/sponsorar før endeleg vedtak om gjennomføring vert gjort. Det er avsett midlar på tilsaman kr. 625.000,- til planlegging av eit badeanlegg i budsjettet for 2018. Det vil såleis kunne vere mogleg innanfor den ramma å få gjort ein stor del av det arbeidet som ein i Framdriftsplanen på side 45 har skissert for 2018.

Risiko versus samfunnsutvikling

Når ein skal ta stilling til denne saka bør ein vere innstilt på at ei større investering i badeanlegg kan innebere ein viss risiko. Går ein på ei minimumsløysing med eit opplæringsbasseng på 12,5 meter, så er faktorane relativt kjende, men ein oppnår ikkje nokon samfunnsgevinst. Ein vil kunne stette lovkravet til svømmeundervisning. Risikoen knytt til eit større anlegg er at ein får høgare drifts- og kapitalutgifter som skal forrentast gjennom aktivitet generert i billettinntekter. På finansieringssida er momskompensasjonen usikker og vil vere knytt til kor vidt anlegget ber preg av å vere eit opplevingssenter.

I kommuneplanen er det ei målsetting at Volda og Ørsta skal vere eit tydeleg regionsenter med bymessige kvalitetar. Ein av strategiane er å vidareutvikle og styrke regionale funksjonar i området, og utvikle sentrum med urbane kvalitetar. Eit samanhengjande bygg med både idrettshall og svømmeanlegg vil vere tiltak som følgjer opp ein slik strategi. Rådmannen meiner det vil vere mest rett å gå vidare med planane for eit badeanlegg og gå løpet ut for å avklare kva ein til slutt kan realisere. Utgreiinga må avklare risikomomenta som t.d førehandsuttale frå Skattedirektoratet når det

gjeld momskompensasjon, driftssynergier med idrettshallen og nærare konkretisering av inntekspotensialet mv.

Dette bør gjerast i eit forprosjekt. Ideelt sett burde ein hatt ei framdrift parallelt med planlegginga av idrettshallen. Pga av permisjon og fråver har ikkje administrasjonen kapasitet til å drive fleire større byggjeprojekt enn det som allereie er i gang. Ein bør derfor tilpasse framdrifta ut frå dette, og rådmannen legg til grunn at ein får fram skisseprosjekt og kostnadskalkyle innan 1. juni 2019. Samtidig er det viktig at kommunen deltek i prosessane til Volda Campus Arena AS, slik at dimensjonering av VA og grensesnitt mellom ev svømmehall og idrettshallen vert ivareteke i prosjekteringa og anboda for idrettshallen. Svømmehall i tilknytning til idrettshallen vil vere det mest attraktive, og ettersom dette også er lagt til rette for i reguleringsplanen, så bør ein ta høgde for at dette kjem på eit eller anna tidspunkt også når ein planlegg idrettshallen. Dersom det påløper kostnader i planlegginga av slik tilrettelegging, så vert det å kome attende til. I sjølve anbodshandsaminga må ein også vurdere om delar av dette kan handsamast som opsjonar.

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Ass.rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Rådmannen
Ass rådmann
Økonomisjef
Teknisk sjef



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

HØGSKULEN I VOLDA

POSTBOKS 500
6101 VOLDA

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2017/407	6817/2017	D11	SVK/ SONHAV	29.05.2017

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - SYMJEBASSENG I SENTRUM I VOLDA
KOMMUNE - SPØRSMÅL OM FRAMTIDIG LEIGE I SYMJEHALLEN ETTER
2020.**

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 24.05.2017, hadde føre ovannemnde som sak PS 60/17, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Kommunestyret i Volda syner til saksutgreiinga under og vil allereie no signalisere at det ikkje vil vere framtidretta for kommunen å halde fram med å leige symjehallen ut over 2020 på dei nye vilkåra som går fram av skrivet.*
- 2. Med tilvising til pkt. 1 må kommunen sette i verk ein prosess for å oppretthalde lovpålagt symjeopplæring for elevane i sentrum frå det tidspunktet kommunen ikkje lenger er leigetakar i symjehallen.*
- 3. Primært ynskje Volda kommune å byggje 25 meters basseng på høgskuletomta evt. i tilknytning til Volda Campus Arena) og evt. med opplæringsbasseng i tillegg. Ein føresetnad for ei slik løysing er ei betydeleg medverknad i form av leige frå Høgskulen og evt. andre leigetakarar og bidragsytarar.*
- 4. Dersom pkt. 3 ikkje er mogleg å realisere vil Volda kommune bygge 12,5 m basseng knytt til Øyra skule.*

Sakutgreiinga med vedlegg følger vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
Asbjørn Moltudal - sakshandsamar

Postadresse:
Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no
Telefon: 70058701

Telefaks:
70058701

www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro: 3991.07.81727

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2017/407

Arkivkode: D11

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
73/17	Formannskapet	02.05.2017
60/17	Kommunestyret	24.05.2017

SYMJEBASSENG I SENTRUM I VOLDA KOMMUNE - SPØRSMÅL OM FRAMTIDIG LEIGE I SYMJEHALLEN ETTER 2020.

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen bad om følgjande endring i punkt 1:

Formannskapet vert endra til kommunestyret

Dag Aarflot (SP) kom med slikt framlegg:

- 1. Kommunestyret vil inngå leigekontrakt med HVO for leige av tid i symjehallen for 1,55 mill i 10 år fram til år 2030.*
- 2. Med tilvising til pkt.1 vil Volda kommune starte planlegging av bygging av 25 meter + 12,5 meter oppvarma opplæringsbasseng som skal stå ferdig innan leigekontrakten med høgskulen går ut i 2030.*
- 3. Primært ynskjer Volda kommune at det vert sett av plass slik at dette blir eit byggesteg 2 i tilknytning til Volda Campus Arena*

Det vart halde gruppemøte.

Røysting (26 røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå Dag Aarflot. Tilrådinga frå formannskapet fekk 23 røyster og vart vedteken, framlegget frå Dag Aarflot fekk tre røyster og falt.

Vedtak i Kommunestyret - 24.05.2017

- 1. Kommunestyret i Volda syner til saksutgreiinga under og vil allereie no signalisere at det ikkje vil vere framtidsretta for kommunen å halde fram med å leige symjehallen ut over 2020 på dei nye vilkåra som går fram av skrivet.*

2. *Med tilvising til pkt. 1 må kommunen sette i verk ein prosess for å oppretthalde lovpålagt symjeopplæring for elevane i sentrum frå det tidspunktet kommunen ikkje lenger er leigetakar i symjehallen.*
3. *Primært ynskje Volda kommune å byggje 25 meters basseng på høgskuletomta evt. i tilknytning til Volda Campus Arena) og evt. med opplæringsbasseng i tillegg. Ein føresetnad for ei slik løysing er ei betydeleg medverknad i form av leige frå Høgskulen og evt. andre leigetakarar og bidragsytarar.*
4. *Dersom pkt. 3 ikkje er mogleg å realisere vil Volda kommune bygge 12,5 m basseng knytt til Øyra skule.*

Handsaming i formannskapet:

Sakshandsamar Asbjørn Moltudal møtte under handsaminga av saka.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 02.05.2017:

1. *Formannskapet i Volda syner til saksutgreiinga under og vil allereie no signalisere at det ikkje vil vere framtidsretta for kommunen å halde fram med å leige symjehallen ut over 2020 på dei nye vilkåra som går fram av skrivet.*
2. *Med tilvising til pkt. 1 må kommunen sette i verk ein prosess for å oppretthalde lovpålagt symjeopplæring for elevane i sentrum frå det tidspunktet kommunen ikkje lenger er leigetakar i symjehallen.*
3. *Primært ynskje Volda kommune å byggje 25 meters basseng på høgskuletomta evt. i tilknytning til Volda Campus Arena) og evt. med opplæringsbasseng i tillegg. Ein føresetnad for ei slik løysing er ei betydeleg medverknad i form av leige frå Høgskulen og evt. andre leigetakarar og bidragsytarar.*
4. *Dersom pkt. 3 ikkje er mogleg å realisere vil Volda kommune bygge 12,5 m basseng knytt til Øyra skule.*

Administrasjonen si tilråding:

1. *Formannskapet i Volda syner til saksutgreiinga under og vil allereie no signalisere at det ikkje vil vere framtidsretta for kommunen å halde fram med å leige symjehallen ut over 2020 på dei nye vilkåra som går fram av skrivet.*
2. *Med tilvising til pkt. 1 må kommunen sette i verk ein prosess for å oppretthalde lovpålagt symjeopplæring for elevane i sentrum frå det tidspunktet kommunen ikkje lenger er leigetakar i symjehallen.*
3. *Primært ynskje Volda kommune å byggje 25 meters basseng på høgskuletomta evt. i tilknytning til Volda Campus Arena) og evt. med opplæringsbasseng i tillegg. Ein føresetnad for ei slik løysing er ei betydeleg medverknad i form av leige frå Høgskulen og evt. andre leigetakarar og bidragsytarar.*
4. *Dersom pkt. 3 ikkje er mogleg å realisere vil Volda kommune bygge 12,5 m basseng knytt til Øyra skule.*

Vedleggsliste:

Skriv d.s. 02.03.2017 frå Høgskulen vedk. Spørsmål til Volda kommune om framtidig leige av symjehallen i Idrettsbygget

Uprenta saksvedlegg:

Ingen

Samandrag av saka:

Høgskulen har i skriv d.s. 02.03.2017 vendt seg til Volda kommune der dei ber om svar på om kommunen vil halde fram med leige av symjehallen i Idrettsbygget etter 2020.

Saksopplysningar/fakta:

Volda kommune har motteke skriv d.s. 02.03.2017 frå HVO der dei ber om svar på om kommunen vil halde fram med leige av symjehallen i Idrettsbygget etter 2020. I skrevet vert det m.a. gjort greie for utfordringane til HVO med idrettsbygget samt tilstanden til symjehallen.

I rapporten frå Sweco Norge As som det vert synt til i skrevet er det vurdert to alternative tiltak:

1. Forlenging av levetid med drift fram til 2030 som er vurdert å ville ha ein kostnad på 15 mill.
2. Total renovering for drift fram til 2050 som er vurdert å ville ha ein kostnad på 49 mill.

Sweco meiner at totalrenovering av symjehallen er eit lite aktuelt alternativ og tilrår ikkje at det blir gjort.

I skrevet gjer HVO si vurdering av husleigekostnader og leigetid og kjem fram til ein konklusjon der *"HVO kan inngå leigekontrakt med Statsbygg om leige av heile idrettsbygget på vilkår av at Volda kommune er villig til å betale 1,55 mill. kroner per år.*

I det reknestykket vert det føresett at kommunen bind seg til ei langsiktig leige på 10 år og at kommunen si leige i symjehallen vert auka frå omlag kr. 250.000,- i dag til 1,55 mill. frå 01.01.21 og høgskulen får si leige redusert tilsvarande.

Med dette som bakteppe ynskjer HVO snarleg svar på om;

Vil Volda kommune inngå avtale med HVO om leige av tid i symjehallen til ein pris av 1.55 millionar kroner i 10 år frå og med 010121? Det vil vi gjerne ha svar på relativt raskt sidan vi no er i gang med å planlegge nytt mediebygg.

Dersom svaret er nei, vil HVO gå for inn alternativet med berre å leige gymsalane og sanere heile symjehallen. Då blir det slutt på drift av symjehallen frå og med 010121.

Skrivet fylgjer vedlagt til vitande.

Kommunen har munnleg signalisert at å nytte til saman over 15 mill. for at symjehallen skal vere operativ i 10 år til er ikkje noko god og framtidretta løysing for oss, og at vi vil måtte vurdere å byggje sjølve.

Kommunen sitt eige behov:

I notat til formannskapet i samband med ny Voldahall skriv Oppvekstsjefen 04.02.2017 (2015/443):

Opplæringsbasseng

Volda kommune har ikkje lenger noko symjeanlegg i Volda sentrum, og elevane ved Mork skule, Bratteberg skule, Vikebygda skule, Øyra skule og Volda ungdomsskule har no symje- og livbergingsopplæring i varmtvassbassenget ved sjukehuset og i symjehallen i idrettsbygget.

Symjehallen i idrettsbygget er ikkje eit eigna opplæringsbasseng for dei minste, då det er kaldt og djupt. Varmtvassbassenget passar dei aller yngste elevane, men er for varmt for dei som er symjedyktige og skal øve på å symje lengre distansar. Det er Vikebygda skule som nyttar dette bassenget for sine elevar i 1. – 4. klasse.

Det er administrasjonen si vurdering at skulane i sentrum vil kunne få vanskar med å nå dei nye kompetansemåla med dei ressursane og fasilitetane vi har i dag. Det kan vere nødvendig å starte symjeundervisninga tidlegare enn i 3. klasse slik vi gjer i dag, både for å gi elevane betre tid til modning, og for å sleppe å avlære lite formålstenleg teknikk som elevane har lært på eiga hand når dei kjem i 3. klasse. Vi bør også ha timar til å gje symjeundervisning til elevar på mellomsteget som ikkje har nådd krava til symjedugleik etter 4. årssteg og for å halde ved like symjedugleiken for at elevane skal klare å nå måla etter 10. årssteg.

I møte med høgskulen, 24.01.2017, vart Volda kommune opplyst om tilstanden på symjehallen på Idrettsbygget. Høgskuledirektøren informerte om at ein står framfor to reelle val:

- 1. Ei avgrensa renovering som forlengar levetida med ti år*
- 2. Avslutte leigeforholdet med Statsbygg, som då vil rive symjehallen og setje opp ein endevegg på Idrettsbygget*

Viss høgskulen seier opp avtalen med Statsbygg, og symjehallen vert riven, står kring 900 elevar i sentrum og Mork utan opplæringsbasseng. Å skyssse desse elevane til andre skular med basseng vil bli ein sær stor økonomisk kostnad. I tillegg vil verdfull undervisningstid gå til reisetid.

Oppvekstsjefen rår sterkt frå å vurdere slike løysingar.

Konklusjon:

...

Oppvekstsjefen er uroleg for rammevilkåra kring symje- og livbergingsopplæringa for elevane i sentrum og Mork. Viss Statsbygg finn grunn til å rive symjehallen på Idrettsbygget, står kring 900 grunnskuleelevar utan eigna opplæringsbasseng. Volda kommune bør legge planar for eit alternativ som bør ligg i nærleiken til hovudtyngda av elevane (les: Øyra skule og Volda ungdomsskule). Eitt alternativ kan ein tenke seg knytt til planane til VCA. Eit anna alternativ kan vere eigne kroppsøvningsfasilitetar inkludert opplæringsbasseng mellom dei to skulane.

- 1 Spørsmål til Volda kommune om framtidig leige av symjehallen i Idrettsbygget sendt fra Høgskulen i Volda

Kommunen er pliktige til å gje symjeopplæring for å nå krava til symjedugleik.

Alternativ ved å bygge nytt:

Kostnadstala under er stipulerte ut frå erfaringstal frå liknande prosjekt.

1. Sjølvstendig bygg ved Øyra skule	Stipulert kostnadstal
12,5 meter opplæringsbasseng	kr. 22.625.000,- inkl. mva

Ved dette alternativet får Kommunen dekka **lovpålagt** symjeundervisning. Alternativet ligg nær skule og er den rimelegaste økonomiske løysinga. Hallen er enklast å få bygt innan tidsfrist 01.01.2020 og kommunen er ikkje avhengige av andre for å gjennomføre prosjektet.

På den andre sida kan alternativet ikkje dekke HVO sitt uttalte behov. Det dekker heller ikkje behovet til symjeklubben og er ingen "framtidretta" svømmebasseng for dagleg bruk av

befolkninga i kommunen

2. Tilbygg til idrettshall

a. 25 meter med heve/senkegolv

Stipulert kostnadstal

kr. 30.240.000,- inkl.mva
Heve/senkegolv vil kome i tillegg.

Ved dette alternativet får Kommunen dekka **lovpålagt** symjeundervisning. Alternativet ligg nær skule og fritidsaktivitetar. Alternativet kan dekke HVO sitt uttalte behov. Det kan vere mogleg med garderobe/sambruk med idrettshall om ynskjeleg og det dekker symjeklubben sitt behov.

Vidare kan alternativet dekke eit visst badebehov på kveldstid men vil truleg ikkje vere attraktivt over tid. Kanskje kan varmen også nyttast i idrettshallen ?

På den andre sida vil alternativet gje minimalt med driftsinntekter utanom skuletid. Alternativet er lite "framtidretta" svømmebasseng for dagleg bruk av befolkninga i kommunen og eit spørsmål kan vere om reg.plan og kopling til idrettshall forseinke prosessen? Kommune er også avhengige av andre for å få gjennomført prosjektet

b. 25 meter + 12.5 meter oppvarma/opplæringsbasseng Stipulert kostnadstal

kr. 43.008.00,- inkl. mva

Ved dette alternativet får Kommunen dekka **lovpålagt** symjeundervisning. Alternativet ligg nær skule og fritidsaktivitetar. Alternativet kan dekke HVO sitt uttalte behov. Det kan vere mogleg med garderobe/sambruk med idrettshall om ynskjeleg og det dekker symjeklubben sitt behov.

Vidare kan alternativet dekke badebehov på kveldstid og i helgane og kan såleis gje driftsinntekter utanom skuletid. Kommunen får eit "framtidretta" svømmebasseng for dagleg bruk i kommunen. Auka bruk = styrka folkehelse. Styrka kultur/omdøme /identitet/gode opplevingar Vil kunne verte ein møteplass og eit slikt alternativ vil kunne støtteopp under **Samfunnsplanen**; vidareutvikle samarbeidet med Høgskulen og vere aktive i utvikling av Campusområdet. Kanskje kan varmen også nyttast i idrettshallen ?

På den andre sida vil alternativet vere det dyraste alternativet å gjennomføre og eit spørsmål kan vere om reg.plan og kopling til idrettshall forseinke prosessen? Kommune er også avhengige av andre for å få gjennomført prosjektet

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen ser det slik at det ikkje er noko framtidretta løysing og heller ikkje økonomisk god løysing på sikt å nytte til saman over 15 mill. for at dagens symjehall skal vere operativ i 10 år til. Kommunen har ei lovpålagt plikt til å gje symjeopplæring for å nå krava til symjedugleik. For

å stette det kravet vil eit opplæringsbasseng knytt til Øyra skule vere nok. Ei slik minimumsløysing er imidlertid ikkje «framtidsetta» med tanke på dei behova som HVO og symjeklubben har og som kommunen har sett seg som mål i samfunnsplanen og med tanke på kommunen som «Frisklivskommune».

Rådmannen er klar på at det vil vere uråd for kommunen å ta initiativet til meir enn minimumsløysinga om ein ikkje får til ein betydeleg medverknad i form av leige frå Høgskulen og evt. andre leigetakarar og bidragsytarar. I høve til leigeavtalen med HVO på symjehallen byrjar tida for handling å nærme seg. Spørsmål om storleik, medverknad og lokalisering tek til å haste for at ein ny symjehall står klar når avtalen går ut.

Det er viktig at Volda kommune trekkjer opp retning for løysing av behovet for svømmeanlegg kommunen. Kva løysing som er realiserbar er avhengig av Høgskulen og andre partar. Administrasjonen vil gjere avklaringar med eksterne samarbeidspartar med bakgrunn i det retningsvalet som vert teke politisk. Deretter vil ein starte planlegging med milepelsplan for utbygging av anlegg ut frå det alternativet som er mogleg å realisere.

Rune Sjugard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Ass.rådmann



Volda Kommune

Bad og svømmeanlegg Volda – Analyserapport

Utgave: 2

Dato: 2018-05-15

DOKUMENTINFORMASJON

Oppdragsgiver:	Volda Kommune
Rapporttittel:	Bad og svømmeanlegg Volda – Analyserapport
Utgave/dato:	2/ 15. mai. 2018
Arkivreferanse:	-
Oppdrag:	617433-01 – Volda Bad
Oppdragsleder:	Anne Solbraa
Fag:	Analyserapport
Tema	Badeanlegg
Skrevet av:	Anne Solbraa
Kvalitetskontroll:	Frode Nysæter
Asplan Viak AS	www.asplanviak.no

FORORD

Volda kommune ønsker å se på grunnlaget for realisering av et sentrumsnært nytt bad og svømmeanlegg. Kommunen har fram til nå leid svømmehallen i idrettsbygget ved Høgskulen i Volda for lovpålagt svømmeopplæring. Høgskulestyret har vedtatt å ikke forlenge leieavtalen med Statsbygg for svømmehallen i idrettsbygget når den går ut i 2020, med konsekvensen at svømmehallen vil bli revet. Kommunen trenger da et nytt anlegg for å tilby svømmeundervisning, og ønsker samtidig å utvikle et framtidsrettet bad og svømmeanlegg som kan dekke flere behov i kommunen samt stimulere til økt bruk, styrket folkehelse, aktivitet, omdømme og identitet.

Et moderne badeanlegg kan og skal fylle mange behov. Riktig planlagt skal det gi positive effekter for så ulike ting som folkehelse, konkurranseidrett, svømmeopplæring, stedsutvikling, reiseliv, arbeidsplasser, fritidstilbud, lek og vanntilvenning. Ved planlegging og beslutninger knyttet til et kostnadskrevenende anlegg som dette er, er det viktig å se og vurdere alle aspekter ved anlegget.

Asplan Viak har fått i oppdrag å gjennomføre en innledende analyse der en del sentrale spørsmål ved etablering av nytt bad og svømmeanlegg besvares. Rapporten vil se på besøkspotensiale med tilhørende inntekter, program, størrelse, tilskudd, byggekostnader, driftsøkonomi og en foreslått strategi for realisering.

Asbjørn Moltudal har vært kontaktperson for oppdraget.

Anne Solbraa og Frode Nysæter har bidratt til rapporten, sistnevnte som kvalitetssikrer.

Skien, 16/04/2018

Anne Solbraa
Sivilarkitekt, badfaglig rådgivning

Frode Nysæter
Kvalitetssikrer, Sivilarkitekt,
badfaglig rådgivning

1 Innhold

2	Innledning	5
3	Utvikling av badeanlegg	6
4	Behovsanalyse – Hva en kan oppnå med et badeanlegg	8
4.1	Lovpålagt skolebehov.....	9
4.2	Idrettens behov	9
4.3	Funksjonshemmedes behov.....	10
4.4	Folkets behov, de uorganiserte	10
4.5	Nye brukergrupper	11
4.6	Samfunnsnytte - folkehelse	11
4.7	Øvrige synergier.....	12
4.7.1	Turisme.....	12
4.7.2	Positiv stedsutvikling	13
4.7.3	Arbeidsplasser	13
4.7.4	Kommunale inntekter	13
5	Besøksanalyse.....	14
	Analyse:.....	14
5.1	Badets attraksjonsverdi	17
5.2	Besøk fra fastboende	17
5.3	Besøk fra reiseliv.....	20
5.4	Korreksjon for konkurrerende tilbud og attraksjonskraft.....	21
5.5	Korreksjon for været / geografi	21
5.6	Korreksjon for åpningstider.....	22
5.7	Korreksjon for billettpris.....	22
5.8	Oppsummering besøkspotensiale	23
5.9	Kontroll besøkstall.....	23
6	Voldabadet – Størrelse og innhold	25
6.1	Innhold	26
7	Byggekostnader og tilskudd	29

7.1	Byggekostnader	29
7.2	Spillemidler	31
7.3	Interkommunalt anlegg.....	32
7.4	MVA kompensasjon	33
7.5	Finanskostnader.....	33
8	Driftsøkonomi; inntekter – kostnader	35
8.1	Inntekter	35
8.1.1	Billettinntekter	35
8.1.2	Kafeteriasalg.....	35
8.1.3	Salg artikler	36
8.1.4	Utleie.....	36
8.2	Driftskostnader	37
8.3	Verdiskapning turisme.....	38
8.4	Verdiskapning folkehelseeffekt.....	39
9	Gjennomføringsstrategi og driftsmodell	41
9.1	Aktuelle gjennomføringsstrategier for utvikling av Voldabadet:.....	41
9.1.1	OPS (Offentlig - Privat Samarbeid) for bygging og drift	41
9.1.2	Plan- og designkonkurransen før prosjektering	42
9.1.3	Totalentreprisekonkurransen.....	42
9.1.4	Samspillsentreprise	42
9.1.5	Rådgiverkonkurransen og generalentreprisen eller hovedentreprisen.....	43
9.2	Driftsmodell og mva.....	43
10	Framdrift.....	45
11	Lokalisering	46
12	Årskostnadsoppsett	47
13	Oppsummering	48

2 INNLEDNING

Et moderne badeanlegg, folkebadet, er designet for å dekke innbyggernes behov for svømmeopplæring, svømmeidrett og folkehelseanlegg på best mulig måte. De tradisjonelle svømmehallene har hatt en viss rolle som folkebad, men denne rollen er avtagende ettersom tilbudet ikke fullt ut imøtekommer innbyggernes ønsker. Behovet for moderne folkebad med gode tilbud til alle og gode svømmetilbud er stort i Norge. Synergieffektene ved å samle flere gruppers behov i et anlegg er betydelige, både med tanke på hvilke funksjoner anlegget oppfyller, og ikke minst økonomisk.

Volda kommune ønsker å se på muligheter for realisering av et nytt badeanlegg i kommunen. Det er en krevende men viktig prosess å klargjøre mål og muligheter i et slikt anlegg. Asplan Viak har fått i oppdrag å gi en innledende analyse for det best mulige bad og svømmeanlegget for Volda.



Nye idretter finner også sin plass i et moderne folkebad, her klatreveggen i Lustrabadet.

3 UTVIKLING AV BADEANLEGG

I Norge har offentlige badeanlegg utviklet seg slik:

- 1.-generasjon: Renholdsanstalter i byene før 1960
- 2.-generasjon: Svømmehaller slik vi alle kjenner 1950 - 1985
- 3.-generasjon: Badeland (Langesund, Havanna, Hovden, Raufoss) 1985 - 2000
- 4.-generasjon: Moderne folkebad (Østfoldbadet, Rjukanbadet, Sørlandsbadet, Aquarama..) 2000 -

De tradisjonelle svømmehaller (2.-generasjonsbad) har i dag mindre rolle som folkebad ettersom undersøkelser viser at færre enn 10 % av innbyggerne er brukere. Dette gir anleggene små inntekter fra betalende publikum med tilhørende dårlig driftsøkonomi.

Då var det fem år sidan Moldebadet opna. I desse åra blei det mange helgevittjingar med badeglade born over Romsdalsfjorden til det flotte anlegget på Reknes.

Med vel så gode fasilitetar på plass i Fosnavåg vart det tvert slutt på slike fogderioverskridande fjordkryssingar.

Sunnmøringar støttar sunnmøringar når vi kan.

Slik er det.

Eller er det slik?

I Ulsteinvik, 25 minutt køyring unna Fosnavåg, har dei nyleg opna noko mindre Ulsteinbadet – aldri meint som ein fullverdig konkurrent til Sunnmørsbadet. Sist veke kom meldinga om at Ulsteinbadet vil investere 2,8 millionar kroner i ei ekstra sklie, to badestampar ute og nokre fontener i barnebassenget.

Det er nok til å skaffe seg status som opplevingssenter, og 12,7 millionar i momsrefusjon frå staten. Slik sparer dei 10 millionar kroner, skaffar seg eit meir attraktivt anlegg og får dessutan høve til å auke opningstidene.

Heilt topp det, i Ulsteinvik.

Sunnmørsbadet gjekk ned 20 prosent i besøk ganske raskt etter at Ulsteinbadet opna. Kva talet blir når nyinvesteringane i Ulsteinvik kjem på plass, er for tidleg å spekulere i, men for

den gode naboskapen er det neppe eit plussprosjekt.

Som det stod i det usignerte lesarinnlegget «Ureieleg av Ulstein» i lokalavisa Vestlandsnytt i Herøy sist fredag:

«Ulstein kommune bedyra at alt dei skulle bygge, var eit basseng. Korleis og kvifor skal om-liggande kommunar ha tillit til Ulstein kommune i framtida?»

Og våtare kan det altså bli på søre luten. I Volda er den legenda-riske, men nedslitne symjehallen i vakre Idrettsbygget frå 1963 bestemt utfasa. Denne veka handsama formannskapet analyserapporten frå dei sjølv-erklærte badeanleggsspesialistane i konsultentselskapet Asplan Viak. Dei tilrår kommunen å byggje eit såkalla «moderne folkebad» med 25 metersbasseng, opplæringsbasseng på 12 meter, 40 m² barnebasseng, rutsjebane, utekulp og enkle «velværeelement» som til dømes sauna, kaldkulp, boblebad og utekulp. Prosjektkostnad: 166 millionar kroner.

Besøksgrunnlaget er avgrensa til voldingar, ørstingar og tilreisande. Dette fordi nabokommunar har eigne badeanlegg både på ytre søre (Fosnavåg og Ulsteinvik) og i Nordfjord (Stryn symjehall, Hotell Alexandra og Trivselsbadet i Sandane).

Men konsulentane skriv ingenting om at ørstingar og voldingar i dag utgjør ein viktig del av kundegrnlaget for dei allereie ferdigbygde badeanlegga på ytre søre.

Vert også Voldabadet bygd som skissert, er det snart like tett mellom badeanlegga som skisentera på søre Sunnmøre/Nordfjord.

Når alle skal ha, vert det ikkje nok til alle. Nokon risikerer å bli skylt ut med badevatnet.

Og her nord om Breisundet er det altså på same viset.

Haagensen-familien er no nærare enn aldri før byggestart for Bybadet på Øvre Utstillingsplass i Ålesund sen-



VOLDA SYMJEHALL: I si tid eit av dei raskare bassenga i Norge og arena for halsbrekkande stupøvelsar av ymse slag. I dei årlege Julelauga på 1970-talet blei det sett flust av norske og norske rekordar her. Under stemnet i 1975 gjekk straumen, men voldingane fann fram stearinlys og redda kvelden, skriv Jørund Fet i jubileumboktil VTI frå 1999. No har lyset brent ut for godt for det nedslitne anlegget, og i Volda – og fleire andre stader på Sunnmøre – vert det lagt planar om søre badeanlegg til fleire hundre millionar kroner. ARKIVFOTO: TERJE ENGÅS

trum. Ut frå skissene eit badeanlegg som blir det klart beste i fylket.

Det er sjølv sagt for lengst på tide at nordre og indre Sunnmøre får eit skikkeleg publikumsretta badeanlegg.

Einaste publikumstilbodet for bading i Ålesund er Moa svømmehall frå 1986, i praksis ikkje eit alternativ samanlikna med dei nye anlegga i regionen.

Men like fullt, både i Brattvåg og Sykkylven vert det no arbeid med badeanlegg – tilsvarende det som er tilrådd i Volda, anlegg som vil redusere driftsgrunnlaget for det nye anlegget i Ålesund.

Asplan Viak er hyra som kon-

sulentar både i Brattvåg og Sykkylven.

Eg kan ikkje forstå at det er grunnlag på Sunnmøre for sunn drift av moderne folkebad, badeanlegg, badeland, kall det kva du vil, i kvar ein krok. Isolert sett er det kanskje råd å rekne det inn for konsulentane, men samla sett er det regionalt nedbrytande. Badeanlegg som balanserer drifta heilt på grensa, får lite til overs til vedlikehald. Og forfallet kjem raskt i eit flislagt våtromspalass. Ingenting er tristare enn eit tomt og nedsarva basseng.

Gjeldsbyrda til kommunar som driv og slår seg saman vert

heller ikkje direkte lågare på dette viset. Inkludert Sykkylven, som no er i ferd med å melde seg på som aktuell medlem i Nye Ålesund, kan det bli bygd tre badeanlegg for rundt ein halv milliard kroner i stor-kommunen dei komande åra, noko av dette rett nok i privat regi.

Og er det så sikkert at det er i store badeanlegg borna lærer å symje. Norske born er dårlege symjarar. Berre rundt 50 prosent av norske tiåringar er definert som symjedyktige, ifølgje Norges Svømmeforbund. Tala elles i Norden er 96 prosent (Island), 92 prosent (Sverige), 79 prosent (Danmark) og 72

prosent (Finland), skreiv Ut-danningsnytt i desember i fjor.

Fagfolk innan symjeopplæringa er skeptiske til dei store badeanlegga, og somme tilrår heller bygging av fleire enkeltstående opplæringsbasseng på 12,5 meter. Desse skal vere langt meir effektive læringsarenaer med mindre støy, færre folk og tryggare omgjevnader for born som skal lære å halde seg flytande.

Kanskje noko å tenkje på det, både for meir eller mindre synkeferdige sunnmørskommunar – og enkelte konsulentar.

Presisering

I artikkelen om dei ar... det ikkje tydeleg nok... Det skjedde i 1858... riske artikkel i Sunnn...

BR

Velkommen t

- Allmennprakti
- Spesialist i ora
- Spesialist i ora

Notenesgata 3,

ENKLERE PAR

Med automatisk skiltgje... eller registrert profil på m... kostnadene og unngår f...

Ingen t

VELKOMMEN TIL EN NY R



Mindre emballasje, mer miljøvennlig!

Fyll spylervæ

Spar miljøet og unn

Like lett som å tanke dr... trenger. Høykvalitetspro... såpe får du hos Bunker C

Ønsker du enda mer raba... Kortet bestiller du enkel

BU

Draumar om vatn kan være gode draumar.

Ein god dag på arbeid ser slik ut: Eg går rundt i eit av bad og svømmeanlegga eg har fått være med å planlegge og teikne. Kanskje får eg være der frå morgonen av når badevertane, samstundes med at dei første fuglane startar kvitringa, låser opp døra og inviterer inn dei første mosjonistane, dei som tek frukosten og 1000m symjing i lag med nokre gode kamerater. Tidlig på morgonen er det liten konkurranse om plassen, men nokre banar i symjebassenget er avsett til nokre treningsglade sjeler frå den lokale symjeklubben. Skal ein bli god i symjing held det ikkje med ei lita økt no og då, lengde på lengde tidlig og seint må til. Allereie før klokka passerer 8 på morgonen har eg sett skaping av folkehelse, gode møter for pensjonistane, som likevel er blitt morgonfuglar på sine eldre dagar, og ungdom som jobbar mot eit mål og ein draum, også dei i eit fellesskap som gjev helse ved å mestre og veksa.

Halv ni kjem den første bussen med nokre litt morgontrøyte 3. klassingar køyrande. Dei er tydeleg godt kjende i anlegget og gleder seg til ein skuletime som gjev andre utfordringar og opplevingar enn det ein teoritime i klasserommet kan gje. Dei har med seg eigne lærarar som med pondus sørger for ro og tryggleik i symje og livredningsøvingar. Dei veit dei har eit oppdrag som kan meine forskjellen på liv og død for ein av dei eg ser plaske rundt i bassenget nett no. Siste minuttane slepp ungane fri i anlegget, tek seg opp i stupetårnet, hjartet slår fortare, er det i dag ho tør å hoppa frå 5 meteren for fyrste gong? Eg ser ho tek seg god tid, medelevane kjem med gode råd, hold armene inn til kroppen, ikkje tenk for mykje. Ja, der slapp ho seg utfor, ho smiler i det ho kjem opp. Kanskje er den same unge kroppen på plass også nokre år seinare med same hjartebank, klar for baklengssalto frå same høgda? Men no er timen over, og badevertane gjer klar for neste klasse slik at lærarane og ungane berre kan tenke på deira oppgåve; læra å bli ven med dette fantastiske og litt skumle vatnet.

Fram til klokka tre går det slag i slag med nye skuleklassar busa inn frå skular i heile kommunen. Både 25 meteren og det litt mindre bassenget der temperaturen er litt høgare vert nytta. Ungane likar det varme vatnet, alle gjer visst det, her vert det fort fullt! Leiar for badet fortel at han måtte seie nei til den lokale revmatikar foreininga i går, han finn ikkje rom for dei i timeplanen. Kanskje får han politikarane med på å bygge eit slikt basseng til snart, han fortel at det skjer ved fleire andre nye anlegg. Heldigvis har dei eit lite barnebasseng med grunt og varmt vatn som barnehagane har oppdaga. Eg ser smårollingane set seg oppå det sprutande pinnsvinet, vatn i fjeset er visst ikkje eit problem lenger. (Litt hektisk aktivitet i det det skjer ei lita ulukke, rakk ikkje doen. Heldigvis har personalet rutinar på slikt, så det blir berre ei mindre stopp i det eine bassenget).

Så er det tid for ettermiddagsskiftet. Barnefamiliane kjem i alle fasongar og farger. Men dei ser blide ut, både store og små. Det gjer godt å sjå at dei gler seg til å bruke det eg har fått lov til å vera med å skape. Eg hugsar tilbake på den gongen eg skulle byrje å teikne Rjukanbadet og fekk ei bunke med teikningar frå førsteklasingane der dei viste kva dei ønska seg. Å verta som eit barn igjen får ei ny meining då, og teikningane vart til nytte!

Badevertane smiler fortsatt sjølv om klokka nærmar seg ti på kvelden. Badstuegjengen i den store fellesbadstua er som vanleg dei siste som går. Alle verdas problem vert snudd ut og inn, opp og ned her. I dag vert det eit varmt ordskifte om det verkeleg er plass til fleire bad og svømmeanlegg på Sunnmøre.

Ein kommentar i Sunnmørsposten 12 mai, «Våte draumar i kvar ei bygd», vert drege fram; der det hevdas at fleire anlegg ville vera «regionalt nedbrytande». Nye anlegg vil stele kundane frå dei som allereie er i gong vert det sagt. Godt poeng tenker eg, men eg kjenner og engasjementet bobla. Dette trur eg eg veit litt om. Det er nok ikkje heilt innafor å ta ordet som nykommar og gjest i badstuerommet, men eg klarar ikkje å la være.

Eg byrjar å fortelje om dagen min i anlegget, alle som har vært innom, om tryggleik i vatn, eg hevdar at eg har sett livredning i praksis kvar time anlegget har vært ope. Om foreldre som med glede tek med seg ungane til anlegget, om uformell vasstilvenning, svømmeopplæring og bade og idretts glede.

Og eg hevdar at reknestykket manglar fleire av dei viktigaste faktorane når ein kjem opp med eit svar med to strekar under som heiter «regionalt nedbrytande» fordi inntektene går noko ned for eit eksisterande bad og svømmeanlegg.

For kva er egentlig eit kommunalt bad og svømmeanlegg? Det det i alle fall ikkje er, er ei bedriftsøkonomisk konstellasjon kommunen held seg med for å tene pengar. På same måte som kommunen har eit ansvar og ei lovpålagt plikt til å syte for helsa til sine eigne innbyggjarar gjennom den lokale sjukeheimen, har også kommunen ei lovpålagt plikt til å syte for livreddande symjeopplæring og livreddande folkehelsearbeid. Og like lite som sjukeheimen er meint å tene pengar på, vil meininga med eit bad og symjeopplæring være nett dette.

Men det er lov å ha fleire tankar i hovudet på ein gong, og kommunen har også ei sjølvklar plikt til å nytte innbyggjarane sine pengar på ein mest mogleg effektiv måte. Det vil seie å få så mykje symjeopplæring og folkehelsearbeid utav kvar investeringskrone ein kan.

Når ein tek med at kommunen også pliktar å gje symjeidrettane anlegg som dei kan leve og vekse med vert endå ein faktor lagt til. Komplisert byrjar det å verta når ein ser på at idretten gjennom spelemiddelordninga bidreg med store investeringsmidlar til anlegga, men at dette sjølv sagt er bunde opp til ei utforming av anlegget dei er tente med.

Eg fortel vidare at eg ikkje er heilt uhilda i debatten då eg jobbar for Asplan Viak AS som har gjeve råd til både Sykkylven og Volda kommune når dei no planlegg nye anlegg i sine kommunar.

Nokre føringar ligg gjerne til grunn frå kommunane, fortset eg, når vi startar rådgjevinga vår, som at dette skal vera idrettsanlegg som er interessante for symjeidrettane. Det tilseier eit 25m basseng. Vidare vil eit opplæringsbasseng for dei aller fleste være ynskjeleg. Dette kunne nok kommunen stort sett tenkt seg til sjølve innvendar sidemannen min, og det har han jo heilt rett i. Så rådgjevinga vår prøver å finne svar på korleis ein kan gjere anlegga slik at flest mogleg ynskjer å bruke dei, med små tilleggsinvesteringar som helst skal være sjølvfinansierande.

Fleire brukarar gjev betre folkehelse, betre symjeopplæring, både i skuletida og på fritida, og betre økonomi for kommunen. Eg kjenner engasjementet stig!

Også var det dette med å stele frå kvarandre. Nye tal frå Sørlandsbadet, Aquarama, Røykenbadet, Holmenbadet og Drammensbadet viser og at det ikkje er slik at ein sit med ein fast «pott» med besøkande til badeanlegg i eit geografisk område. Fleire gode anlegg nær der folk bur vil auke den samla «potten» med besøkande monaleg. Det er klart nokre av dei eksisterande anlegga kan oppleve ei viss nedgang i besøk, men i Kristiansandsområdet og

Drammensområdet har ikkje dette vore tilfelle ved etablering av nye anlegg. Men når det er sagt oppfordrar vi alltid til interkommunale samarbeid der dette er mogleg og avstandane små.

Og kva med dei små 12,5m bassenga, kan ein ikkje bygge dei i staden, sånn litt rundtomkring? Og ja, for ein skule ville eit eige basseng være fantastisk til opplæring. Men tala viser at eit slikt basseng som det einaste kommunale tilbodet ikkje er noko folk i stor grad vil bruke, og det eignar seg ikkje som idrettsanlegg. På den andre sida har kommunar med bad og svømmeanlegg med eit variert tilbod opptil 70-80% av innbyggjarane som brukarar.

Det beste tilbodet kommunen kan gje, utifrå folkehelse, symjeopplæring, idrettstilbod og økonomi, vert difor eit kombinasjonsanlegg med tilpassa storleik for alle brukarar, kommunens innbyggjartal og kommunen økonomi.

Eg har prata meg endå varmare enn gradane som kjem frå badstueomnen og har fortsatt mykje på hjarta, men kjem brått ned på jorda idet høvdingen på øvste benk set ein tydeleg stoppar for diskusjonen med «Du er visst ein slik sjølvutnemnd ekspert du», og når eg stillnar og tuslar ut høyrer eg som ei siste helsing bak meg, uttala som eit litt vemmeleg ord ein helst ikkje vil ta i munnen, «Konsulentar!». Men eg drøymmer om vatn for det!

Frode Nysæter

Sivilarkitekt og badfagleg rådgjever

Asplan Viak AS

Fra: Rune Sjurgard[Rune.Sjurgard@volda.kommune.no]
Sendt: 05.06.2018 17:27:12
Til: Postmottak Volda
Kopi: Asbjørn Moltudal; Sonja Håvik; Jørgen Amdam
Tittel: VS: Vedr sak om symjebasseng

For journalføring og vedlegg til saka til kommunestyret 21. juni.



Rune Sjurgard
Rådmann

Mobil 90053752

www.volda.kommune.no

Fra: Anne Britt <annebritt@unikhudpleie.no>
Sendt: tysdag 5. juni 2018 12:09
Til: Rune Sjurgard <Rune.Sjurgard@volda.kommune.no>
Emne: Vedr sak om symjebasseng

Til formannskapsmøtet

Til Rådmann Rune Sjurgård og formannskapet.

Vi ser i sakspapira at Rådmann Rune Sjurgård kjem med 2 ulike framlegg til symjebasseng, men at det ikkje er teke omsyn til dei innspela Symjegruppa og arbeidsgruppa for Symjeanlegg har kome med. Dette gjer oss sterkt uroa. Handballgruppa og Volleyballmiljøet er no i ferd med å realisere eit anlegg som er godt teneleg for desse idrettane, og det no vil verte rom for å kunne spele på høgt nivå i tillegg til at dei kan arrangere store tevlingar. Dette har dei sjølve teke initiativ til fordi det har vore uråd med nok treningstid i tillegg til at det har vore for smått og umoderne lokalitetar til å kunne drive idretten på eit høgt nivå.

Alle veit at eit symjeanlegg er ei såpass tung investering at idretten sjølve ikkje kan stå for dette.

Det som har vore dei største feila når anlegg har vorte bygd, er at dei er for små. Dette kan ein ma. sjå om ein ser til Ulstein Arena. Det er fullt basseng til ei kvar tid, og det er vanskeleg å drive med mosjonssymjing når det er så mykje folk i bassenget. Ulsteinvik har aldri hatt anna enn eit lite opplæringsbasseng, og har ikkje eit eksisterande symjemiljø. VTI-Symjegruppa har lang fartstid, og klubben er svært godt innarbeidd. I tillegg til treningar er det både symjekurs og stupekurs. På eit basseng på 12,5 m, vil heile breidda (på den djupe delen) vere i bruk når ein held stupekurs. Når ein skal bygge eit nytt anlegg et er viktig å gjere dei rette vala som kan gje gode billettinntekter billettinntekter i tillegg til å vere funksjonelt for dei som driv med idretten både på eit breiddenivå, men også for symjarar som ønsker å satse. Dei høgste nivåa på symjekursa må vere i eit 25-m. basseng i tillegg til symjetreningane. Det gjer at ein dagleg må ha min. 3 baner i 2-3 timar (i tillegg til

morgontrening eit par dagar i veka). Når ein samstundes skal halde ope for betalande publikum der ein del vil drive med hopping, stup, leik og moro og nokre mosjonssymjing, seier det seg sjølv at det blir trangt om plassen. Det vil med andre ord gje eit avgrensa tilbod på dei tidene som er mest attraktive, nemleg på ettermiddag og kveld. Dersom rådmannen og politikarane vil gjere Volda til ein stad der idretten kan blomstre og at innbyggjarane skal ha eit godt tilbod, veit ein kva som må til. Folketalsveksten som også er venta, må takast omsyn til sidan dette anlegget skal vare i mange tiår framover, kanskje over 50 år om ein tek utgangspunkt i symjehallen på idrettsbygget.

Når det gjeld mva-kompensasjon, rådar det uvisse om ein får full uttelling dersom det ber for mykje preg av badeland. Om ein bygg for idretten og kan vise til internasjonal standard i tillegg til ein størrelse som gjer det mogeleg å drive seriøs idrett, vil ein ha ei større tyngd i argumentasjonen for full uttelling når det kjem til mva. kompensasjon.

Det er også skrive at ein ikkje kjenner til at det er bygd anlegg i stål her til lands. Dette kjenner vi i Symjegruppa til. Dei nyaste anlegga i stål er Vossabadet, Vardøbadet, Kvernevik, Stavanger, Hundvåg, Stavanger Nye Gamlingen, Stavanger Kongstensbadet, Fredrikstad (Rehab.) og Røykenbadet. Det er også eldre anlegg ma. på Sørlandet. Det er ein god del å spare på dette både ved bygging, men også på vedlikehald. Ein slepp å halde bassenget stengt i mange dagar dersom det skulle oppstå lekkasje. Det tappast ned, tettast og kan fyllast oppatt med ein gong. Dette er ikkje tilfelle når det gjeld flislagde basseng.

Vi bed om at de erstattar alternativet om eit 12,5 m opplæringsbasseng i tilknytning til Øyra skule og legg til dette:

Eit 8-baners annlegg på 20x25 m., eit opplæringsbasseng, stupetårn og plaskebasseng i tillegg til ulike fasilitetar som er for leik og moro.

Dette vil gje eit langt betre tilbod både for å stimulerer til ei betre folkehelse, i opplæringsøyemed i tillegg til at idretten får eit anlegg som er funksjonelt både til trening men også for å arrangere større stevne. At Volda vil vere meir synleg i idrettssamheng i samstundes som det vil tene til eit allsidig bruksområde, og vil i neste rekkje kunne gjere Volda til endå meir attraktiv stad å bu/studere. Å prioritere eit anlegg som er stort nok til å kunne drive med mosjon og idrett frå vogge til grav, er noko som bør vere høgt prioritert. Volda kommune har bede Asplan Viak om utredning av eit 6-baners basseng opp imot eit opplæringsbasseng og ikkje lagt 8-banersanlegg som er eit alternativ. Vi ser at både rådmann og politikarar har gjort det mogeleg og vist velvilje på utvikling på mange arena dei seinare åra, og vonar at de også ser kva muligheiter som vil vere i eit slikt anlegg dersom ein torer å vere litt framoverlent.

Målet til Symjegruppa og kommuna må vere å få til eit anlegg som i størst mogeleg grad er sjølvfinansierande, der ein både kan drive med idrett og opplæring, samstundes som ein har eit attraktivt tilbod til Volda-innbyggjarane og tilreisande. Dette vil også vere ein fin måte å reklamere for Symjegruppa på både når det kjem til symjeopplæring og stup, samt organisert trening. Dette vil igjen kome Volda kommune tilgode då det gjer det lettare å kome i hamn med kompetansemåla i skulen på symjeopplæring.

Vi vonar at de vil lyfte på litt fleire steinar før ei så stor og viktig avgjersle vert teken for symjegruppa sin eksistens, men også opplæringstilbodet som er gjennom symjegruppa i dag.

mvh

Anne-Britt Aambø Hallaråker

Kurs og opplæringsansvarleg

for

VTI-symjegruppa

og

Interessegruppafor badeanlegg i Volda

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2018/1002
		Arkivkode:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
101/18	Formannskapet	05.06.2018
88/18	Kommunestyret	21.06.2018

GBR 19/822 TILBOD OM KJØP AV EIGEDOM STORGATA 16

Handsaming:

Røysting (åtte røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 05.06.2018 til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek å kjøpe eigedomen Storgata 16, Gnr. 19, Bnr. 822 i Volda kommune for ein kjøpesum stor kr. 3.025.000,-. I tillegg kjem kostnader knytt til kjøpet.

Ordfører får fullmakt til å underskrive avtale knytt til kjøpet av eigedomen.

Kjøpet vert å finansiere med låneopptak og rådmannen får fullmakt til å korrigere investeringsbudsjettet for 2018 i samsvar med vedtaket.

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vedtek å kjøpe eigedomen Storgata 16, Gnr. 19, Bnr. 822 i Volda kommune for ein kjøpesum stor kr. 3.025.000,-. I tillegg kjem kostnader knytt til kjøpet.

Ordfører får fullmakt til å underskrive avtale knytt til kjøpet av eigedomen.

Kjøpet vert å finansiere med låneopptak og rådmannen får fullmakt til å korrigere investeringsbudsjettet for 2018 i samsvar med vedtaket.

Vedleggsliste:

1. Skriv frå Pinsekyrkja d.s. 14.05.2018 vedkomande Storgata 16.

Uprenta saksvedlegg:

Verdi og lånetakst d.s. 27.02.2017

Samandrag av saka:

Eigedomen Storgata 16, Gnr. 19, Bnr. 822 i Volda kommune er vedteke lagt ut for sal. Kommunen har vore i samtalar med Pinsekyrkja om evt. kjøp av eigedomen. Pinsekyrkja har tilbode kommunen å kjøpe eigedomen for kr. 3.025.000,- . Rådmannen tilrår kommunestyret å kjøpe eigedomen for den summen.

Saksopplysningar/fakta:

Pinsekyrkja i Volda har vedteke å leggje ut Storgata 16. Gnr. 19 Bnr.822 for sal. Då dette vart kjent for kommunen, ba kommunen om å kome i dialog med Pinsekyrkja med tanke på evt. kjøp av eigedomen. Dette med bakgrunn i at Volda kommune har interesse og tankar om utvikling i dette området.

Etter samtalar og møte med pinsekyrkja fekk kommunen såleis vedlagde tilbod om kjøp av arealet for ein sum stor kr. 3.025.000,-.

Eigedomen ligg på baksida av det såkalla «Driveklepphuset» på oppsida av rådhuset og består av eit bustadhus og tomta er på 865 kvm. Eigedomen har iflg. utført lånetakst tilkomst med tinglyst vegrett til Storgata over Gnr./Bnr 19/503/17 (Barneparktomta) og 19/826.

Eigedomen er i reg.plan frå 1987 regulert til bustadføremål og ligg inneklemt av areal regulert for allmenne føremål.

Foto av eigedomen



Fig. 1 Reg.plan for området 1987





Fig. 2 Eiegdomsgrensene Gbr. 19/822



Bakgrunn for kommunen si interesse for arealet.

Kommunestyret vedtok i møte 22.03.2018, sak PS 38/18 mandat for planlegging av kino og kulturhus i Volda sentrum. I den sammenheng ba kommunestyret om at «Arealet kan, om ein ser trong om det også omfatte «Barnepark-tomta» og «Driveklepphus-tomta». På det tidspunktet var administrasjonen ikkje kjent med at eigedomen som ligg inneklemt i same området var til sals. Når dette no er kjent og kommunen får tilbod om kjøp av eigedomen vil det vere naturleg å innlemme også dette arealet i planlegginga rundt kino og kulturhus.

Kommunen sin samfunnsdel:

Det å sikre kommunen utviklingsareal knytt opp mot sentrumsareal og allmenntilgjengelege føremål som kulturhus er klart i samsvar med kommunen sin samfunnsplan. Rådmannen har m.a. i ovannemnde sak PS 38/18 om mandat for planlegging av kino og kulturhus i Volda sentrum vurdert det.

Helse og miljøkonsekvensar:

Arealet ligg sentralt i høve til Samfunnshuset.

Økonomiske konsekvensar:

Totalkostnaden med kjøpet inkl. avgifter kjem på kr. 3.100.000,- og er tenkt lånefinansiert. Det vil medføre auka kostnader til rente/avdrag.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Vurdering og konklusjon:

Sak om kjøp av areal av denne storleiken er klart ei sak for kommunestyret. Det er kommunestyret som kan løyve midlar og finansiere kjøp av denne storleiken.

Med bakgrunn i dei planane som kommunen har i høve til kino og kulturhus, sammenhelde med at kommunen no har muligheit til å sikre seg denne eigedomen som ligg inneklemt av areal regulert for allmenne føremål vil rådmannen tilrå kommunestyret å kjøpe eigedommen.

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Ass.rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Pinsekyrkja


Rådmannen for vidare handsaming

Pinsekyrkja i Volda
Postboks 185
6101 Volda



Måndag, 14.mai 2018

Volda Kommune
v/ Asbjørn Moltudal
6100 Volda

 VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2018/1002	Avd. R&D
Løpenr.	Sns. Asbjørn
15 MAI 2018	
Arkivdel:	Emne
Klassering P:	
Klassering S:	

Kopi:
Kjellin

Vedr. Storgata 16

Pinsekyrkja i Volda har vedteken å leggja ut Storgata 16, Gnr. 19 Bnr.822 for sal.
Etter samtale med kommunen har vi forstått at denne eigedommen er i kommunens interesse,
og vi tilbyr derfor Volda kommune å kjøpe eigedommen for **kr. 3.025.000,-**. (takst (2017) + 10%)
Tilbudet står ved lag til og med 30.06.2018.
Overtaking vert etter nærare avtale.

MVH
for Pinsekyrkja i Volda


Børild Skåra
Leiar i Leiarrådet



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Sunniva Utnes

Arkivsak nr.: 2018/708

Arkivkode: 033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
108/18	Formannskapet	19.06.2018
89/18	Kommunestyret	21.06.2018

GRENDAUTVALA I VOLDA KOMMUNE 2018

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret godkjenner val av nye medlemmer og varamedlemmer for grendautvala for 2017. Kommunestyret ber om at grendautvala som ikkje har kravt nye val, gjer det.

Ordføraren får fullmakt til å godkjenne supplerande val.

Vedleggsliste:

Retningslinjer for grendautval i Volda kommune

Melding om val av nytt styre frå:

Kilsfjord grendalag

Kalvatn grendautval

Dalsbygd grendalag

Høydal velferdslag/grendautval

Lauvstad og Velsvik grendautval

Folkestad grendautval

Dravlausbygda og Innselset grendautval

Vikebygda grendautval

Mork grendalag

Bjørkedal grendautval

Heltne/Bratteberg grendalag

Indre Dalsfjord grendautval

Hjartåbygda grendautval

Saksopplysningar/fakta:

I samsvar med retningslinjene for grendautvala i Volda kommune, sist handsama i kommunestyret den 22.06.12, skal kommunestyret oppnemne styra i grendautvala på kommunestyremøtet i juni.

Frist for å sende melding om nye styre er sett til 31. mai.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Grendalaga som har sendt inn melding

RETNINGSLINER FOR GRENDAUTVAL I VOLDA KOMMUNE

Vedtekne av Volda kommunestyre i møte 20.8.79, K-sak 103/79, endra i møte 25.10.90, k-sak 152/90, endra i møte 31.1.02, sak 13/02, endra i møte 26.9.02 sak 0081/02, endra i møte 22.6.04, K-sak 0062/04, ajourført i samsvar med vedtak i møte i Volda kommunestyre 12.5.2011, sak 45/11, ajourført i samsvar med vedtak i møte i Volda kommunestyre 15.12.2011 sak 139/11. Ajourført i samsvar med vedtak i møte i Volda kommunestyre 22.6.2012

1. Kommunestyret nemner opp grendautval i dei krinsane som ønskjer det etter tilråding frå bygdamøte/årsmøte og ser til at utvala får breiast mogleg samansetjing. Kwart grendautval bør ha 3 - 5 medlemmer. Det er opp til det enkelte grendautval om dei vil oppnemne varamedlemmer. Medlemmer og varamedlemmer i kommunestyret kan vere medlemmer i grendautvala.
2. Kommunen vert delt inn i 18 grendautval, og grensene skal følgje dei gamle skulekrinsane med unntak av sentrum, der grensene vert sette slik det går fram av vedlagde kart over Volda sentrum.
Når geografiske og lokale omsyn tilseier det, kan det gjerast unntak frå grensedelinga. Der det er organisert grendalag/velforeiningar, kan desse gå inn og fungere som grendautval på lik line med andre.
Fleire grendautval kan også samarbeide om saker som er av felles interesse.
Grendautval kan om dei sjølv ynskjer det, slå seg saman med anna/andre grendautval uavhengig av kringsgrenser og utan konsekvens for kommunal økonomisk stønad.
3. Grendautvala si oppgåve er å bygge ut kontakten mellom dei folkevalde organa og lokalmiljøet i saker som har interesse for krinsen, og å arbeide for at flest mogleg av sakene kan løysast i fellesskap til beste for krinsen.
4. Kommuneadministrasjonen kan legge fram saker som har verknad for bumiljøet i krinsen for vedkomande utval før avgjerd i formannskap/kommunestyre. I einskilde saker kan og kommunale organ delegere avgjerdsmynde til grendautval.
5. Grendautvala står fritt til å ta opp saker sjølve og ta på seg andre gjeremål i krinsen. I viktige saker bør det kallast inn til folkemøte.
6. Grendautvalet sin leiar kan vere eit av fleire kontaktpunkt for informasjonsinnhenting for kommunen i samband med kriser og katastrofar der krinsen vert råka.
7. Frist for innsending av namnelister over nye styre i grendautvala vert sett til **31. mai**. Kommunestyret oppnemner styra i grendautvala på kommunestyremøtet i juni.
8. Funksjonstida i grendautvala skal vere 2 år. Vala vert gjort slik at halve utvalet er på val kvart år. Utvalet konstituerer seg sjølv.
9. Berre personar over fylte 15 år er røysteføre ved årsmøte i grendautvala og kan veljast som styremedlemmer i grendautvala.

Årsmelding Kilsfjord grendalag 2017

Styret har bestått av:

Leiar: Camilla Sjøstad Kongsvoll

Nestleiar: Rolf Følsvik

Kasserar: Even Lillenes

Sekretær: Målfrid Straume

I laupet av året 2017/2018 har vi hatt tre styremøter. Her har vi tatt opp saker frå kommuna og andre organ som leiar har vorte tilsendt. Facebook-sida til Kilsfjord grendahus er ein viktig informasjonskanal for grendalaget. Her har saker som har vore relevante for bygdefolket vorte lagt ut, både som informasjon, men også innspel til dei ulike sakene.

Nedanfor viser saker som har vorte tatt opp og arbeidd med i ulik grad:

- **Gjennomgang av høyringsskriv og fagrapport "Kjerneområde landbruk for Volda kommune"**. Ingen innvendingar frå styret. Informasjon vart lagt ut på Kilsfjord grendahus si facebook-side.
- **Deltaking Tv - aksjonen UNICEF 22. oktober 2017**. Kilsfjord stilte med 3 bøssebærarar.
- **Fullføring av beredskapsplan for Kilsfjord**. Vart delt ut til bygdefolket desember 2017.
- **Brev til Samferdselsdepartementet angående nedgang i ferjetilbod**. Samarbeid med Folkestad grendautval og grendalaga i andre nabobygder.
- **Invitasjon til å delta i Pride-paraden til Bygdepride 2018**. Lagt ut informasjon på grendahussida.
- **Kartlegging av manglande veglys på kommunale vegar i Volda**. Informasjon lagt ut på facebook-side med moglegheit for bygdefolk å kome med tilbakemeldingar.
- **Rutetilbod, ferje jul- og nyttårshelg. Forslag til endringar**. Samarbeid med nabobygdene, med Folkestad i spissen.
- **Underskriftskampanje - Ny ferje og nye ferjeruter frå 01.01.2020**.

Elles har Kilsfjord grendalag delteke som medhjelparar på arrangement i regi av husestyret til Kilsfjord grendhus.

Camilla Sjøstad Kongsvoll
Rolf Følsvik
Even Lillenes

Rekneskap 2017

Straumshamn Grendalag

Straumshamn Grendalag har 2 kontoar hos Sparebank1 Søre Sunnmøre. Det har ikkje vore bruk av kontoane i 2017. 1kr kom inn som rente på eine kontoen i 2017.

Konto:	1.1.2017	Ut	Inn	31.12.2017
3991 04 46928	10,39,-		0,-	0,-
10,39,-				
3991 04 46936	6419,-	0,-	1,-	6420,-

Det kom inn 200,- frå Volda kommune i 2016. Det kom ikkje inn noko frå Volda kommune i 2017. Vidare kom det inn 2000,- frå Volda kommune i 2013. Kasserar tek kontakt med Volda kommune for å få klarheit i tildelingsrutiner.

Even Lillenes

Kasserar Even Lillenes

Olav Bjørneset *Hålsed*
20.03.2018

Innmelding av nytt styre i Kalvatn Grendautval

Årsmøte 22.mars.2018

Sivert Kalvatn - Leiar

Solvor Heggli - Skrivar

Odd Inge Osdal - Kasserar

Ledvin Skjerdal - Styremedlem

Bernt Kalvatn - Styremedlem

Vara: Ole Roger Hamre, May Helen Osdal, Målfrid Børtnes

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr: 18/708	Avd: SVK
Løpenr:	Shs: Senta
26 APR 2018	
Arkivnr: Fmed	
Klassering P:	
Klassering S:	

Årsmøte i Høydal Grendautval/Velferdslag

27.02.2018

org.nr. 811 568 392

Styret for 2018 er:

Leiar: Rune Kopparnes, vara: Elin Høydal

Nestleiar/Kasserar: Ståle Høydal, vara: Kjell Oddvar Høydalsvik

Skrivar: Oddlaug Greta Høydal, vara: Lilla Høydalsvik

Dalsbygda 25-4-2018

Til Volda Kommune.

Dalsbygda Samselag 989 530 461
hadde årsmøte 4-3-2018

Desse sit no i det nye styret.

Ledar Randolph Reite
Nestledar Andre Bruene
Sekretar Raquhild Haugen
Kasserar Gunnhild Vassbakke Dale
Styremedlem Jarne Gjelle
— " — Kirsten Lillenes

Dalsbygda 25-4-2018
for Styret Kirsten Lillenes



VOLDA KOMMUNE

Saksnr: *B/708*

Avd: *SVK*

Løpent:

Shs: *Sanntu*

26 APR 2018

Arkivdel: *Fine 2*

Klassering P:

Klassering S:

ÅRSMELDING LAUVSATAD OG VELSVIK GRENDAUTVAL 2017 / 2018

ÅRSMØTE: 30 APRIL 2018.

Styret har vært sammenasatt slik:

Arne Oddmund Torvik	–	Leiar
Jon Grebstad	–	Kasserar
Lars Otto Velsvik	–	Slrivar
Sigleif Skalde	–	Styremedlem
Bjørn Breivik	–	Vara /valnemd
Tomislav Novak	–	Vara/valnemd

1. Sykkelstativ fergekai.
Brev sendt til Statens Vegvesen angående Namneskilt/Stadskilt LAUVSTAD som ble fjernet fra fylkesvei 652 – samt om lov og sette opp sykkelstativ ved fergekai. Skilt på plass raskt, Etter gjentatte purringer så har dei gjitt klarsignal på at intill 8 sykkelstativ kan monterast ved busskur. Stativ vil bli innkjøpt og montert med det første.
2. Helse og Omsorgstjenester.
Felles styremøte på Dalsfjord skule mellom Dravlaus og Innselset og lauvstad og Velsvik Grendalag angående Helse og Omsorgstjenester på Vestsida.
Representanter fra Helse og Omsorg fra Volda kommune informerte.
3. Brønnøysundregisteret.
Lauvstad og Velsvik Grendautval innmeldt til Brønnøysundregisteret.
(Enhetsregisteret)
4. Ruteendringer.
Styremøte (06.09.17) angående forslag fra Fylkeskommunen om ruteendringer fra 1 mai 2018. Etter div. Innspill fra brukerne på Facebooksiden til Grendautvalet konkluderte styret med at dagens rutetilbud fungerer godt for dei aller fleste.
5. Ruteendringer.
Felles styremøte (07.09.17) med Dravlaus og Innselset og Lauvstad og Velsvik Grendautval på Dalsfjord Skule angående forslag endringer på fergerutene.
Begge styra enige om at dagens ruter fungerer godt for dei aller fleste brukere, men der er ønske om ei justering på søndager. Brev sendt til Fylkeskommunen Volda – og Vannylven kommune.
6. Taktsauke.
Fellesmøte på Vestun Lauvstad (18.12.17) mellom Lauvstad og Velsvik – Dravlaus og Innselset og Rovde Grendalag angående oppslag i media om økning med 2 takstsoner opp på fergesambanda Volda – Lauvstad / Årvik -Koparnes og Hareid – Sulesund
Enighet om og sende eit felles brev til Fylkekommunen – Volda og Vannylven kommune samt til Sivilombudsmannen om lovligheita av dette - etter nyttår.

7. Taktsauken.
Nytt felles styremøte (10.01.18) på Vestun Lauvstad mellom Lauvstad og Velsvik - Dravlaus og Innselset og Rovde Grendalag
Etter og ha innhentet mere opplysning angående taktsauken med 2 taktsoner opp vart protestbrev utformet og sendt til Fylkeskommunen – Volda og Vannylven kommune med anmodning til orførerne og støtte oss i denne sak.
Denne sak skal opp i Samferdselsutvalet den 25.05.18 og i Fylkestinget i juni 18 i forbindelse med budsjettjusteringer. Vi vart lovet at saken skulle behandles på Fylkestinmøtet i april 18 , men vart utsatt sammens med andre saker grunn av den økonomiske situasjonen vart det sagt.
8. Gatelys kommunale vagar.
Utført kartlegging av behov/ ønske om gatelys etter oppdrag fra Teknisk Etat Volda Kommune på alle kommunale vagar.
Prioritert liste sendt til Saksbehandlar Teknisk Etat.
9. Nytt Fergeanbud.
Felles styremøte på Vestaun Lauvstad mellom Lauvstad og Velsvik - Dravlaus og Innselset og Rovde Grendalag . Innspill til Fylkeskommunen anngående at fergesambandet Volda – Lauvstad snart skal ut på nytt anbud.
Brev sendt til Fylkeskommunen – Volda og Vannylven Kommune.
10. Jule – og Nyttårsaften.
Felles styremøte (05.04.18) på Vestun lauvsstad mellom Lauvstad og Velsvik - Dravlaus og Innselset og Rovde Grendalag angående ønske om ein tur på kvelden på Jule og Nuttårsaften. Brev sendt til Fylkeskommunen – Volda og Vannylven Kommune om støtte i saken inn til Fylket.

Arne Oddmund Torvik
Leiar.

Fra: Arne Torvik[arne.torvik@yahoo.no]
Sendt: 10.05.2018 20:34:13
Til: Postmottak Volda
Tittel: ÅRSMELDING

HEI.

Vedlagt er Årsmelding med Rekneskap fra Lauvstad og Velsvik Grendautval 2017/18.

På Årsmøtet vart der også vedtatt ny §8 under "Vedtekter for Lauvstad og Velsvik Grendautval"

§8 lyder: "Grendautvalet skal legge til rette for samarbeid med andre Grendalg, med minst eit møte kvart halvår. Heile styret med vara kallast då inn"

VALG: Styret gjenvolgt unntatt vara Tomislav Novak ut og inn vart vald Arild Sæterås.

Mvh

Lauvstad og Velsvik Grendautval

Arne Oddmund Torvik

Leiar.

--

Med vennlig hilsen
Arne Torvik

Protokoll frå årsmøte 3.mai 2018

for Folkestad grendautval

Det var innkalla til årsmøte i Folkestad Grendautval 03.05.18.

Antal som møtte: 6

Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste:	Godkjent
Sak 2: Val av møteleiar/referent:	Nina Anette Teigen
Sak 3: Årsmelding v/leiar Nina Anette Teigen:	Godkjent
Sak 4: Rekneskap for 2017 lagt fram av kasserar, Nina Anette Teigen:	Godkjent
Sak 5: Val av medlemer for 2018/2019:	

Det nye Folkestad Grendautval, samrøystes valt:

- Leiar/kontaktperson: Frode Kleven (1 år igjen av 2 år)
- Hanne Aasebø (1 år igjen av 2 år)
- Anneli Knutsen (1 år igjen av 2 år)
- Hege Helland (Gjenval for 2 år)
- Jeanette Eriksen (Ny, for 2 år)

Sak 6: Orienteringssaker/Ymse

Folkestad, 04.05.18

Nina Anette Teigen (Referent)

Årsmelding Dravlausbygda og Innselset Grendalag -2017

Styret har bestått av fylgjande:

- a. Jorunn Beate Lillebø (leiar) – styreleiar frå 2015
- b. Anika Karen Sandholt Aarflot (styremedlem) – frå 2017 (2 år)
- c. Ragnhild Viken (styremedlem) – frå 2016 (2 år)
- d. Jan Øystein Aksnes (styremedlem) – frå 2016 (2 år)
- e. Inger Johanne Johnsen (vara) – frå 2016 (2 år)

Siv Lillenes fungerer som kasserar for laget. Leiar har tilgang på nettbank og betalar rekningar som vert vidaresendt kasserar for bokføring.

Styret har hatt ca 3 møter i halvåret. Utover dette har det vore gjort ein del interne avklaringar/dialog pr telefon og epost.

Veglypsprosjektet har stått litt stille, men veglys i Innselsetbygda vart betalt juli 2017 av øyremerka midlar frå sal av skulen på Øggarden. Utover dette har det vore gjort noko arbeid knytt til etablering av samanhengande veglys frå skulen og innover til Løvika.

Hjertestartar kom på plass på den nye Dravlaus brannstasjon med eige skap kosta av grendalaget. I mai 2017 vart det også avhalde kurs i bruk av hjertestartar, også dette kosta av grendalaget. Kurset var fullteikna og 9 av kursdeltakarane sa seg villige til å stå på liste innmeldt til AMK-sentralen. AMK-sentralen har fått oversendt slik liste.

Grendalaget bestilte og kosta ny, låsbar **oppslagstavle på Buda**. Rovde møbel utførte arbeidet.

Kontingent for 2017 vart kravd inn saman med kontingent for 2018 vinteren 2018.

Grendalaget har ansvar for **komitelister** for arrangementa 17.mai, julegrantenning og dalsfjordmarknad. Komitelistene skal vere oppdaterte slik at alle familiemedlemmar over konfirmasjonsalder står oppførte med namn, vidare er det opplyst om at dersom nokon av ulike grunnar ikkje ynskjer å stå på lista kan ein ta kontakt med leiar. Arrangementa vert årleg fordelt på 3 faste komitear slik at alle er med på eit arrangement årleg. Komitelistene heng på Buda og oppsettet ser ut til å fungere. Arrangement i 2017 var 17. Mai, Dalsfjordmarknaden (3. November) og julegrantenning (1. Søndag i advent).

I 2017 har det vorte endå meir samarbeid enn tidlegare med andre grendalag på vestsida. Det har også vorte etablert samarbeid med Rovde grendalag. Hausten 2017 hadde vi 3 fellesmøte der alle styremedlemar var inviterte til å vere med. Saken som har vore opp er:

- Klage til helse- og omsorgssektoren i høve at dei for ei periode ikkje tilbyr helsestasjon for born under skulealder i lokala på Dalsfjord skule.

Til orientering: Slikt tilbod kom på plass att våren 2018.

- Informasjonsmøte om helse- og omsorgssektoren sitt tilbud om heimetenester på Vestsida. Det vart avhalde felles info-møte med helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten i september.
- Ruteendringsprosessen 2018. Her prøvde vi å få nattferje i helgane med kom ikkje fram. Endring som ser ut til å verte er justering av ferjetider søndag føremiddag.
- Innspel til nytt anbod for ferjesambandet Volda-Lauvstad. Rutetider, beredskap, ferjetype etc.
- Klage på vedtak om takstauke med to takstsoner innført frå 1. Januar 2018. Saka skal opp i fylkestinget i slutten av april.

For styret

Jorunn Beate Lillebø Lande

8.04 2018

Årsmelding Vikebygda grendautval 2017

Styret i 2017 har vore samansett slik:

Siw Rotevatn Vikene	-	Leiar
Svein Roger Hoggen	-	Styremedlem / kasserar
Linda Nedrelid Vatne	-	Styremedlem
Mona Helen Kile	-	Styremedlem
Arild Aasen	-	Styremedlem
Per Martin Vikene	-	Vara

Kommunen har ikkje sendt ei einaste sak på høyring i perioda mai 2017-mai 2018. Av andre saker vi har behandla på eige initiativ i 2017 kan vi nemne:

- Vi arrangerer årleg 17. Mai-leikar på vekselvis Vikebygda/Bratteberg skular, i samarbeid med Bratteberg grendalag og føresette til 4. klasseforeldre på desse skulane. Vi hadde oppklaringsmøte med fjorårets 17. Mai nemnd for sentrum, ettersom dei har lagt om sin strategi for rekruttering til nemder. Dette kan by på utfordringar framover og vi etterlyser kommunal styring og kontroll med dette.
- Vi har jobba vidare med trygge skuleveggar/skuleskyss -både ovanfor media(møre og studentane, nernett/næravisa) føresatte, politi, kommunen og statens vegvesen, spesielt fv 45 mtp fart og manglande gangveg.
- Vi har fått gjennomført ny trafikkmåling mtp fart og registrering av n 85% persentil på fv. 45, farta har gått merkbar opp berre på 2 år, sidan sist måling.
- Vi har invitert UP og fått dei til å kome gjentakande gangar i Mai 2018.
- Vi har avdekt manglar ved Bornetrakk registreringa i kommunen og fått gjennomført dette våren 2018 på Vikebygda skule, 4. klasse, rapporten er skremande og tydelig.
- Vi har vore med å kartlagt manglande kommunale veglys, og minna om dei langs fv.
- Vi har søkt gåvemidlar frå SpareBank 1, ikkje fått svar enno
- Vi har starta opp å bruke vipps som alternativ til betaling på våre arr.
- Vi har oppretta facebook-side for grendautvalet, for betre å kunne nå ut til våre
- Invitasjon til strandryddedag, ingen kommunale strender i vår grend.

Volda 25. mai 2018

Vikebygda grendautval

Rekneskap 2017

Dato	Inntekter	NOK
28.03.2017	Innbetaling frå mCash	179,67
22.05.2017	Innbetaling frå mCash ang 17. mai	1 189,33
06.06.2017	Innbetaling ang 17. mai	12 574,00
08.06.2017	Gåvemidler frå Sparebank 1 Søre Sunnmøre	2 000,00
31.10.2017	Tilskot frå Volda kommune	2 000,00
31.12.2017	Renter Sparebank 1 Søre Sunnmøre	20,00

Sum inntekter **17 963,00**

Utgifter

26.06.2017	Varer ang 17. mai V4-Mat AS (Kiwi Myrane)	3 003,50
30.06.2017	Gebyr nettgiro	2,00
01.11.2017	Overført andel 17. mai til Heltne/Bratteberg grendautval	5 379,00
30.11.2017	Gebyr nettgiro	2,00
27.12.2017	Gåve til Vikebygda skule	8 000,00
31.12.2017	Gebyr nettgiro	2,00

Sum utgifter **16 388,50**

Resultat **1 574,50**


Balanse 31.12.2017

31.12.2017	Beholdning Kasse	-
31.12.2016	Beholdning Sparebank 1 Søre Sunnmøre (IB)	32 780,01
31.12.2017	Beholdning Sparebank 1 Søre Sunnmøre (UB)	34 354,51

Disponible midlar 31.12.2017 **34 354,51**

Endringsbalanse **1 574,50**

Dato: 28.05.2017
Kasserar: Svein Roger Hoggen



Revidert:

Dato: 29/5 - 2018

Revidert av: 

Saker:

1: Val av møteleiar og referent: Ellen M Haugen Egset møteleiar. Trine Mork Bakke referent.

2: Godkjenne innkalling og sakliste: Årsmøtet reagerer på lite presist tidspunkt og stad på oppslag/ det som vart lagt ut på nett.

3: Val: Sittande styre bestående av leiar Jan Norvald Jønsson (2år). Kasserar Ellen Marie Haugen Egset(1år). Skrivar Trine Mork Bakke(2år). To styremedlem Karstein Åmelfot(1år) og Andreas Eikrem(2år).

Årsmøtet har bestemt at der skal opprettast valnemnd med to personar. Styret deler oppgåva med å finne to personar til valnemnda på følgande måte:

Jan Norvald tek første runde i Olaskogen og Reset ila veke 17.

Dersom han ikkje har funne nokon tek Ellen M. runda i resten av gamlefeltet nedom Morkavegen og Sivert Aarflot vegen ut veke 18.

Trine Bakke tek Morkavegen frå korsen, Rydet til og med Peder Lid. Ila veke 19

Andreas tek Eikrem/Håskjold og Ytrestøylen ila veke 20.

Karsten tek Liaskarvegen / Ørstavegen ila veke 21.

Valnemnda består av to personar som delar på jobben med å eventuelt skaffe erstatning for dei i styret som står på val.

4: Økonomi (EMHE): Rekneskapen er revidert av Elias Mårstøl og godkjent av årsmøtet.

5: Samordna registermelding (ASE): Grendelaget har hatt arbeid med å lage nye vedtekter, og få godkjent samordna registermelding. Denne vert sendt inn i dag 16.04.2018 slik organisasjonsnummer vert oppretta.

6: Årsmelding (JNJ): Årsmeldinga er godkjent.

7: Juletrekomité: Komiteen består av Terje Hamre, Karstein Åmelfot, Øystein Sørheim og «drilltroppen v/Jan Norvald».

8: Innkomne saker:

1: Spørsmål om det er mogleg å få utplassert søppeldunkar rundt i bygda. Kven som kan ta på seg dette? Styret tek på seg å sjekke om Volda kommune har ei ordning for dette.

2: Spørsmål om det er mogleg å lage til ein «rasteplass» ved Eikremshammaren?

Styret tek med seg desse to spørsmåla i sitt vidare arbeid.

9: Evt: Der bør opprettast eit årshjul der ein får inn viktige datoar som årsmøtet, stønadar osv.

To til å signere protokoll:

Fra: killar4806[killar4806@gmail.com]

Sendt: 03.06.2018 23:41:43

Til: Sunniva Utnes

Tittel: Re: Oppmoding om å sende inn oversikt over nytt styre, årsmelding og rekneskap

Hei!

Eg er svært lei for det, men det er dessverre uråd for meg å få sendt dei dokumenta du ber om før eg kjem att frå Danmark 7. juni.

Grendalaget hadde årsmøte i februar, så alt er klart og ligg på datamaskina heime, men det er uråd å få tak i det herifrå. Eg hadde alvorleg datatrøbbel mars/april, og då hamna dessverre dette i den berømte gløymeboka. Men rekneskap og årsmelding er godkjende, og det nye styret ser slik ut:

Leiar: Lars Kåre Kile

Nestleiar: Marius Folkestad

Kasserar: Catrine Bjørkedal Løset

Skrivar: Liv Signe Kvamme

Styremedlem: Hilde Sesilie Beinnes

1. vara: Andre Løset

2. vara: Per Arne Bjørkedal

Vonar dette ikkje skaper for store problem for deg. Dokumenta vert sende 7. juni, inntil då kan eg dessverre ikkje bidra med meir enn det nye styret.

Med beste helsing

Bjørkedal grendalag

v/ Lars Kåre Kile

Sendt fra min Samsung Galaxy-smarttelefon.

----- Opprinnelig melding -----

Fra: Sunniva Utnes <sunniva.utnes@volda.kommune.no>

Dato: 24.05.2018 09:10 (GMT+01:00)

Til: Hjartåbygda grendautval v/Tonje Berg Bakkebø <tonbak@orstaskulen.no>, Austefjord Grendautval v/Lise Ekros <lise.charlotte.ekros@gmail.com>, Mork Grendalag <morkgrendalag@gmail.com>, Innselset og Dravlausbygda grendalag v/Jorunn Beate Lillebø Lande <jobe_lilleboe@hotmail.com>, Bjørkedal grendalag <killar4806@gmail.com>, "Engeset, Klepp og Nordalen grendalag" <odd.paulen@gmail.com>, Heltne/Bratteberg grendalag <ulvoy.nina@gmail.com>, Indre Dalsfjord grendalag <svein.reite@tussa.com>, Vikebygda grendautval <grendautval@vikebygda.no>

Emne: Oppmoding om å sende inn oversikt over nytt styre, årsmelding og rekneskap

Hei! Sjå vedlegg.

mvh

Sunniva Utnes

konsulent

Volda kommune

Årsmelding 2017 for Heltne og Bratteberg Grendalag.

- Grendalaget har hatt styremøte, men ikkje årsmøte i 2017.
- Grendalaget vart kontakta av Volda innebandyklubb, som ser på moglegheita for å bygge ein bane med veggjar som kan brukast til fleire idrettar og isbane om vinteren. Dei ser på fotballbana ved Bergsvegen som eit alternativ stad for bana. Grendalaget hadde møte med representantar for Innebandyklubben 4.september 2017 der dei orienterte naboar. Ein stiller seg positive til at innebandyklubben kan arbeide vidare med planane.
- Grendalaget arrangerte jonsokfeiring på Bratteberg skule, med fantetog, jonsokbål og grillar. Det var godt oppmøte. Vi klarte diverre ikkje å organisere sal av rjomegraut i 2017, noko som vart sakna av fleire.
- I samarbeid med Vikebygda grendalag, organiserte grendalaget 4. klasseforeldra ved Vikebygda skule og Bratteberg skule til å arrangerte 17.mai-feiring på Vikebygda skule. Arrangementet hadde godt oppmøte.

Vi inviterer medlemmene/folk som bur i Heltne- Brattebergfeltet om å melde saker til grendalaget.Då kan vi arbeide endå betre med saker som opptek folk i nærområdet. Vi vonar de som bur i området vil engasjere dykk i Heltne/Bratteberg grendalag.

Nytt styre 2018:

Leiar: Tollak Mikal Kaldheim

Skrivar: Irene Humborstad

Kasserer: Nina Ulvøy

Styremedlem: Frank Thommesen

Möte hjá Svinn Rute. 29/1-18. kl. 19.

Þesse mötte Ola Skinsvik - Per d. Skinsvik og Randi Sælestad
Planleggning av ársmöte, som varst sett til
28-2-18. kl. 19. þi Högskúli.

Árs möte 28/2-2018. kl. 19. Högskúli, ^{Þótt stutt kl. 20.³⁰}

Þess raport av Svinn Rute } 5 pers útanom stýring
Þess skap av Ola Skinsviks foddlejurall.

1. Gatlýsa til byggda.

2. 17 maí fjöring

3. Brúdband til Salsfjorden varst det framja
sala orn.

Talq: Svinn Rute gjekk út - Jörn Imelfot
Korn inn. Knut Sverre Dahl kom inn som vara.

Þess útsige om at gatlýsa tek Jörn seg av.

17 maí fjöringa varst Enita Dahl sult ansvar.

Þótt stutt kl. 20¹⁵ Randi S.

Del nye stýring sult slík út.

Leiari: Per d. Skinsvik

auk leiari: Jörn Imelfot

kassari: Ola Skinsvik

skrivari: Randi Sælestad

ásmötandi vara Knut Sverre Dahl.

Þessor Einar Furnes.

Fra: Tonje Bakkebø[tonjeb@live.com]
Sendt: 11.06.2018 10:31:43
Til: Postmottak Volda
Tittel: Årsmøte Hjartåbygda grendautval

Hei,
og beklager at dette kjem seint.

Styret i Hjartåbygda grendautval fortset som tidlegare:

Leiar:

Tonje Berg Bakkebø, tlf 91605282, epost: tonjeb@live.com.

Styremedlemer:

Elin Løvøy Wilhelmsen

Frank Flusund

Olav Vadstein

Nelly Huserbråten

Vara:

Gunnar Løvøy

Egil Berg

Trond Heltne

Har også lagt ved årsmeldinga.

Mvh

Tonje Berg Bakkebø, Hjartåbygda grendautval

Sendt fra [Outlook](#)

PS 90/18 Orienteringssaker

OS 32/18 Orientering om kommunereforma

Oppsummering alternativ etter møte 8. juni

Jørgen Amdam 8.6.2018

A1. BOM BERRE I TUNNEL – ETTER OPNING

- KOSTNAD TUNNEL – 1171 MILL. KR.
- TUNNEL – 1600 BILAR I DØGNET
- GAMAL E39 – 7400 BILAR I DØGNET

- GIR IKKJE STOR NOK INNTEKT TIL Å FINANSIERE TUNNEL
- SVÆRT STOR TRAFIKK PÅ GAMAL E39

- IKKJE AKSEPTABEL LØYSING – STERKT FRÅRÅDD AV VEGVESENET

A2 – Strengvis tiltak (Etterskot - Berre tunnelen)

- Kostnad tunell – 1172 mill. kr.
- Bomstasjon ny og gamal E39 blir etablert når tunell er ferdig – ingen forhandsinnkrevjing
- BOM TUNNEL +
 - A2a – Klippa el Egset
 - A2b – Furene (rundkøyning)
- Lite/ingen midlar til andre tiltak og truleg start etter 2024.
- Inntekt – truleg ca. 200 mill. kr. lavare enn ved forhandsinnkrevjing – rentetap m.m. :
- 25 kr. Takst – ca. 1,15 mill kr.
- Må ha takst på 25 kr (20 med brikke) for å dekke kostnad.
- **Alternativ A2b – bom berre i rundkøyninga – mest akseptabel**

A3. Bompengepakke Volda – Furene eller Gamle E39

Inntekt inkl. 650 mill. frå staten:

- **25 kr. (20) – 1,35 mill. kr.**

2 bommar – tunnel og:

- A3a – Klippa/Egset
- A3b – Furene - rundkøyning

1 timer passasjefri

Ca. 7000 betalande – 4700 tunnel – 2100 Gamle E39 – ved begge alternativ

Vegvesen – tilrår Egset/Klippa

Bør ha tiltak i både Volda og Ørsta for å vere pakke

A3b – mest sannsynleg politisk

Politisk – heve statleg tilskot pga 2 løp?

Basispakke: 1350 mill. kr

Tunnel: 1171 mill. kr

– disp. inn til 180 mill. kr.

Tiltak – Døme:

- Flyplasskryss (30?)
- Furene – rundkøyning (20?)
- Kollektivtiltak (30?)
- Gang- og sykkelveggar (34) – (130)
- Øyra bru
- Sentrumstiltak Volda
- Sum: ca. 1.500 mill kr. – gap 150

A4. TRE BOMMAR I FURENE – OGSÅ ØRSTA

Inntekt inkl. 650 mill. frå staten:

- **25 kr. (20) – 1,45 mill. kr.**

3 bommar – tunnel og:

Furene begge retningar gamal E39
– i rundkøyringa eller nær

Ca. 8000 betalande – 1000 ekstra
som følgje av bom mot Ørsta –
meirinntekt ca. 100 mill. kr.

- Tiltak Ørsta for 100 mill. kr. i tillegg til alt. A3.
- Vegvesen tilrår bommar i tunnel, Egset/Klippa og Hovden for å kunne forsvare investeringar i sentra for å vere i samsvar med reglar.
- **Kanskje politisk akseptabelt: tre bommar i/nær rundkøyringa.**



Statens vegvesen

Referat

Dato: 08.06.2018
Tid: 12.00–14.00
Referent: Cathrine Helle–Tautra

Sakshandsamar/telefon:
Cathrine Helle–Tautra
Vår dato: 12.06.2018
Vår referanse:

Referat frå møte nr. 9/2018 i utvida styringsgruppe til Felles samferdselspakke for Volda og Ørsta.

Møte nr: 9/2018
Stad: Ålesund kontorsted, Borgund
Møteleiar: Jørgen Amdam
Til stades: Kjetil Strand, Ole Jan Tønnesen, Per Ove Nydal, Stein Aam, Eldar Øye, Sølvi Dimmen, Arild Iversen, Cathrine Helle–Tautra
Forfall: Wenche Solheim, Rune Sjurgard/Asbjørn Moltudal
Kopi til: Karen Høydal

Ansvar / frist

1. Godkjenning av referat frå førre møte. Referatet vart godkjent.

2. Gjennomgang av nye berekingar med endra plassering av bomsnitt og finansieringsanalyse. Dei nye berekingana vart gjennomgått. Alle berekingane er gjort med ein ny versjon av modellverktøyet og denne er meir nøyaktig i forhold til timesregel. Ådt–tala er difor litt lågare enn førre bereking. Alle alternativa med to bomsnitt i Volda er berekna å gi 7000 betalande, medan alternativet som og har eit bomsnitt på Aasen i Ørsta er berekna å gi 8000 betalande kvar dag.

3. Vidare diskusjon. Vegvesenet anbefalar å plassere bomsnittet i Ørsta i Hovdebakken, dette ønskjer ikkje Ørsta kommune. Vegvesenet anbefalar og at bomsnittet på eksisterande veg i Volda bør stå i Klippa området, medan Volda kommune ønskjer plassering nær Furene eller Ekset. Dei nemnte plasseringane

er lettare å få aksept på i kommunane. Plasseringa av bomsnitta kan verte vanskeleg å få aksept for i Vegdirektoratet og Samferdselsdepartementet, men kommunane ønskjer å gå vidare med plasseringane i Aasen og nær Furene/Ekset. Plasseringa av bomsnitt vil og ha betydning for om bompengeprojektet kan nytte parallell eller etterskotsinnkrevjing. Vegvesenet har kontakta Vegdirektoratet for nærare avklaring omkring dette, men dei kan berre svare når bompengesøknaden er sendt inn til dei.

Volda og Ørsta kommune tar sikte på å avklare om dei skal gå vidare saman eller aleine før sommaren, med vedtak i august/september.

Statens vegvesen har satt i verk tiltak for å kome ned på styringsmålet på kostnaden for E39 Volda–Furene. Dette kan få konsekvensar for tunnelloysinga.

4. Neste møte. Dette vil ein kome tilbake til i haust når en veit om begge kommunane eller berre Volda skal gå vidare med samferdselspakken/bompengeprojektet.



Statens vegvesen

Referat

Dato: 12.04.2018
Tid: 12.00–14.00
Referent: Cathrine Helle–Tautra

Sakshandsamar/telefon:
Cathrine Helle–Tautra
Vår dato: 17.04.2018
Vår referanse:

Referat frå møte nr. 8/2018 i utvida styringsgruppe til Felles samferdselspakke for Volda og Ørsta.

Møte nr: 8/2018
Stad: Volda rådhus
Møteleiar: Jørgen Amdam
Til stades: Kjetil Strand, Stein Aam, Wenche Solheim, Karen Høydal, Per–Are Sørheim, Asbjørn Moltudal, Arild Iversen, Fride Sortehaug, Cathrine Helle–Tautra
Forfall: Ole Jan Tønnesen, Per Ove Nydal
Kopi til: Fyll inn.

Ansvar / frist

1. Spørsmål frå Volda og Ørsta.

- Andre midlar til finansiering ut over dei 650 millionane i NTP og HP? Ved oversending av søknad må ein legge til grunn det som står i NTP/HP (Vegvesenet).
- Bør ein vente på godkjent plan for E39 Volda–Furene før ein går vidare? Det er ikkje spesielle forhold som tilseier at plana ikkje vert godkjent slik den ligg føre i dag (Volda kommune).
- Kan ein setje av planleggingsmidlar til Voldsfjorden på lik linje med Ørstafjordkryssing i bompengeprojektet? Samferdselspakken handlar om avlastning av sentrum. Ørstafjordkryssing kan forsvarast sidan dette projektet vil avlaste Ørsta sentrum medan Voldsfjorden er ein anna type projekt og passer ikkje inn i samferdselspakken (Vegvesenet).

- Søke om fleire alternative bompengeløysingar? Ein kan berre sende inn ei løysing for godkjenning i Stortinget. Avklaringar må gjerast på førehand (Vegvesenet).

2. Løysingar

Etter diskusjon frem og tilbake vart det klart at ein står att med to ulike løysingar:

Alternativ 1: Volda alternativet. Dette er eit prosjekt der alle bommane er plassert i Volda og som dei kan arbeide vidare med utan Ørsta kommune. Ein ser føre seg to bommar, på Klippa/Ekset, total ramme på 1,5 mrd. 2018-kr, tiltaka tek utgangspunkt i Volda sitt forslag til basispakke som er:

- Tunnel 1171 mill. 2018-kr
- Flyplasskrysset og rundkøyning i Furene 100 mill.? 2018-kr
- Gang- og sykkelveg langs flyplassen 35 mill. 2018 kr
- Kollektivtiltak 50 mill.? 2018-kr
- Planleggingsmidlar til Ørstafjordkryssing Voldsfjordkryssing?

Fordeling av overskytande midlar ut over kostnaden til basispakka må avklarast med politikarane i Volda. Ørsta ønskjer å dele desse midla med 50 % til kvar kommune.

Alternativ 2: Tre bomsnitt (Ekset/Klippa, tunnel, Hovdeflata/Aasen). Same basispakke som alternativ 1. Overskytande inntekter frå bomsnitt Hovdebakken disponerast av Ørsta, overskytande inntekter frå bomsnitt i Volda disponerast av Volda.

3. Vidare arbeid

- Møte i dei politiske gruppene i kvar kommune og felles.
- Statens vegvesen oppdaterer berekningane sine med følgande føresetnader:
 - Mogleg finansieringsevne med tre bomsnitt og takst på 25/20 kr og 22/18 kr
 - Finne ut kvar bompengane vert generert (fordeling mellom Volda og Ørsta)
 - Konsekvens for Ådt/inntekt ved å flytte Klippa-bomsnittet til Ekset (Voldasida).



Statens vegvesen

Saksbehandler/telefon:

<Saksbehandlersnavn / tlf>

Vår dato: 11.05.2018

Vår referanse:

Notat

Til: Strategiseksjonen

Fra: Trafikkseksjonen


Kopi til:

Volda – Furene, bompengeberegninger

Det er gjort ny runde med beregninger med utklippt FFE39 modell og bompenger på 25 kr (timesregel). Modellen som er utklippt strekker seg fra Sognefjorden og nordover mot fylkesgrensa mot Sør Trøndelag og kalles for DOM MR. Beregningene er utført med versjon 3.12.1 av RTM, med revidert og forbedret modellering av timesinnkreving av bompenger.

Det er beregnet følgende alternativ:

1. Bomsnitt på ny tunnelarm i Furene (1), Ekset (2) - Bomsnitt sør for fv. 47. Stenger lokalveier sørover mot Volda som kan gi lekkasje.
2. Bomsnitt på ny tunnelarm i Furene (1), Furene (3) og Aasen i Ørsta (4).
3. Bomsnitt på ny tunnelarm i Furene (1) og Furene (3).
4. Bomsnitt på ny tunnelarm i Furene (1), Klippa (5) . *(Dette er det samme som beregning 1, da det ikke er noe sonetilknyttinger mellom snittene 2 og 5, så i praksis lik resultater i modellen.)*
5. Bomsnitt KUN på ny tunnelarm i Furene (1).



Det bør nevnes at trafikken i modellen ved Ørsta ligger under registrerte tellinger, delvis skyldes det at modellen ikke greier å simulere en del korte bilturer som oppstår lokalt i området, delvis skyldes det at sonen ved flyplassen er stor og er tilknyttet punkt på kommunal vegnett, dermed vil en del av trafikken gå på kommunal vegnett og ikke på E39. Men i forhold til disse beregningene for bom, påvirker det ikke resultatet. I timesberegninger beregnes effekten av bompenger i etterspørselsberegninger, dvs. i sone til sone matrisene som beregnes for turene.

Når turene skal fordeles på vegnettet er det ingen bombelastning på veglenkene, slik man har i tradisjonelle modellberegninger med snittinnkrevning. Effekten av bompenger med timesberegninger vises kun med etterspørselsmatrisene.

Alle ÅDT vist for 2016.

	Ny tunnel	Gammel E 39 (Klippa/Furene)	E 39 (Hovden)	Sum nye betalende	Sum betalende (1.gang)
Beregning 1 og 4	4700	2100			Ca. 7000
Beregning 2	4700	2700	6000	1000 nye ved Hovden	Ca. 8000
Beregning 3	4700	2650	6400		Ca. 7000
Beregning 5 *	1600	7400			1600

*beregning 5 er snittinnkrevning, ikke timesregel



Svar på spørsmål





Berekingar etter oppdrag frå SG 12.04.18


- Bomsnitt mellom flyplassen og Ørsta sentrum
- Mogleg finansieringsevne med tre bomsnitt og takst på 25/20 kr og 22/18 kr:
 - Tre bomsnitt gir ÅDT på om lag 10 000 betalande

Takst (2018-kr)	Finansieringsevne (2018-kr) parallell	Finansieringsevne (2018-kr) etterskot
Kr 25 (20 med rabatt)	1,75 mrd. kr	1,45 mrd. kr
Kr 22 (18 med rabatt)	1,6 mrd. kr	1,35 mrd. kr

Utgår grunna flytta bomsnitt til Aasen

Nye berekninger med ny modell

- Ny modell berekner bedre effekt av timesregel, difor vert sum 1. gongs betalende litt lågare enn i førre modell/berekning



	Ny tunnel	Gammel E 39 (Klippa/Furene)	E 39 (Hovden)	Sum nye betalende	Sum betalende (1.gang)
Beregning 1 og 4	4700	2100			Ca. 7000
Beregning 2	4700	2700	6000	1000 nye ved Hovden	Ca. 8000
Beregning 3	4700	2650	6400		Ca. 7000
Beregning 5 *	1600	7400			1600



Berekning 1 og 4

- Bomsnitt på ny tunnelarm i Furene (1), Ekset (2) – Bomsnitt sør for fv. 47. Stenger lokalveier sørover mot Volda som kan gi lekkasje
 - Sum 1. gongs betalende berekna til ca. 7000
- Bomsnitt på ny tunnelarm i Furene (1), Klippa (5)
- Modellen klarer ikkje å berekne forskjell mellom desse to alternativa grunna manglande sonetilnyttingar mellom snitta
- Forskjellen er beregkna manuelt til ca. 130
 - Sum 1. gongs betalende berekna til ca. 7130



Berekning 2

- Bomsnitt på ny tunnelarm i Furene (1), Furene (3) og Aasen i Ørsta (4)
- Bomsnitt i Ørsta flytta etter ønskje frå Ørsta
 - Sum 1. gongs betalande ca. 8000

Berekning 3

- Bomsnitt på på ny tunnelarm i Furene (1) og Furene (3)
 - Sum 1. gongs betalande ca. 7000

Berekning 5

- Bomsnitt KUN på ny tunnelarm i Furene
 - Sum 1. gongs betalande ca. 1600

Finansieringsevne

- Inntekspotensial ved bompengesats 25 kr

Ådt	Parallell mrd. (2018)	Etterskot mrd. (2018)
7000 (Furene+Ekset, Furene+Klippa, Furene+Furene)	1,35	1,15
7500	1,40	1,20
8000 (Furene+Furene+Aasen)	1,45	1,25
9000	1,60	1,35
10000	1,75	1,45
12000	2,00	1,65



Svar på spørsmål frå Volda (april)

- 1) Basispakke 2018 kr
 - Tunnel 1171 mill. kr
 - Flyplasskrysset 75 mill. kr?
 - Rundkøyring Furene 10 mill. kr?
 - Gang- og sykkelveg Åsen–Hovdebygda 35
 - Kollektivtiltak 50?
 - Ørstafjordkryssing og Voldsfjorden 10
- **Totalt 1351 mill. 2018-kr**

- 2.a) Bomsnitt Klippa vs Furene
 - Beregna fyrste gongs passering Klippa/tunnel er 7000 ådt
 - Beregna fyrste gongs passering Furene/tunnel er 7000 ådt
 - Ikkje dei same trafikantane som betaler på Furene og Klippa
 - Større resttrafikk på gamle E39 dersom bom i Furene vs Klippa
- 2.b) Samanheng nytte/betaling
 - Ved å flytte bomsnitt Voldatunnelen til sørenden genereres inntektene frå dei same trafikantane. For å forsvare nytten i Volda sentrum må inntektene genererast frå trafikantane i sentrum
 - Største usikkerheit er alle dei som har nytte som ikkje betaler



- 3.a) Berre innkrevjing i Furene og på tunnelarm
 - Ja, dette er mogleg.
 - Om lag 7000 betalande
 - Takst 25 kr (20 med rabatt)
 - Det kan verte vanskeleg å argumentere for samanheng mellom nytte og betaling i pakken
 - Trafikantar på eksist. E39 og Volda i sentrum har god nytte utan å måtte betale
 - Vanskeleg å argumentere for pakkeløysing grunna innkrevjing på to vegar i samme område og relativt liten andel andre prosjekt enn tunnelen
 - Sannsynlegvis etterskotsinnkrevjing
 - Finansieringsevne om lag 1,15 mrd. 2018-kr derav 0 kr til andre tiltak
 - Hovudregel: Ikkje timesregel utan pakkeløysing.



- 3.b) Betalingsfritak og reduserte takstar
 - Det er ikkje heimel i takstretningslinjene for å gi fritak for bompengebeting for å kome til lokalt servicesenter (butikk, kommuneadministrasjon m.m.).
 - Rammene for fritaks- og rabattordningar er no innskjerpa i forhold til lokale særordningar.
 - Bompengeplasseringa i samferdselspakken bør ikkje basere seg på betalingsfritak

- Mogleg å kombinere differensierte takstar og timesregel?
 - Ja det er mogleg, men utgangspunktet er at dyraste passering innan ein time vert belasta dersom ein passerar bomsnitt med ulike takstar



Kontrollutvalet

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/25	6579/2018	A20	OPP/ PERKON	13.05.2018

STATUS FOR GJENNOMFØRING AV TILRÅDINGAR I FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - TIDLEG INNSATS

Kontrollutvalet i Volda kommune gjorde i sak 10/17 vedtak om eit forvaltningsprosjekt kring tidleg innsats og PPT. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningslinjer med omsyn til å identifisere barn med vanskar og yte spesialpedagogisk hjelp i barnehagar. Vidare at dei kjem tidleg i gong med spesialundervisning/tilrettelagt undervisning i grunnskulen.

Forvaltningsrevisjonsprosjekt *Tidleg innsats* vart handsama i kommunestyret 25.01.2018.

Kommunestyret vedtok at revisjonen sine tilrådingar skulle følgjast, og at rådmannen skal rapportere om status for gjennomføringane av tilrådingane, og evt vidare framdrift. Frist for dette vart sett til 01.06.2018. Kommunestyret ba samstundes om at rådmannen si tilbakemelding vert lagt fram for kommunestyret som orienteringssak.

Innleiingsvis finn rådmannen det rett å kommentere følgjande:

I arbeidet Søre Sunnmøre Kommunerevisjon har gjort, vert det nytta mange omgrep som er sentrale. Det er omgrep som *tidleg innsats*, *tilpassa opplæring*, *systemarbeid*, *individarbeid* og *organisasjonsutvikling*.

Kunnskap, forståing og utøving av praksis innanfor desse områda er ulik. Revisjonen har nytta mange informantar i sitt arbeid, og det kjem ikkje fram korleis informantane forstår desse omgrepa. I utviklingsarbeid ser ein at det er ulik forståing av omgrepa, og at det krev eit eige arbeid å sikre ei mest mogeleg lik forståing av omgrepa.

Sektor for opplæring og oppvekst i Volda kommune inkluderer mellom anna helsestasjonen, barnehagedrift og grunnskuledrift. Revisjonen har medvite halde helsestasjonen utanom arbeidet. Svangerskaps- og barselomsorga, helsestasjonen og skulehelsetenesta har ei viktig rolle når det gjeld tidleg innsats. I tillegg er kommunepsykologen knytt til helsestasjonen. Desse tenestene utgjer ein viktig del av kommunen sitt arbeid knytt til tidleg innsats, og rapporten ville gitt eit betre bilete av kommunen sin samla og samhandlande innsats viss helsestasjonen hadde vore ein del av forvaltningsrevisjonsprosjektet.

PPT si rolle og funksjon har fått mykje merksemd i rapporten. I praksis er det PPT for Volda og Ørsta sitt arbeid som har vorte evaluert. Frå 01.08.2017 vart PPT organisert på ny måte, og Ulstein kommune er no vertskommune for PPT Hareid, Volda, Ulstein og Ørsta.

Stort skulefråvær er ei utfordring også i Voldaskulen. Forsking viser at tidleg og tverrfagleg intervensjon aukar mogelegheita for rask tilbakeføring. Ein nyttar høvet til å orientere kontrollutvalet om at ei tverrfagleg samansett gruppe har revidert tidlegare retningslinjer, og har no klart eit utkast til ein intern rettleiar til bruk i skulane. Det er framleis eit utkast, men rettleiaren vert lagt ved til orientering for kontrollutvalet.

Kommunestyret har vedteke at rådmannen rapporterer attende til kontrollutvalet på følgjande punkt:

1. Volda kommune har lange ventelister i høve tilvisingar til PPT. Det er viktig at det nye PPT straks kjem i gong med handsaming av enkeltsaker.

Visjonen for sektor for opplæring og oppvekst er:

Volda kommune har trygge born og unge som deltek, meistrar og lærer.

I utdjupinga av visjonen heiter det mellom anna:

Dette betyr ikkje berre å høyre til i felleskapet, men også oppleve støtte til å etablere og utvikle venskapsrelasjonar i samhandling med andre, noko som er med å skape grunnleggande tryggleik.

Det er eit uttalt mål at fleire av våre barn og elevar skal få heile sitt tilbod i felleskap med andre i det ordinære og tilpassa tilbodet i barnehagar og skular. I Volda har ein relativt stor del av elevane spesialundervisning. I følgje KOSTRA hadde 9,3 % av elevane spesialundervisning i 2017. Snittet for landet er 7,8 % og i Hornindal kommune er talet 5,4 %.

Desse tala tyder på at vi i Volda har utfordringar med å tilpasse den ordinære opplæringa slik at den kjem i møte elevar ut i frå evner og individuelle behov. Når vi har som mål å gje fleire elevar utbyte av det ordinære og tilpassa tilbodet, må PPT prioritere støtte og rettleiing til skulane med mål om å heve kvaliteten i det ordinære for å inkludere fleire.

I rapporten som *Ekspertgruppe for barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging* la fram i april, vert det nettopp peika på at pedagogisk personale i barnehagar og skular har behov for meir rettleiing og støtte der dei er. Ekspertgruppa foreslår at tiltak må rettast meir mot læringsmiljøet og mindre mot individ.

Tidlegare var det gjerne slik at barnehagen/skulen sendte enkeltsaker utan først å drøfte sakene med PPT, og ein nytta då omgrepet «tilvising». Dette omgrepet er no erstatta med omgrepet «søke bistand» frå PPT.

Før det vert søkt om bistand frå PPT, skal barnehagen og skulen no gjere eit grundig førearbeid. Viss det er grunn til å tru at barnet/eleven ikkje får tilfredsstillande utbyte av det ordinære og tilpassa tilbodet, skal det setjast inn tiltak. Tiltaka skal ha som mål å innfri individuelle behov ut i frå evner og føresetnader og imøtekome alle born/elevar i ein

inkluderande felleskap. I dette arbeidet har styrar/rektor tilbod om tiltaksmøte med PPT for å få støtte på leiarnivå på eit tidleg stadium.

Rutinane kring dette arbeidet kjem fram i vedlegg *Saksgang knytt til spesialundervisning i Volda kommune*.

Når det gjeld sakshandsamingstid vert det i revisjonsrapporten vist til at PPT Volda og Ørsta kunne ha venteliste på opp til 6-7 månader. Oftast har ein rekna tida frå det vart sendt tilvising til det låg føre ei sakkunnig tilråding.

Som vist til over, er det no forventa at barnehagen/skulen gjer eit grundig førearbeid når barnehage/skulen har grunn til å tru at eit barn/elev ikkje får tilfredsstillande utbyte av tilbodet/opplæringa. I dette førearbeidet er det forventa at tiltak vert sett inn, prøvd ut og evaluert. Styrar/rektor har tilbod om støtte og rettleiing frå PPT i dette arbeidet. Det er først når ein konkluderer med at tiltak og styrking av det ordinære og tilpassa tilbodet ikkje bidreg til tilfredsstillande utbyte for barnet/eleven at PPT gjer nærare undersøkingar, utgreiingar og evt skriv sakkunnig tilråding. Her vil ein med andre ord kunne oppleve at det går noko tid frå barnehagen/skulen uroar seg for utbytet til barnet/eleven, til det ligg føre ei sakkunnig tilråding. Likevel har barnehagen/skulen arbeidd med saka, ofte med støtte og rettleiing frå PPT.

Viss ein er grundige og tolmodige i denne fasen, kan resultatet bli at barnet/eleven får tilfredsstillande utbyte i det ordinære og tilpassa tilbodet i felleskap med andre i staden for spesialpedagogiske tiltak utanfor fellesskapen.

I Voldabarnhagen har ein nådd målet om 50 % pedagogtettleik, og det er tilsett ein spesialpedagogisk koordinator. Ein har forventningar til at desse tiltaka skal styrke det ordinære tilbodet i barnehagane. Gode barnehagar gir god utvikling for alle born.

Det er utarbeidd eigen informasjon om støttetiltak i barnehagane som er lagt ved.

Ein ynskjer med andre ord å unngå det professor Peder Haug skildrar i ein artikkel i *Synsrand 1/18 (magasin om forskning og utvikling)*:

Dei som får spesialundervisning har gått gjennom ein prosess som påverkar både dei og omgjevnadene deira. Først vert det slått fast at vedkomande elev ikkje fungerer tilfredsstillande i skulen. Så må han eller ho gjennom ei sakkyndig utredning i PPT-regi. Til slutt skal skulen vedta og sette i verk eigna tiltak. Denne prosessen gjer at elevane vert definerte som annleis. Det igjen gjer at omgjevnadene, inkludert lærarar, får mindre forventningar til dei. Følgja av det er at elevane sjølve også får redusert eigne forventningar og ambisjonar til seg sjølve.

Det vil alltid vere born/elevar som har behov for og rett til spesialpedagogisk hjelp. For desse borna/elevane skal det utarbeidast sakkunnige tilrådingar. Medan PPT arbeider med desse sakene, vil barnehagen/skulen halde fram arbeidet med å gje barnet/eleven tilfredsstillande utbyte av det ordinære og tilpassa tilbodet. Slik sett skal det ikkje vere ventelister i barnehagane og skulane i Volda.

Den nye PP-tenesta, som Volda er ein del av, er i ein krevjande omstillingsprosess. Frå 01.08.2017 vart den meir enn dobla i storleik, noko som i seg sjølv set krav til intern

organisasjonsutvikling. Samstundes skal tenesta vere ein viktig faktor i den endringa som er naudsynt for at det ordinære og tilpassa tilbodet i barnehagar og skular inkluderer fleire av borna/elevane.

I rapporten til *Ekspertgruppe for barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging* heiter det avslutningsvis:

I bunn og grunn handler måten vi møter barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging på om hvilket samfunn vi ønsker i fremtiden. Et inkluderende og demokratisk samfunn kan kun realiseres om barnehager og skoler fungerer som inkluderende og demokratiske institusjoner.

2. PPT har siste åra i svært liten grad gjennomført systemretta og førebyggjande arbeid ute på einingane. PPT bør støtte barnehagane og skulane i kommunen med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for barn og unge med særlege behov.

Det er framleis slik at hovuddelen av dei førspurnadene PPT får rettar seg mot enkeltindivid, og då gjerne med ynskje om utgreiing av barnet/eleven sine vanskar. Som det er gjort greie for lenger oppe, er målet no at PPT i større grad skal sjå på dei omliggande faktorane kring barnet/eleven: Læringsmiljø, leing og kompetanse i det ordinære tilbodet.

Kommunalleiarane for barnehage og skule i Hareid, Volda, Ulstein og Ørsta har bede PPT prioritere kompetanseheving/organisasjonsutvikling og endringsleing. Dette med bakgrunn i målet om å inkludere fleire born/elevlar i felleskap med andre i det ordinære tilbodet.

Dette er ei endring der fokus til ei viss grad vert flytta frå enkeltindivid og over til barnehage –og skulekulturen, læringsmiljøet og andre omliggande faktorar kring enkeltindivid.

I 2017 vart kvar femte krone brukt til spesialundervisning i voldaskulen. Det er ein målsetnad å vri ressursbruken frå det spesielle og over til styrking av det ordinære og tilpassa. Dette for å betre kvaliteten på det ordinære og tilpassa opplæringstilbodet slik at fleire av elevane som i dag har spesialundervisning får tilfredsstillande utbyte av det ordinære og saman med gruppa han/ho er ein del av.

3. Kommunen skal i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærarar i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule

Volda kommune har ein eigen rutine som gjeld overgang mellom barnehage og skule. Som revisjonen også fekk tilbakemelding om, er dette ein rutine som vert nytta aktivt av barnehagane og skulane, og det sikrar ein god overgang. *(vedlegg)*

Revisjonen peikar på at kommunen bør vurdere om komande kontaktlærarar skal delta i førskuleaktivitetane og i overføringssamtalane mellom einingane.

På skuleleiarmøte 9. mai 2018 ba oppvekstsjefen om ei tilbakemelding frå skulane om kva praksis som er gjeldande i dag med omsyn til komande kontaktlærar si rolle i overgangsarbeidet, og om rutinane våre bør reviderast for å ta det inn som eit punkt. Sidan det ikkje er ein del av rutinen, er praksis i dag ulik mellom skulane.

Ved Austefjord, Folkestad og Dalsfjord skular er det allereie innarbeidd tett kontakt mellom skulen og barnehagen, og komande 1. klassingar er til vanleg kjent med kontaktlærar som har delteke i overgangsaktivitetar. Skulane har berre ein barnehage å forhalde seg til, og dette gjer overgangsarbeidet mindre krevjande enn for sentrumsskulane, som får elevar frå mange barnehagar.

På det/dei tidspunkta ein har overgangsaktivitetar, er det ikkje alltid klart kven som skal vere kontaktlærar i 1. klassene. Andre gongar er det vanskeleg å frigjere komande kontaktlærarar frå oppgåvene sine for at dei skal kunne ta del i overgangsaktivitetar. Likevel er det fleire av skulane som kan melde at komande kontaktlærarar har delteke i overgangsaktivitetar. Så sant det ikkje er noko til hinder for det, er det eit ynskje frå alle skulane.

Nettopp sidan det ikkje alltid let seg gjere utan vesentleg ulempe eller fordi det ikkje er klart kven som skal vere kontaktlærar, rår oppvekstsjefen til at det ikkje vert gjort endringar i rutinen og innføre det som eit forpliktande punkt. Det er likevel forventa at komande kontaktlærar vert involvert i overgangsaktivitetar viss det ikkje er til hinder for drifta elles.

4. Kommunen skal sikre at kunnskap og kompetanse opparbeida i samband med «Voldaprojektet» vert nytta og vidare styrka i barnehagane og i tillegg vidareført til skulane i kommunen.

Voldaprojektet har som overordna mål å gje tilsette i barnehagane auka kunnskap om psykisk helse hjå barn i barnehagealder. Dette er også eit forskingsprosjekt. Som revisjonen har fått tilbakemelding om, er dette eit prosjekt barnehagane har opplevd som eit konkret og godt tiltak knytt til tidleg innsats. Kunnskapen og ferdigheitene som er opparbeidd gjennom prosjektperioden vert nytta, og mykje av vidare kompetanseheving mellom dei tilsette vil bygge på dette.

Hausten 2018 er det planlagt opplæring/kursing i *COS I barnehagane*. Dette har som mål å inspirere barnehagepersonalet til å ta eit varmt grep om rolla som omsorgspersonar ved at dei blir medvitne ein omsorgsstil som er ivaretakande overfor borna sine sosial og emosjonelle behov. Det er også planlagt kursdag i *Psykologisk førstehjelp*, som har som formål å stimulere born sitt medvit kring tankar og kjensler.

Skulane har merksemd mot psykisk helse mellom elevane, og det er innført ulike program i skulen:

- 1.-4. klasse Zippys Venner
- 5.-7. klasse Smart oppvekst
- 8.-10. klasse Alle har en psykisk helse.

Det er lagt ned mykje arbeid i å sikre gode rutinar kring overgangen mellom barnehage og skule, og overføring av kunnskap om arbeidet kring psykisk helse er viktig. Gode fora for overføring av kunnskap er barnehage- og skuleleiar møta.

På skuleleiar møte i januar 2018 fekk skuleleiarane informasjon om Voldaprojektet frå fagkonsulent barnehage, som er prosjektleder og sit i styringsgruppa for projektet.

I februar 2018 var alle leiarane i sektoren samla i Loen. Der vart det gjennom praksisforteljingar også overført kunnskap og røynsle frå Voldaprojektet.

Til liks med revisjonen, ser ein det som viktig å informere om viktige satsningsområde mellom barnehage og skule.

Det vert sett som formålstenleg at det blir lagt til rette for at skuleleiarane får meir informasjon om Voldaprojektet.

5. Kommunen skal vurdere korleis det tverrfaglege ressursteamet skal fungere og korleis ein kan få meir utbytte av det. Dette bør også sjåast i samanheng, og koordinerast med det nye PPT då dei vil ha ein sentral plass her.

I møte 08.03.18 og 26.04.18 har ressursteamet si form og funksjon vorte evaluert. På møta deltok helsesøstre, kommunepsykolog, barneverntenesta, PPT og oppvekstsjef.

Etter møta vart det konkludert med at ein ynskjer framhald av ressursteamet, men med mindre endringar.

Referat frå møta ligg ved.

6. Kommunen skal utarbeide felles rutinar i barnehagesektoren knytt til førskulearbeidet og sosial kompetanse. Dette arbeidet bør ta utgangspunkt i kommunen sin kvalitetsplan for oppvekstsektoren.

Revisjonen skriv i sin rapport:

Store forskjellar i sosial kompetanse mellom elevane som skal starte i 1. klasse kan vere ei utfordring for sentrumsskulane. Kommunen bør derfor utarbeide felles rutinar i barnehagesektoren knytt til førskulearbeidet og sosial kompetanse.

Rammeplanen, som skildrar barnehagen sitt innhald og oppgåver, har eit eige punkt som omhandlar danning. Rammeplanen konkretiserer vidare kva personalet skal gjere for at barnehagen skal fremje danning.

Volda kommune har i tillegg ei informasjonsbrosjyre, *Frå eldst til yngst*, som skildrar kva det vert arbeidd særskilt med for dei eldst borna i barnehagane. Både kommunale og private barnehagar deltok i utarbeidinga av denne brosjyren, og for den enkelte barnehage er det rett å sjå på det som er skildra i brosjyren som retningsgivande for arbeidet med sosial kompetanse mellom borna.

I barnehagen har ein/skal ein ha merksemd på følgjande:

- ✓ Ta kontakt med andre på ein positiv måte
- ✓ Vere del av eit felleskap
- ✓ Ta omsyn og vise omsorg
- ✓ Samhandle med andre
- ✓ Lære seg å handtere kjensler
- ✓ Vere sosialt aktiv utan å trykkje andre ned
- ✓ Vise akseptable kjensleuttrykk i forhold til sinne, usikkerheit og frustrasjon
- ✓ Hevde eigne synspunkt og akseptere andre sine
- ✓ Kunne tape og vinne i leik

Det vert også skildra ei rekke punkt kring det som gjeld konsentrasjon.

Oppvekstsjefen vil gjere alle barnehagane kjende med revisjonen sitt funn og tilråding. Oppvekstsjefen si vurdering er at det gjennom rammeplan og kommunen sine eigne skildringar av forventa sosial kompetanse mellom komande 1. klassingar er utarbeidd tilstrekkelege og gode nok rammeverk for barnehagane å arbeide etter.

Med helsing

Rune Sjugard
rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

1. Når fråvær uroar oss – ein intern rettleiar
2. Saksgang knytt til spesialundervisning i Volda kommune
3. Rutinar for overgang barnehage – skule
4. Referat frå evalueringsmøte kring Ressursteamet
5. Frå eldst til yngst – samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule
6. Informasjon om støttetiltak i barnehagar



UTKAST PR 12.05.2018

Når fråvær uroar oss



- **Ein intern rettleiar for skulane i Volda kommune**



Bakgrunn

Kapittel 9A. Elevane sitt skulemiljø

§ 9A-1. Generelle krav

Alle elevar i grunnskular og vidaregåande skular har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Aktivitetsplikta til skulen er delt i fem handlingsplikter. Aktivitetsplikta omfattar alle vaksne som har sitt virke i skulen. Handlingspliktene er følgende:

- 1) Plikt til å følge med
- 2) Plikt til å gripe inn
- 3) Plikt til å varsle ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø
- 4) Plikt til å undersøke
- 5) Plikt til å setje inn eigna tiltak

Stort skulefråvær er ein problematikk som kan få alvorlege konsekvensar for elevar og familiane deira. Ikkje berre fører fråværet til at eleven går glipp av fagleg kunnskap, men det fører også til at eleven mister verdifull sosial trening og tilhøyra i jamnaldersgruppa. Fråvær frå skule og opplæring kan på lang sikt redusere elevar si moglegheit til å bli ein aktiv og produktiv deltakar i samfunnet.

Årsakene til skulefråværet er ofte samansette og svært kompliserte, der fleire ulike faktorar påverkar kvarandre gjensidig. Intervensjon og tiltak bør difor vere basert på ei grundig kartlegging av eleven sitt skulemiljø, eleven og eleven si familie og deira hjelpebehov.

Forsking viser at tidlig og tverrfaglig intervensjon aukar moglegheita for raskt tilbakeføring. Skulen er en sentral aktør i arbeidet rundt urovekkande skulefråvær, både i forhold til enkeltelevar og i det førebyggjande arbeidet. Fordi nettopp tverrfaglig intervensjon er så viktig i dette arbeidet, har vi arbeida tverrfagleg for å utarbeide denne interne rettleiaren. Gruppa har vore samansett av kontaktlærar, helsesøster, kommunepsykolog, miljøarbeidar, miljøterapeut og assisterande oppvekstsjef.



Definisjonar

Udokumentert frávær:

1. Alt frávær som føresette ikkje har meldt frå om.
2. Alt frávær, unntatt meldt sjukefrávær, som skulen ikkje har gitt eleven permisjon for, altså ugyldig frávær.

Urovekkande frávær:

Dersom ein elev har udokumentert frávær frå ein enkelttime eller ein dag, skal kontaktlærer ha samtale med eleven og ringe heim for å informere om det udokumenterte fráværet. Dette skal gjerast snarast råd, seinast innan tre dagar.

Trinn 1 i «trinnplan for oppfølging av urovekkande skulefrávær» skal gjennomførast dersom:

1. eleven kjem for seint 3 gongar på ein månad – uavhengig av om fráværet er dokumentert eller ikkje.
2. eleven har frávær utan permisjon frå 3 enkeltdagar i løpet av ein månad – uavhengig av om fráværet er dokumentert eller ikkje.
3. eleven har frávær utan permisjon over 10 dagar innanfor same semester uavhengig av om fráværet er dokumentert eller ikkje.



Retningslinjer ved fråvær

Rektor sitt ansvar - informasjon om retningslinjer og handtering av urovekkande elevfråvær

1. Sørge for at skulen sine retningslinjer om fråvær er nedfelt i skulen sitt ordensreglement og gjort kjent blant dei tilsette på skulen, elevane og føresette. Dette gjeld spesielt dei føresette si plikt til å melde frå om fråvær og ordensreglement og vurdering med karakter - jf. Forskrift til opplæringsloven § 3-5 og 4-3.
2. Sørge for at fråværsregistreringa vert fylgt opp, dersom kontaktlærer er fråverande ei veke eller meir.
3. Følgje opp arbeidet med urovekkande fråvær, gjennom t. d å delta i interne drøftingar.

Føring og oppfølging av fråvær

1. Alle lærarar skal registrere alt fråvær kvar dag, både dokumentert og udokumentert fråvær.
2. Kontaktlærer skal ha kontinuerlig oversikt over fråvær og ein gjennomgang saman med interne samarbeidspartar kvar 4. veke.
3. Kontaktlærer skal kontakte føresette snarast mogleg ved udokumentert fråvær (innan tre dagar etter fråværet).
4. Informere leiinga på skulen om urovekkande fråvær (snarast mogleg).

Føresette sitt ansvar – melding om fråvær og samarbeid om elevane sitt fråvær

- Planlagt fråvær skal meldast til skulen i forkant av fråværet. Dette gjeld også om eleven, til dømes, ikkje kan vere med i kroppsøving.
- Kontakte skulen – helst same dag, seinast innan tredje fråværsdag – ved alle typar fråvær, også timefråvær.
- Kontakte skulen dersom eleven vegrar seg mot å gå på skulen.
- Samarbeide aktivt med skulen om oppfølging av fråvær/urovekkande fråvær.



Trinnplan for oppfølging av urovekkende skulefråvær

<p>Trinn 1 Eleven har urovekkende fråvær</p> <hr/> <p>ANSVAR: Kontaktlærer Sjå definisjon på urovekkende fråvær pkt. 1., 2., og 3.</p> <p>INFORMASJON Kontaktlærer informerer leiinga om fråværet og det vidare arbeidet.</p> <p>SAMTALE OG KARTLEGGING Kontaktlærer skildrar eleven sin skulesituasjon og har samtalar med eleven og føresette snarleg. (Vedlegg 1 del A og B + skjema 1 i OAP)</p> <p>Skulen kan gjennomføre kartlegging av eleven sitt psykososiale miljø/læringsmiljø ved behov. Den ikkje – anonyme mobbeundersøkinga, Spekter, er eit godt verktøy.</p> <p>Samarbeidsavtale utarbeidast med klar frist for evaluering. (Vedlegg 2 + skjema 2 i OAP)</p> <p>TILTAK Tiltak skal settast i verk i samsvar med samarbeidsavtalen.</p> <p>TIDSPERSPEKTIV: <u>Tiltak prøvst ut i inntil 2 veker</u></p> <p><u>Tiltaka skal evaluerast og det skal kome fram i evalueringa om tiltaka fungerte eller om ein går vidare til trinn 2 i Trinnplanen.</u></p>	<p>Trinn 2 Framleis uro for eleven</p> <hr/> <p>ANSVAR: Rektor</p> <p>Dersom tiltaka ikkje har ønska effekt:</p> <p>MØTE</p> <ul style="list-style-type: none">• Skulen kallar inn føresette og ev. eleven til møte innan 1 veke.• Kontaktlærer, rektor og ev. helsesøster/miljøterapeut/miljøarbeidar deltek.• Ein gjennomgang av fråværet og tiltaka som er sette i verk.• Avklaring om saka skal vidare til Ressursteamet eller andre Hjelpeinstansar og kven som opprettar Kontakt med aktuelle instansar. (BUP, barnevernsteneste, PPT, foreldrerettileiar, kommunepsykolog)• Dersom saka skal vidare til Ressursteamet skal vedlegg 1, 2 og 3 leggst ved saka. Dette må avklarast med dei føresette. <p><u>Tidsperspektiv: I løpet av 1 veke</u></p>	<p>Trinn 3 Tverrfagleg samarbeidsmøte</p> <hr/> <p>ANSVAR: Rektor</p> <p>MØTE Rektor kallar inn aktuelle hjelpeinstansar, føresette og ev. eleven til samarbeidsmøte i løpet av 2 veker etter kontakt er etablert med andre hjelpeinstansar.</p> <p>På første møte gjennomførast ei systematisk kartlegging av ressursar og hjelpebehov Det utarbeidast tiltak på bakgrunn av kartlegginga.</p> <p><u>Ansvar for oppfølging av tiltaka fordelast på dei ulike deltakarane i gruppa.</u> <u>Ansvarsfordelinga skal kome tydeleg fram i møtereferatet.</u></p> <p>VIDARE MØTE</p> <p>Avtalast frå gong til gong</p> <p>BEHOV FOR ANNAN BISTAND Eventuelt behov for bistand frå andre instansar/tenester vurderast fortløpande</p> <p>Eleven/ foreldre skal ha oppfølging gjennom heile prosessen ved å ha samtalar med kontaktlærer, helsesøster, miljøarbeidar/terapeut, foreldrerettileiar eller andre.</p>
---	---	--



Vedlegg 1

STØTTE til arbeidet med SKJEMA 1 (i OAP): *NÅR FRÅVÆR UROAR*

DEL A: Lærer si skildring av eleven sin skulesituasjon

Tenk igjennom og fyll ut det som er aktuelt på dei 9 punkta for å konkretisere den aktuelle situasjonen best mogleg (jamfør målet med denne rettleieren).

DEL B: Kartlegging gjennom samtale med eleven

Tips til oppstart av samtalen:

- Å snakke om fråvær kan vere vanskeleg for eleven. Bruk difor tid i oppstarten av samtalen til å etablere ein trygg og open dialog utan konfrontasjon.
- Informer om at føremålet med samtalen er di uro for eleven sitt skulefråvær og at målsettinga er å hjelpe eleven til å vere på skulen. Det kan også informerast om at framgangsmåten er i tråd med skulen sine retningslinjer (jfr. Trinnplanen).
- Informer eleven om at det er gjennomført en foreldresamtale og gi en kort oppsummering av innholdet i denne samtalen.

Innhaldet i samtalen:

- 1. Undersøk eleven si oppleving av skuledagen. For dei yngre elevane er det viktig å vere så konkret som mogleg. Bruk gjerne timeplanen som utgangspunkt for å skildre skuledagen. (skriv i felt for fritekst i skjemaet)**

Døme på tema/formuleringar:

- Kva for situasjonar og aktivitetar på skulen likar du?
- Er det situasjonar eller aktivitetar du opplever som vanskeleg?
- Kven av dei vaksne likar du å vere saman med?
- Er det nokre vaksne du syns det er vanskeleg å vere saman med?



2. Undersøk eleven sitt sosiale nettverk og relasjonar til barn på same alder både på skule og i fritid. (skriv i felt for fritekst i skjemaet)

Døme på tema/formuleringar:

- Korleis har du det på skulevegen? Og har du nokon å gå saman med til og frå skulen?
- Korleis trivast du i friminutta og i timane?
- Kven er du saman med på skulen?
- Opplever du at andre ønsker å vere saman med deg?
- Har du opplevd å bli plaga eller mobba?

3. Undersøk eleven sine aktivitetar i skuletida og når eleven ikkje er på skolen. (skriv i felt for fritekst i skjemaet)

Døme på tema/formuleringar:

- Kva gjer du når du er heime frå skulen?
- Var det nokon som forsøkte å hjelpe deg med å kome på skulen?
- Er det nokon heime saman med deg når du ikkje er på skulen?

4. Undersøk eleven sine egne opplevingar av skulefråvær, og eigen vurdering av behov for støtte (skriv i felt for fritekst i skjemaet).

Døme på tema/formuleringar:

- Er det noko du skulle ønske var annleis og som ville gjere det lettare for deg å møte på skulen?
- Kva kan eg gjere for at det skal bli lettare for deg å vere på skulen?
- Kva kan mamma, pappa eller eventuelt andre gjere for at det skal bli lettare for deg å møte på skulen?
- Kva kan du gjere?
- Er det noko som har skjedd eller er det noko du er bekymra for utanfor skuletid?

